




# KOMMUNEDELPLAN FOR TIDLEGARE VOLDA KOMMUNE

## PLANOMTALE

2. høyringsutkast etter vedtak i formannskapet 08.12.2020.  
Saknr. 251/20. Rev. 27.11.2020



# FORORD VED ORDFØRAREN

(dato)  
Sølvi Dimmen  
Ordførar



(Biletetekst) Foto: xxx

# 1 INNHALD

	Forord ved ordføreren	s. 2
1	INNHALD	s. 3
2	BAKGRUNN	s. 4
2.1	Kva er ein kommuneplan?	s. 4
2.2	Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune	s. 4
2.3	Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventingar	s. 5
2.4	Organisering, prosess og medverknad	s. 6
3	HOVUDTEMA - AREALSTRATEGIAR OG BEHOV	s. 8
3.1	Sentrumsutvikling og senterstruktur	s. 8
3.2	Busetting	s. 14
3.3	Offentlege og allmenne formål	s. 19
3.4	Fritidsbusetnad, setrar og naust	s. 23
3.5	Landbruk og næringsliv	s. 24
3.6	Transport og kommunikasjon	s. 29
3.7	Grønstruktur, friluftsliv og kultur	s. 31
3.8	Gjennomgåande perspektiv	s. 34
4	ROS OG KONSEKVENSGREIING	s. 36
4.1	Risiko og sårbarheit (ROS)	s. 36
4.2	Konsekvensutgreiing	s. 37
5	OM PLANFRAMLEGGET	s. 38
5.1	Bebyggelse og anlegg (pbl §11-7 nr. 1)	s. 38
5.2	Samferdsel og teknisk infrastruktur (pbl §11-7 nr. 2)	s. 44
5.3	Grønnstruktur (pbl §11-7 nr. 3)	s. 46
5.4	Landbruks-, natur og friluftslivsmål (pbl §11-7 nr. 5)	s. 47
5.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner (pbl §11-7 nr. 6)	s. 48
5.6	Omsynssoner	s. 49
5.6.1	Sikrings-, støy- og faresoner	s. 49
5.6.2	Sone med særlege omsyn	s. 50
5.6.3	Sone for bandlegging	s. 51
5.6.4	Krav om felles planlegging	s. 51
5.6.5	Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde.	s. 51
5.6.6	Føresegningsområde	s. 52
6	VERKNADER AV PLANEN	s. 53
6.1	Samla verknader av planen	s. 53
6.2	Oppsummering hovudtema	s. 56
7	PLANDOKUMENT/VEDLEGG	s. 60

# 2 BAKGRUNN

## 2.1 Kva er ein kommunedelplan?

### I plan og bygningslova § 11-1 står det at:

“Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn. Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.”

I føremålsparagrafen § 1-1 i plan- og bygningslova står det at: “Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser. Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig. Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives. Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.”

## 2.2 Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune

Siste samla arealdel for tidlegare Volda kommune vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar for mindre område. Arealdelen frå 1990 og dei fleste kommunedelplanane var av eldre karakter. Det var behov for ein oppdatering av plandokument, ein ny gjennomgang av arealbruken og samle kommunedelplanane i ein felles arealdel for heile kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2012–2015 vart det vedteke at kommunen skulle gjennomføre ei fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Volda kommune sin samfunnsdel (2016–2028) vart vedteken av Volda kommunestyre 26.5.2016. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retningar

og føringar for kommunen sin samla utvikling, og inneheld føringar for utarbeiding av kommunedelplanen.

Da arbeidet med denne planen starta i 2016 skulle den vere ein revisjon av kommuneplanen sin arealdel for heile Volda kommune. Formålet var å legge til rette for å nå målsettingane vedteke i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt styringsverktøy for bruk og vern av areal, og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa og rammar og betingelsar for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

1.1.2020 slo Hornindal og Volda kommunar seg saman, og det vart gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at Bjørke og Viddal også er med i den nye kommunen. Etter samanslåinga er ikkje denne planen lenger ein arealdel for heile kommunen, men ein kommunedelplan for arealet i tidlegare Volda kommune. I planprogram, saksdokument, utgreiingar o.a. produsert før kommunesamanslåinga vert planen kalla kommuneplanen sin arealdel. Etter samanslåinga har planen skifta namn til Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune.

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar plankart, føresegner og planomtale. Planområdet er 548 km<sup>2</sup>, og omfattar både land- og sjøarealet til tidlegare Volda kommune.



Planområdet: Arealet til tidlegare Volda kommune.

## 2.3 Nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar

I planprogrammet er det gjort greie for sentrale nasjonale, regionale og lokale føringar og forventningar til planarbeidet.

Nokre viktige føringar:

- Lovar og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017–2020
- Regional planstrategi 2016–2020
- Regionale delplanar
- Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016–2020
- Kommunedelplanar og fagplanar
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kapittel 3 vert det vist til nokre av dei mest relevante dokumenta, med lenker.

### Arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

I samband med dei ulike tema i kommuneplanarbeidet er det utarbeidd og nytta ei rekke arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument som grunnlag for planen. Dei ulike dokumenta er lista opp under kvart tema i kapittel 3 (med lenker). Dokumenta er også tilgjengelege på kommunen si heimeside.

### Kommunereform

Hornindal og Volda kommunar slo seg saman 1.1.2020. Samtidig vart det gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at Bjørke og Viddal også er med i den nye kommunen. Som følgje av dette kan det vere behov for endring av tenestestruktur og behov for felles strategi for arealbruk. Volda kommune har frå før eit utstrekt samarbeid med Ørsta kommune og det kan vere aktuelt med felles strategiar og planar for arealbruk i grenseområda mellom Volda og Ørsta.

I kommunal planstrategi for Volda kommune 2012–2015 vart det lagt opp til å samle alle kommunedelplanane i ein samla arealdel. Det har vore prioritert i dette arbeidet. Kva planar Volda kommune skal arbeide med framover, og eventuelle samarbeid med andre kommunar, vil gå fram av neste planstrategi.



SUNNE KOMMUNER

WHO's NORSKE NETTVERK

### Sunne kommuner

Volda kommune er medlem av Sunne kommuner – WHO's norske nettverk. Sunne kommuner arbeidar lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lokalsamfunn det er godt, sunt og trygt å leve i. Som medlem av Sunne kommuner har Volda formulert fylgjande hovudmål og retningslinjer for kommunen:

Hovudmål:

Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebygge sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald.

Retningslinjer:

- Stimulere til helsefremjande tenking innan all offentleg og privat verksemd, og vektlegge oppgåveløysingar av førebyggjande karakter.
- Skape ein kontinuerleg prosess som mobiliserer innbyggjarane i kommunen til felles innsats for eit berekraftig samfunn.
- Utvikle arenaer i kommunen som utløyser frivillig innsats.
- I samarbeid med innbyggjarane arbeide for å skape positive og trygge oppvekst- og nærmiljø.
- Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid blant barn og unge og integrering av vanskelegstilte.
- Fremje heilskapleg tenking gjennom tverretatleg og tverrsektorielt samarbeid i kommunale planar og tiltak.
- Skape helse- og miljøfremjande prosessar gjennom utviklingsarbeid i kommunal regi.
- Fastsetje administrative rutiner for konsekvensvurdering for helse- og miljø i ulike tiltak som vert iverksett i kommunen.

## 2.4 Organisering, prosess og medverknad

### Organisering

Arbeidet med kommunedelplanen har vore leia av planleggar frå sektor for utvikling. Ei prosjektgruppe frå administrasjonen har hatt ansvar for den praktiske gjennomføringa av arbeidet. Rådmannen si leiargruppe, planmøtet og dei ulike sektorane i kommunen har vore nytta som administrativ arbeids- og ressursgruppe. Formannskapet har vore politisk rådslagningsgruppe og har jamleg hatt kommunedelplanen som tema på formannskapsmøta. Kommunestyret har vore involvert i utvalte tema.

### Høyring og offentleg ettersyn

Planprogrammet til kommunedelplanen vart sendt ut på høyring og offentleg ettersyn hausten 2016, og vedteke av kommunestyret 15.12.2016. Fyrste planutkast vart sendt på høyring og offentleg ettersyn 11.06.2019. Informasjon om kommuneplanarbeidet har undervegs i prosessen vore publisert på heimesida til kommunen, på Volda kommune si facebookside og i lokalavisa Møre.

### Involvering og møteverksemd

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart det lagt opp til ein breid medverknadsprosess. Dette arbeidet har også vore nytta aktivt som grunnlag for kommunedelplanen.

Både i høyringsperioden for planprogrammet, og i høyringsperioden for 1. høyringsutkast, vart det arrangert møter på bygdene for å informere og samle innspel til planen. Publikum og andre har vore invitert til å kome med innspel, mellom anna gjennom annonser i lokalavisene og informasjon på kommunen si heimeside. Prosjektgruppa har hatt fleire "opne kontordagar".

Det har vore tre møter i regionalt planforum undervegs i prosessen, der statlege og regionale organer har delteke (m.a. Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, Kystverket, NVE og Statens vegvesen). Planprogrammet var hovudtema på møtet 28.09.16, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokumenta var hovudtema 31.01.18, og plandokument og utkast til planen var hovudtema 24.10.18.

I 1. høyringsperiode varsla Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune og NVE motsegn til planen. 25.06.2020 vart det gjennomført eit arbeids-/drøftingsmøte med høyringsinstansane for å gå gjennom motsegna.

I perioden med utarbeiding av framlegg til ny arealdel har det vore gjennomført fleire temamøter for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktørar. Nokre utvalte temamøter:

- Tema: Senterstruktur og funksjonsfordeling (inkl. bustadbehov og -strategiar). Kommunestyret vart innkalla, men møtet var opent for alle, og grunn- og huseigarar, næringsliv, studentar og andre vart også invitert. Foredrag frå ulike aktørar og diskusjon i arbeidsgrupper.
- Tema: Havbruk. Møte med næringa, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet og Fylkeskommunen. Orientering om planarbeidet og innspel til planen.
- Tema: Råstoffutvinning. Fleire møter med næringsaktørar i Ørsta og Volda og Teknisk sektor. Orientering om planarbeidet og innspel til planen.
- Tema: Næringsliv, senterstruktur og bustadbehov. Dialogmøte/lunsjmøte med Volda Næringsforum, der m.a. næringsliv, bygg- og anleggsbransjen og eigedomsutviklarar var representert. Orientering om planarbeidet og grunnlagsdokument. Oppmoding om å kome med innspel til planen.
- Tema: Offentleg og privat tenesteyting. Møte med Høgskulen, Studentsamskipnaden, Sunnmøre Kultur næringshage, Statsbygg, Volda Campus Arena, Helse Møre og Romsdal, Volda vgs., Fylkeskommunen, Statens vegvesen og Ørsta kommune. Orientering om planarbeidet, presentasjon av ulike utviklingsplanar og innspel til planarbeidet.


### Arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument

Som del av kommuneplanarbeidet har det vore arbeid med arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument for ulike tema. Det har vore nytta ulike medverknadsmetodar i samband med utarbeiding av dei ulike dokumenta, med mål om å sikre brei deltaking i prosessen. Nokre av dokumenta med involverte aktørar er lista opp her:

- [Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda](#). Involverte aktørar: kommunestyret, grunn- og huseigarar, næringsliv, studentar og andre. Ope temamøte, fleire møter i formannskapet, innspel frå regionalt planforum. Vedtak formannskapet 12.12.17.
- [Bygningssmiljø og estetisk rettleiar](#). Involverte aktørar: Fylkeskommunen (kulturvernseksjonen), lokalhistorikarar, prosjektgruppa for kulturminneplanen, einskildpersonar, forvaltningsstyret, formannskapet og kommunestyret. Dokumentet har vore på høyring. Vedtak kommunestyret 26.04.18.
- [Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum](#). Involverte aktørar: kommunestyret, grunn- og huseigarar, næringsliv, studentar og andre. Ope temamøte,

- fleire møter i formannskapet, innspel frå regionalt planforum. Vedtak formannskapet 16.01.18.
- **Hovudplan vatn og avløp.** Administrativ prosjektgruppe. Dokumentet har vore på høyring. Vedtak kommunestyret 22.03.18.
  - **Rettleiar for leike- og aktivitetsområde.** Involverte aktørar: barnehage- og skuleborn, barne- og ungdomsrepresentant, folkehelsekoordinator, sektor for Opplæring og oppvekst, planforum Søre Sunnmøre, Høgskulen i Volda, ungdomsrådet, forvaltningsrådet, eldrerådet, formannskapet. Dokumentet har vore på høyring. Vedtak kommunestyret 14.02.19.
  - **Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda.** Administrativ prosjektgruppe. Orientering formannskapet.
  - **Kartlegging av nærturterreng nytta av barnehagane.** Involverte aktørar: styrarane i barnehagane i kommunen.
  - **Behovsanalyse offentleg og privat tenesteyting.** Involverte aktørar: Sektor for Opplæring og oppvekst, sektor for Helse og omsorg, Teknisk sektor, Helse Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda, Statsbygg, Studentsamskipnaden, Volda kyrkjelege fellesråd, Møre og Romsdal fylkeskommune m.fl. E-post-korrespomdanse, møteverksemd, temamøte på Høgskulen.
  - **Kjerneområde landbruk.** Involverte aktørar: landbruksavdelinga, sektor for Utvikling, bonde- og småbrukarlaget, bondelaga i kommunen, grendalaga. Dokumentet har vore på høyring. Vedtak forvaltningsutvalet 06.02.18.
  - **Verdifulle sætremiljø.** Administrativ arbeidsgruppe.
  - **Barnetrakk Volda.** Involverte aktørar: skuleborn frå Bratteberg, Vikebygda, Øyra og Volda ungdomsskule.
  - **Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune.** Involverte aktørar: friluftsföreininga, grendalag, ressurspersonar. Dokumentet har vore på høyring.
  - **Kommunedelplan for kulturminne.** Involverte aktørar: lokale lag og organisasjonar, grendalag, ressurspersonar. Dokumentet har vore på høyring. Vedtak kommunestyret 01.03.18.

Arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokumenta er tilgjengelege på kommunen si heimeside: [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)



# 3 HOVUDTEMA - AREALSTRATEGIAR OG BEHOV

Visjonen "Volda for alle" er vidarført frå samfunnsdelen for arbeidet med kommunedelplanen. Folkehelse, Klima og miljø og Barn og unge er gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema. Samfunnsdelen gir dei overordna føringane for den framtidige arealforvaltninga i kommunen og inneheld mål og strategiar innanfor åtte hovudtema; attraktivitet, busetting, Volda i regionen, Volda sentrum, folkehelse, klima og miljø, tenester og samfunnstryggleik.

Kommunedelplanen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen, men vil fokusere spesielt på følgjande hovudtema:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur
- Busetting
- Offentlege og allmenne formål
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Landbruk og næringsliv
- Transport og kommunikasjon
- Grønstruktur, friluftsliv og kultur

## 3.1 Sentrumsutvikling og senterstruktur

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og klare hovudsenter. I samfunnsdelen er det vedtatt eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Regional delplan for attraktive byar og tettstader
- Byregionen Volda Ørsta
- Handelsanalyse Ørsta-Volda
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Utviklingsplan for Volda
- Bygningmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum
- Status og behov Furene



Volda tettstad. Foto: Regine S. Aklestad.





Figuren viser soneinndeling for Volda sentrum. Det er om lag 800 meter og gangavstand mellom ytterpunktene. Dette samsvarer langt på vei med prinsipp i regional delplan for attraktive byar og tettstader.

### Senterstruktur

Det har utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork-Furene og Volda sentrum. Kommunen har elles fleire spreidde bygder rundt om i kommunen. Dei har ein sterk og viktig identitetsberande funksjon og fungerer som viktige møteplassar. Det er lagt til grunn ei vidareføring av denne senterstrukturen når det gjeld lokalsentra Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde.

### Volda sentrum

Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Her er det tre karakteristiske soner: indre, midtre og ytre sentrumssone, sjå figur over. Dei tre sonene har til dels ulike funksjonar.

**Indre sentrumssone** har handels-, service- og kulturtilbod, tingrett, torg, parkar og plassar. Her er både blokker, konsentrerte småhusområde og einbustadar. Det er om lag 800 meter og gangavstand mellom ytterpunktene. Indre sentrumssone er kommunen sitt handelssentrum og skal i samsvar med målsettingar i samfunnsdelen og arealstrategiane utviklast vidare til eit regionalt handels-, bu- og næringsentrum med urbane kvalitetar. For å sikre ei slik utvikling er det gitt føresegner for kva funksjonar som skal kunne lokaliserast i dei andre sentrumssonene, i Mork-Furene og lokalsentra. Detaljhandel skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone.



Indre sentrumssone.



Sentrumsareal med utviklings- og fortettingspotensiale.

Viktige grep for å auke aktiviteten i indre sentrumssone:

- Styrke nærings- og handelsaktiviteten.
- Legge til rette for attraktive og sentrumsnære bustader.
- Styrke større arbeidsplassar og offentlege funksjonar.
- Satse på kulturelle og sosiale møtestader.

Det er til dels store areal i indre sentrumssone med utviklings- og fortettingspotensiale for både bustader, handel og andre funksjonar. Ved bruk av arealformålet "sentrumsformål" er det gjort grep for å legge til rette for vidareutvikling av forretningsverksemd, tenesteyting og bustadbygging i indre sentrumssone. I område avsett til denne arealbruken ligg det til rette for både auka busetting, meir handel med både kjøpesenter og småbutikkar, og alle typar tenesteyting. Dei fleste område med kombinerte arealformål i eksisterande kommunedelplan er endra til sentrumsformål:

- BS5 - Storgata-Hamnegata (20,4 daa)
- BS6 - Øyra/Megaområdet (21,7 daa)
- BS7 - Moritzmarka (6,4 daa)


Sentrumsformål omfattar forretningar, tenesteyting og bustad, herunder grøntareal til bebyggelsen. Industriverksemd inngår ikkje i formålet. Dette er i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og strategidokumentet "Senterstruktur,

sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling". Det er i tillegg lagt til rette for sentrumsformål i område med anna arealbruk i tidlegare plan:

- BS1 - Sør for Øyraelva
- BS2 - Volda Turisthotell
- BS3 - Spinneriet, Hallkjelsvik, Propellhallen (21 daa)
- BS4 - "Corner-tomta"
- BS8 - "Langeteigen"
- BS10 - "Telebygget"

BS1 er endra frå industri/forretning/kontor. BS2 er endra frå hotell. BS3 er endra frå forretning/kontor/industri og forretning/kontor/bustad. I området BS3 vil dette føre til at det ikkje er høve til etablering av industriverksemd aust for Industrigata. BS4 er endra frå forretning/kontor/bustad. BS8 "Langeteigen", er endra frå allmenntilgjort formål til sentrumsformål. Dette er eit ubebygd areal som raskt vil kunne byggast ut med både sentrumsbustader, offentlig og privat tenesteyting og andre sentrumsfunksjonar. Det same arealet har vore vurdert å sette av til offentlig tenesteyting (sjå side 11 og 19). BS10 "Telebygget" er også endra frå allmenntilgjort formål til sentrumsformål.

I alle område sett av til sentrumsformål vil det vere mogeleg å bygge nye bygg og omdisponere eksisterande bygningsmasse til bustader, forretningar/kjøpesenter, forsamlingshus, undervisningsbygg, konsulentverksemd m.v. Det ligg



Utsnitt plankart indre sentrumssone.

altså godt til rette for etablering av sentrumsbygg med stor grad av leilegheiter og funksjonar som gjer at fleire vil opphalde seg i indre sentrumssone. Dette kan gjere det meir attraktivt å etablere andre typar verksemdar som kan gjere indre sentrumssone meir urbant. Der sentrumsformål er i strid med gjeldande reguleringsplan må det utarbeidast ny reguleringsplan. Nødvendig parkerings-, grønt- og uteoppfallsareal inngår i arealformålet.

Det er viktig for Volda si utvikling at alle offentlege funksjonar har tilstrekkeleg areal for vidareutvikling og at ein har areal tilgjengeleg for etablering av nye offentlege funksjonar i indre sentrumssone. Det er lite unytta areal til offentlege formål i indre sentrumssone, noko som gir avgrensa potensiale for etablering av nye offentlege tenester. Det kan vere både lokale, regionale og statlege tenester, som ein i framtida ønskjer å legge til rette for. Sett i lys av målsettinga i samfunnsdelen om å vere eit tydeleg regionsenter, kan det vere avgjerande å ha tilgjengeleg areal. "Langeteigen" som i tidlegare kommunedelplan er sett av til allmenntilgjengeleg formål har derfor vore vurdert å sette av til offentleg tenesteyting. Dette ville truleg ha medført krav om at kommunen måtte løyse inn arealet. Ved å sette av arealet til sentrumsformål vil ein uansett kunne etablere offentleg tenesteyting i området. Arealet ligg slik til rette at det truleg kan byggjast relativt raskt ut. Da vil ein ikkje ha liggjande ledig større areal for ev. framtidige offentlege etableringar i indre sentrumssone, slik at det ev. må løysast gjennom ny regulering av areal i midtre sentrumssone eller at lokale for slike etableringar kan løysast gjennom anbudsprosessar i den private utleigemarknaden.

Kring rådhuset er eit parkeringsareal og eit bustadareal endra til offentleg tenesteyting, tiltenkt kulturhus med kino, og muleg endra plassering av parkering. Det vil vere krav om reguleringsplan før gjennomføring av tiltak.

- BOP58 - Tidlegare bustadareal
- BOP63 - Tidlegare parkeringsareal

Det er nødvendig å tenkje samspel mellom ulike offentlege funksjonar, busetting, sentrumsformål og anna næringsverksemd for å sikre aktivitet i indre sentrumssone. For å lukkast med å utvikle eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar er det også ein viktig strategi å definere kvalitetane og særpreget ved staden, og nytte desse aktivt i utviklingsarbeidet. Tettstadsanalysen for Volda peikar m.a. på sjøgløtt, viktige byrom, eit særprega bygningsmiljø, sjøfronten, samanhengande grøntstruktur, fjorden og fjella som viktige kvalitetar, som ein bør vidareføre og framheve. Utviklingsplanen peikar på viktige utviklingsområde og -prosjekt i Volda sentrum. Den

framhevar m.a. prinsipp om å konsentrere funksjonar i indre sentrumssone, samtidig som ein sikrar gode tilkomstar, og binder sentrumskjerna saman med ytterområda. Dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" inneheld ein gjennomgang av særprega bygningsmiljø i indre sentrumssone.

Det er gitt retningslinjer og føresegner for korleis områda kan utnyttast. Det er behov for ein områderegulering for indre sentrumssone. Den vil sikre ein heilskapleg planlegging som kan legge til rette for best muleg løysingar for utnytting av området i samsvar med intensjonane i Utviklingsplanen. Gode samanhengar og tilkomstar mellom indre og midtre sentrumssone bør også prioriterast.

**Midtre sentrumssone** har fleire regionale funksjonar og større arbeidsplassar som høgskule, sjukehus og vidaregåande skule. Her er det også pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, daglegvarebutikkar og anna privat og offentleg tenesteyting. Området inneheld både einbustadar og konsentrerte småhus og blokker med rom for fortetting. Området ligg i gangavstand frå indre sentrumssone og store delar av området har busstilbod.

Det er lagt vekt på at regionale funksjonar i midtre sentrumssone skal ha tilstrekkeleg areal for vidareutvikling. Ved sjukehuset er bustadareal endra tilbake til offentleg tenesteyting (BOP61 og BOP62). I andre område er arealbruken oppdatert i samsvar med dagens bruk. Dette gjeld i stor grad betjente omsorgsbustader og bufelleskap (BOP54 og BOP57). Nord for omsorgssenteret er bustadareal endra til offentleg tenesteyting noko som mogeleggjjer vidareutvikling av verksemdene i området (BOP48). I ny reguleringsplan bør det vurderast høgare arealutnytting og auka byggehøgde.



Midtre sentrumssone.

- BOP54 - Eksisterande omsorgsbustader Barstadmarka
- BOP57 - Eksisterande institusjon/bukollektiv.
- BOP48 - Ved Volda omsorgssenter
- BOP61 - Ved Volda sjukehus
- BOP62 - Ved Volda sjukehus

Det er elles ikkje tatt inn andre nye areal for regionale funksjonar, da det er tilstrekkeleg areal i eksisterande reguleringsplanar. Gjennom nye reguleringsplanar kan det vere aktuelt med auka utnyttingsgrad og byggehøgde.

I området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det i reguleringsplanar sett av store areal til offentlege funksjonar og næringsareal med høve til m.a. detaljhandel. Gjennom føresegner og retningslinjer er det lagt til rette for at dette området skal kunne utviklast til eit suppleringscenter med høve til etablering av handelspark med plasskrevjane varer og detaljhandel. I føresegnene er det sett ei øvre grense på totalt 6000 m<sup>2</sup> bruksareal for detaljhandel i midtre sentrumssone. Dette er eit grep for å unngå ei massiv utflytting av detaljhandel frå indre sentrumssone. Det er ikkje tatt inn nytt areal til forretningsareal i midtre sentrumssone, då dette ligg inne i eksisterande reguleringsplanar. I eksisterande reguleringsplanar er det samla sett opna for meir enn 6000 m<sup>2</sup> til detaljhandel i midtre sentrumssone og det bør derfor gjennomførast endringar i desse reguleringsplanane.

**Ytre sentrumssone** er i dag dominert av einestader og nokre område med to- og firmansbustader. Her finn ein også offentleg og privat tenesteyting til lokale behov, som t.d. barnehagar, skular og forsamlingshus. Det er sett av areal til utviding av Bratteberg skule; BOP46 og BOP47. Elles synes det å vere tilstrekkeleg areal for forsamlingshus og barnehage.

### **Mork-Furene**

Tettstaden Mork-Furene har utvikla seg til å bli eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Furene er også eit trafikk- og kollektivknutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre. I området finn ein skule, barnehage, forsamlingshus, idrettsanlegg, helse- og omsorgsinstitusjonar og detaljhandel med daglegvarer og teneste- og serviceverksemd. Her finn ein også meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd. Meir detaljhandel i Furene vil kunne påverke detaljhandelen i Volda sentrum negativt, føre til auka transportbehov og ha konsekvensar for folkehelse, klima og miljø. Dette er i strid med fleire arealstrategiar og det er derfor ikkje opna for meir detaljhandel i området.

Handelsanalysen konkluderar med at det kan vere rom for meir handel med byggevarer, hagesentre og andre plasskrevjande varer, og at dette er bilbasert handel med eit regionalt marknadsområde, som vert anbefalt lokalisert til Furene-Hovdebygda. LUK-rapporten (Strategiar for regionalt knutepunkt i Furene-Hovdebygda) tilrår å ikkje opne opp for meir detaljvarehandel i Furene-Hovdebygda, men konkluderar med at det er rom for etablering av meir handel i form av plasskrevjande varer. Vidare peiker også LUK-rapporten på at ein bør arbeide for å knyte områda saman med gode kollektivstopp som kan danne sekundære senterpunkt. På denne måten kan ein kople saman strategiske punkt i Volda, Furene, Hovdebygda og Ørsta. Vekst rundt desse punkta er fornuftig.

Plasskrevjande varer er i regional delplan for attraktive byar og tettstader definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer, samt utsal frå hagesenter og planteskular. I følgje den regionale delplanen skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta.

Grunnlagsdokumentet Status og behov Furene viser at Furene næringsområde snart er utbygd. Det er framleis noko rom for nye etableringar og området er til dels lavt utnytta, men det er likevel lite tilgjengeleg areal igjen for plasskrevjande varer. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, er det behov for å sette av meir areal til handelsverksemd med plasskrevjande varegrupper og anna næringsverksemd. Det er derfor gjort grep i planen for at Mork-Furene skal kunne vidareutviklast som eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer.

Det er utfordrande å finne areal som ikkje fører til arealkonflikt, da dette er eit av dei viktigaste landbruksområda i kommunen. I tillegg er det viktige natur- og friluftsverdiar i området. Det er vurdert fleire alternative løysingar for utviklingsareal. Morkaåsen aust for Håskjoldvegen (KU BOP1 og KU BOP2), eit mindre areal nord for eksisterande næringsareal (KU BN18) og areal sør for E39 (KU BN2, KU BN8, KU BN15, KU BN16, KU BKB9 og KU BF2).

Arealet på Morkaåsen vil ha store negative konsekvensar for naturmangfald og naturverdiar og middels negative konsekvensar for fleire andre utgreiingstema som m.a. friluftsliv, landskap og landbruk. I tillegg er det utfordrande å finne god

løysing for tilkomst til areala. Det er eit sterkt ønskje å kunne legge til rette eit større område for vidareutvikling av næringsverksemd med regionale funksjonar i samsvar med målsettingar og strategiar i samfunnsdelen. Arealet er difor likevel teke inn til forretning, kontor og industri (BKB24). I ein større samla reguleringsplan for området må det gjerast vurderingar av avgrensing, tilkomst og avbøtande tiltak for landskap, friluftsliv, naturmangfald og naturverdiar.

KU BN18 vil kunne gi auka konflikhtar i forhold til busetnaden i området og inngår i kjerneområde landbruk. Arealet gir avgrensa utviklingsmogelegheiter og er vurdert å ha større verdi som buffer mot eksisterande busetnad. Areal vest for eksisterande næringsareal i Furene er viktig dyrka areal som ikkje er vurdert som aktuelt alternativ.

Det er sett av tre nye areal for forretning, kontor og industri med tilsaman 59 daa sør for E39; BKB9, BKB11 og BKB12. BKB11 og BKB12 er tidlegare regulert til landbruk og store delar er sett av til rigg- og deponiområde i samband med tunnel Volda–Furene. Områda vil ikkje kunne utnyttast til anna formål før vegprosjektet er gjennomført. Delar av området ligg innanfor kjerneområde landbruk og utbygging vil ha stor negativ konsekvens for landbruk og jordressursar. I staden for å tilbakeføre områda til landbruk etter utbygging av Voldatunnelen, vert det opna for å nytte det til utbyggingsformål. BKB9 er tidlegare regulert til bustadareal og er delvis nytta til næringsverksemd i dag. Det er ikkje ønskjeleg å vidareutvikle området med bustader. Sett i lys av at det er foreslått nye kombinerte areal for forretning, kontor og industri inntil dette området, er dette arealet også sett av til same formål. Eit større samla areal til same type funksjonar gjer det muleg med betre tomtearrondering og planlegging av interne vegløysingar.

Ved å sette av 276 daa til industri/forretning og kontor, er det lagt godt til rette for vidareutvikling av Mork-Furene som eit regionalt viktig område for næringsaktivitet og handel med plasskrevjane varer. For å redusere dei negative konsekvensane for detaljhandelen i Volda sentrum er det ikkje opna for auka detaljhandel og det er sett krav om at handelsverksemd skal ha minimum 1000 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA) for å kunne etablerast i områda.

Tilrettelegging for anna næringsverksemd, offentleg tenesteyting, bustadareal m.v. i Mork-Furene er skildra under andre tema i planomtalen.

## Lokalsenter

Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde er lokalsenter i kommunen. Sentraliseringstrenden dei siste tiåra har gitt nedgang i folketalet på bygdene, noko som har ført til at servicetilboda i lokalsentra er redusert. Kommunen sin økonomi set også kommunale tenester i lokalsentra under press. Betra kommunikasjonsløysingar gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret, og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje lenger er det same. Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. For å redusere den negative folketaletutviklinga på bygdene er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her ein har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging, næringsutvikling og offentleg og privat teneste- og servicetilbod. Det er viktig å sikre at funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Ny kommunestruktur etter 2020, der Hornindal kommune og Bjørke og Viddal krins er ein del av Volda kommune, vil truleg påverke lokalsenterstrukturen i framtida. Dette vert viktig å avklare i samfunnsdelen for nye Volda.

I lokalsentra Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde bør det kunne etablerast fylgjande funksjonar:

- Detaljhandel inntil 3000 m<sup>2</sup> BRA.
- Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokale behov.
- Næringsareal for ulike typar verksemd.

Det er ikkje avdekt behov for meir areal til offentleg tenesteyting, forretning eller andre samfunnsviktige funksjonar i lokalsentra.



Fyrde.

## 3.2 Busetting

Folketalet i Volda er jamt aukande, og det er ei viktig målsetting i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Vidare er det satt som mål at kommunen skal tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. I samfunnsdelen går det også tydeleg fram at ein ønskjer auka busetting i Volda sentrum, og at ein skal redusere fråflytting frå bygdene.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdensentra.
- Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.
- Det kan leggjast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Behovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum
- Bustadbehov Volda sentrum, 2020
- Hovudplan vatn og avløp
- Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda

### Folketal og flyttemønster

1.1.18 hadde Volda kommune 9188 innbyggjarar. I 2008 var det 8406 innbyggjarar i kommunen. I følge SSB sitt mellomalternativ vil folketalet i Volda fortsettje å stige. I 2030 spår SSB at Volda vil ha 10 113 innbyggjarar. Det er busett omtrent 1500–2000 studentar i Volda. Ein del av desse meldar ikkje flytting, og vert difor ikkje med i statistikkane frå SSB. Hausten 2020 har kommunen hatt ein kampanje "Voldakortet" for å få fleire studentar til å melde flytting. Dette vil truleg gjere utslag på befolkningsstatistikken.

75 % av innbyggjarane i Volda bur i område definert som tettbygd strøk. Det er også her folketilveksten er størst, i bygdene går folketalet jamt nedover. Frå 2008 til 2018 har folketalet:

- i Volda kommune auka med 782 personar.
- i Volda tettstad auka med 810 personar
- i Egset og Mork grunnkrets auka med 154 personar
- i spredtbygde krinsar gått tilbake med 184 personar

### Bustadbehov

I 2018 viste framskrivinga av folketalet mot 2030 ein forventa folketalsauke på om lag 1300 personar i planperioden. Det var først og framst innvandring som sikra den positive folketalsveksten. Nyare framskrivingar frå SSB (2020) viser at folketalsveksten både lokalt og regionalt flatar meir ut. Dette heng saman med nasjonal innvandringspolitikk, og mindre innvandring lokalt. Dette kan variere frå år til år. Sjølv om folketalsveksten har flata noko meir ut dei siste åra, har kommunen eit sterkt ynskje om å legge til rette for vekst og utvikling, og ha tilgjengeleg areal for bustadar.

Folketalsutviklinga i perioden 2006–2016 viser at folketalet i bygdene går ned, medan folketalet i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten i kommunen. Ein må derfor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1500–1600 personar i Volda sentrum i planperioden.

I Volda bur i overkant 65 % i små hushald på 1–2 personar. Volda har fleire åleinebuande enn dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Ut frå størrelsen på hushald og framskiving av folketilvekst, som i hovudsak vil komme i Volda sentrum, vil det i planperioden vere behov for om lag 750 små bustader eller leilegheiter og 200 eine- eller tomannsbustader i Volda sentrum.

Prisutviklinga på brukte sjølveigarbustader viser at det er marknad for auka tilgang på småhus og leilegheiter i Volda. Både utviklinga av stadig fleire små hushald, mange åleinebuande, marknadssituasjonen for leilegheiter og målsettingar om eit meir urbant sentrum tilsei at minst 70 % av nye bueiningar bør vere små bustader og leilegheiter.

Totalt for heile kommune er det i tidlegare planer store tomtereservar for å dekke behovet for nye bustader i planperioden. Ein stor del av tomtereservane ligg derimot i ulike bygder med nedgang i folketalet. Det er berre i lokalsentra og tettstadene det er ynskjeleg med bustadfelt og i dokumentet "Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting" er berre i Mork-Furene og Volda sentrum det er behov for tilrettelegging av nye bustadareal.

I lokalsentra og i bygdene er det sett av areal for spreidd bustader i LNF-område. Dette er eit viktig grep for å stette opp om mål i samfunnsdelen om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

### Volda sentrum

I Volda sentrum er det lagt til rette for etablering av opp mot 400 nye leilegheiter i indre sentrumssone, 650 nye bueiningar i midtre sentrumssone og om lag 500 nye bueiningar i ytre sentrumssone. I indre og midtre sentrumssone vil auka bustadetablering hovudsakeleg måtte løysast gjennom fortetting, fornying og auka grad av bustadtettleik. I ytre sentrumssone er eksisterande bustadareal vidareført og det er føresett utbygging av desse.

### Indre sentrumssone

I indre sentrumssone er det i dokumentet "Bustadbehov Volda sentrum" (2020) vist moglegheit for etablering av minst 50–100 nye sentrumbustader ved nybygg, ombygging og påbygging av eksisterande bustadmasse innanfor ramma i gjeldande reguleringsplanar. Realisering av potensialet er i stor grad avhengig av private initiativ og i mange tilfelle kan det vere behov for ny reguleringsplan. I tillegg har fleire andre område potensiale for ombygging/transformasjon. M.a. heile området aust for Industrigata og opp langs Røysbakken, «Moritzmarka», «Mega-området» og nedre del av Storgata er eit potensielt område for fornying og fortetting. Ut frå behovet for leilegheiter bør her etablerast enno fleire bueiningar. Det er derfor tatt inn nye areal for sentrumsformål, der det og kan etablerast leilegheiter. BS1 - Sør for Øyraelva, BS2 - Volda Turisthotell, BS3 - "Corner-tomta", BS8 "Langeteigen" og BS10 - "Telebygget". I tillegg til endra arealformål er det gitt føresegner om minimum utnyttingsgrad (% BYA) på 70 %. I fleire av desse områda ligg det elles til rette for blokk med fleire etasjar enn det som er vanleg i dag. Dette må avklarast i eigen fortetting- og volumstudie i samband med utarbeiding av områdeplan for indre sentrumssone. Med ein bustadtettleik på 11 personar per. daa, så vil ein i område avsett til sentrumsformål kunne få opp mot 280 nye bueiningar. Dette er også skildra i kapittel 3.1. Gjennom grep i 2. planforslag anslår ein at det vil vere realistisk å kunne få etablert opp mot 400 leilegheiter i indre sentrumssone i planperioden. Dette er avhengig av at ein aksepterar høgare arealutnytting og bustadtettleik.

I Hauane-området kan det framleis vere rom for noko fortetting av frittliggande småhus, sjølv om det er viktig å ta i vare det særprega bygningsmiljøet. Det er gitt føresegner og retningsliner for korleis dette kan gjerast.

Med betra utnytting av potensialet i eksisterande reguleringsplanar, ombygging/transformasjon og fleire leilegheiter i område for sentrumsformål med tilhøyrande føresegner og retningsliner er det lagt godt til rette for opp mot 400 nye leilegheiter i planperioden i indre sentrumssone.

### Midtre sentrumssone

Midtre sentrumssone ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og ein kan nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Av bustadareal i eksisterande planar er det lite areal som ikkje allereie er utbygd. I samsvar med mål i samfunnsdelen og arealstrategiar, bør ein legge til rette for høg arealutnytting og fortetting i denne sona. Nye bustader i denne sona må derfor i hovudsak måtte komme som fortetting, og i nye utbyggingsområde må det vere høg grad av konsentrert busetnad. Det er derfor gitt retningsliner om at det i nye bustadområde bør opp mot 80 % av nye bustader vere konsentrerte småhus eller blokk. Berre 20 % av nye bustader i dei nye bustadområda bør vere frittliggande småhus, fortrinnsvis med to bueiningar.

I fleire av dei eksisterande bustadområda er det gitt føresegner og retningsliner som opnar for høgare utnytting. I dokumentet "Bustadbehov Volda sentrum" (2020) er det vist potensiale for om lag 500 nye bustader i midtre sentrumssone. I tillegg til fortetting er det rundt 50 daa utbyggingsareal i gjeldande kommunedelplan, som enno ikkje er utbygd. Dette inkluderer også studentbustader og ulike typar omsorgsbustader. Her bør nye bygg kunne ha fleire funksjonar, inkludert bustader. Med behov for omlag 750 nye bustader for små hushald i og nær sentrumskjernen bør ein i tillegg til meir intensiv arealutnytting og fortetting, legge til rette for etablering av omlag 200–300 nye bueiningar i nye utbyggingsområde.

Det er lite unyttet areal i midtre sentrumssone. Det er likevel ynskjeleg å legge til rette for auka busetnad i denne sonen, og ein har vurdert fleire nye bustadareal. På Myrane/Nymark nord for Øyraelva og Rotevatnet er det fleire innspel om utviding av eksisterande bustadareal mot Øyraelva og Rotevatnet. Områda nærast Øyraelva har svært stor verdi, med fleire raudlisteartar. Utbygging nærare elva vil på grunn av risiko for flaum eller erosjon truleg måtte førebyggast. Dette vil kunne ha store konsekvensar for fleire raudlistartar og landskapet. Områda har og stor verdi som del av grønstrukturen "frå Fjord til fjell" og er av stor verdi for barn og unge. Dersom utbyggingsområda skal utvidast mot elva må dette vere føremål som styrkar barn og unge sine opplevsar i området og som er med på å ivareta funksjonen som grønstruktur. Reine bustadføremål er

ikkje eit slikt føremål og det er ikkje aktuelt med nye bustadareal i dette området.

Det er unytta areal nord for sjukehuset som i dagens planar er sett av til både offentlege formål og bustadformål. Det er av stor betydning å ivareta mogelegheit for vidare utvikling av offentlege funksjonar i dette området og det er derfor ikkje aktuelt å nytte dette arealet til bustadformål. Langs Heltneelva er det vurdert tre nye areal for bustader. Areala ligg i viktig grønstruktur "frå fjord til fjell" langs Heltneelva og ein reduksjon av dette grøntbeltet vil ha store negative konsekvensar for denne verdien. Areala har også utfordringar i høve skred- og flaumfare, som gjer at ein ikkje veit om det vil vere sikkert nok for oppføring av bustader. Desse områda vil vere i strid med arealstrategi om "Grønstruktur, friluftsliv og kultur" og er derfor ikkje aktuelle som nye utbyggingsareal for bustader. Eit areal ved prestegarden er vurdert å forringe totalintrykket av kulturmiljøet og estetikken i området samtidig som arealet vil ha stor verdi som ny kvartalsleikeplass og som grønstruktur. Det er dokumentert behov for kvartalsleikeplassar i denne delen av Volda sentrum. Tiltaket er i strid med arealstrategi for å ta vare på viktige kulturmiljø og kulturminne og arealet er derfor uaktuelt til bustadformål.

I 1. høyringsutkast vart det lagt inn eit område for bustad på Bømarka/Rotset, og eit nord for Årneset. Begge områda ligger i midtre sentrumssone, og ville sikra at fleire kunne bu i gangavstand til indre sentrumssone. Øvre del av arealet på Årneset kunne vore eigna for høgare utnytting, med til dømes blokk. Området på Rotset grensar til småhusbusetnad og er difor ikkje like eigna for konsentrerte småhus eller blokk. Begge områda ville medført omdisponering av fulldyrka jord, og har store negative konsekvensar for landbruk og kulturlandskap. Spesielt gjeld det området på Rotset, som er kartlagt som kjerneområde landbruk. Begge områda har utfordringar knytt til barn og unge, grønstruktur og vegsystem inn til områda. Sjølv om det er fleire utfordringar knytt til utbygging av dei to områda vart dei i 1. høyringsutkast vurdert som viktige for å nå målsettingar om auka busetting i midtre sentrumssone. Både Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkeskommunen varsla motsegn mot begge områda i fyrste høyringsperiode, og formannskapet valte å ta dei ut av planen, m.a. på bakgrunn av jordvern.

Det er sett av to nye område for bustader:

- B225 - Rotsetfjøra
- B242 - Lindevegen

B225 Rotsetfjøra er eit tidlegare industriareal som no er sett av til bustadføremål. Her ligg det til rette for blokkbusetnad med høg grad av arealutnytting. Det er viktig at det i reguleringsplan vert lagt vekt på tilhøva for busetnaden aust for Naustvegen og ein må vidare ta spesielt omsyn til Garvarbuda, landingsvoren og sikre tilgang for ålmenta langs sjøsida.

Det er også lagt inn eit nytt område til kombinerte formål:

- BKB26 - Sør for Øyraelva

I dette området vil det vere høve til etablering av bustader i kombinasjon med andre formål. Området er egna for høg utnyttingsgrad.

Med fokus på å sikre høg arealeffektivitet i utbyggingsprosjekt i midtre sentrumssone, auka grad av fortetting i etablerte bustadområde og nye bustadareal er det lagt godt til rette for etablering av opp mot 650 bueiningar i planperioden. Som tidlegare nemnt vil dette kunne vere både omsorgsbustader, studentbustader og ordinære leilegheiter.

I tillegg til bustadareal er det lagt til rette for auka etablering av omsorgsbustader. Ved omsorgssenteret er det tatt inn eit nytt areal (BOP48), og i føresegnar og retningsliner er det lagt til rette for auka utnytting i dei eksisterande areala.

#### **Ytre sentrumssone**

Dette er i stor grad ei bustadsone, men der er også barnehagar, forsamlingshus og skular. Sona skal framleis hovudsakleg vere eit område med stor grad av einebustader. 60 % av nye bustader i den ytre sentrumssona bør vere frittliggande småhus. Blokk og større leilegheitsbygg er ikkje ønskjeleg i denne sona.

Ein stor del av potensialet for ny bustadetablering i Volda sentrum ligg i denne sona. Her er fleire større areal for bustadbygging som ikkje er realisert. Det er utarbeidd reguleringsplanar for over 300 nye bueiningar. I tillegg er det sett av om lag 190 daa bustadareal i kommunedelplan for Volda sentrum, som vil kunne gi opp mot 150 nye bueiningar om ein tek utgangspunkt i at det i hovudsak bør etablerast einebustader i ytre sentrumssone. Ut frå eksisterande reguleringsplanar og avsett bustadareal i kommunedelplan for Volda sentrum er det også mulegheiter for noko fortetting. I ytre sentrumssone er det i eit potensiale for opp mot 500 nye bustader i ytre sentrumssone og det er derfor ikkje behov for nye bustadareal i denne delen av Volda sentrum.

Det er motteke fleire innspel om nye bustadareal mellom Rotevatnet og Vikebygdvegen. Så lenge det er større unytta bustadareal nord for Vikebygdvegen er



det ikkje aktuelt å opne for bustadbygging her. Det er lagt inn to nye område for bustader i ytre sentrumssone:

- B240 - Aust for Håmyra.
- B241 - Aust for Håmyra.

Områda heng saman, og er ei utviding av eksisterande bustadareal. Tilleggsarealet vil gjere det enklare å realisere ei utbygging med tanke på plassering av tomter, veg og infrastruktur.

### Morkabygda

I Morkabygda er det ikkje fleire ledige tomter for utbygging av bustader og det er ønskjeleg å legge til rette for mellom 100 og 200 daa til bustadformål jf. bustadbehovsanalysen. I området finn ein nokre av dei viktigaste jordbruksareala i kommunen. Dette gjer det utfordrande å finne nytt bustadareal som ikkje medfører for store konsekvensar for landbruket. Det er vurdert fleire alternativ som ein ikkje har valt å gå vidare med på grunn av for stor konflikt med landbruk og andre utgreiingstema.

Det er vurdert eit areal nord for næringsarealet i Furene, KU B5. Utbygging av bustader her vil ha utfordringar og negative konsekvensar for både landbruk, friluftsliv, trafikk og teknisk infrastruktur. Det er utfordringar når det gjeld gangvegssystem og tilkomst til området og det er manglande kapasitet når det gjeld overvasshandtering og avløp. Arealet ligg tett på næringsområdet, noko som er uheldig og har vist seg utfordrande elles i området. Det er derfor ikkje ønskjeleg å legge til rette for bustadbygging her. Sør for E39 er det vurdert to areal for bustadbygging; KU B53 og KU B54. Områda er i strid med arealstrategi om landbruk, naturområde og kulturmiljø. Tiltaket vil krevje nye løysingar for gang- og sykkelveg og VA-infrastruktur for å kunne vere i samsvar med strategi om busetting. Delar av områda kan vere potensiale for framtida, men har såpass store utfordringar at det ikkje er aktuelt å ta inn så lenge det finst andre alternativ.

Det er gjort ei vurdering av om KU B58 langs E39 kan settast av til bustadformål. Området er i strid med arealstrategi om landbruk og tiltaket vil krevje nye løysingar for gang-/sykkelveg og VA-infrastruktur. Tiltaket vil kunne gi auka busetting i Morkabygda som er i samsvar med strategi for busetting. Arealet er støytsett og ligg i område med marine avsetningar som må avklarast. Det vert derfor konkludert med at arealet ikkje er aktuelt å ta inn no, men at det kan vere eit potensiale for framtida.

Det er sett av areal til fire nye bustadområde i Morkabygda:

- B104 - Håskjold

- B105 - Kleiva-Ytrestøylen
- B106 - Egsetstranda
- B234 - Egset

B104 og B234 ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde i akseptabel avstand frå skule og knutepunktet i Furene. B104 er eit nytt bustadareal langs Håskjoldvegen på omlag 29 daa. Det er utfordringar når det gjeld gangvegssystem i området, som må vere på plass før utbygging. Forslaget er i samsvar med arealstrategiar om auka busetting i område kring trafikkknutepunkt. B234 er eit areal på omlag 12 daa sett av til bustadformål på Egset. Arealet medfører omdisponering av jordbruksareal som inngår i kjerneområde landbruk. Det ligg derimot inneklemt mellom vegar og bustadfelt og er elles vurdert å vere eigna til formålet.

B105 ligg ved Kleiva-Ytrestøylen, og vart i eit innspel foreslått som nytt LNF-område med høve til spreidde bustader. Arealet er i samsvar med arealstrategi om spreidde bustadområde, men bør heller planleggast samla med nødvendig infrastruktur. Det er derfor sett av som bustadområde sjølv om det ikkje er i samsvar med arealstrategi om lokalisering av bustadfelt. Det er ikkje kollektivtilbod eller gangavstand til skule og andre kvardagsfunksjonar. Bustadfeltet har likevel potensiale for å kunne verte attraktivt, og vil kunne dempe press på dyrka jord i Morkabygda. Med gang- og sykkelveg vil det vere akseptabel gang- og sykkelavstand til skule og andre kvardagsfunksjonar i Morkabygda, og det er sett krav om gang- og sykkelveg til skule og barnehage før utbygging. Dette kan medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

B106 Egsetstranda er eit solrikt areal utan negative konsekvensar for landbruk. Utbygging av bustader vil vere utfordrande når det gjeld tilkomst frå E39, og det er sett rekkjefølgjekrav om at E39 må vere lagt om til ny tunnel Volda-Furene før utbygging. Gjennom utarbeiding av reguleringsplan for området må det for mjuke trafikantar, i kryssinga av hovudvegen (dagens europaveg), vurderast løysing og krav om planskilt kryssing. Utbygging vil kunne ha negative konsekvensar for fleire utgreiingstema. Arealet er avgrensa mot strandsona for å ta i vare strandsones kvalitetar. Det er elles vurdert å vere i samsvar med arealstrategi om auka busetting i Morkabygda, sjølv om det er litt stor avstand til kvardagsfunksjonar. Mange vil likevel kunne gå og sykle til målpunkt både i Morkabygda og Volda sentrum.

Det er i bustadbehovsanalysen stipulert eit behov for 100–200 daa til fleire bustader i Morkabygda. Det er vanskeleg å finne eigna areal som ikkje medfører

store negative konsekvensar for landbruket. Det er sett av til saman 125,2 daa til bustadformål i Morkabygda.

### Lokalsentra og bygdene

Arealstrategiane legg klare føringar for lokalisering av eventuelle nye bustadfelt i planen. Område utan tilbod om kollektivtransport, der det heller ikkje er mulegheit for sykkel eller gange til handels- og tenestetilbod, er ikkje aktuelle som nye bustadfelt. I bygdene er det framleis større bustadareal som ikkje er utbygd, og det er derfor i liten grad lagt til rette for nye bustadfelt. Ved neste revisjon av arealdelen bør ein vurdere å ta ut noken av bustadareala som enno ikkje er realisert. I bygdene er det eit ynskje å i større grad legge til rette for spreidd bustadbygging.

Det er sett av to mindre areal til bustadformål i Bjørkedalen. Areal er svært avgrensa og det er ikkje naturleg å definere dette som landbruksområde med spreidde bustader. I B36 kan det etablerast ei bustadtomt. B33 inngår som naturleg utviding av bustadfeltet i Røfsholen. Her kan det vere plass for inntil to bustader. På Dravlaus i Dalsfjorden er det sett av eit nytt område for bustader, B58 i Løvika. Det er og lagt til rette for utviding av bustadfeltet Myragjerdet; B55–B57. I Hjartåbygda er det tatt inn mulegheit for utviding av eksisterande bustadfelt med område B100. Det er få ledige tomter i det eksisterande bustadfeltet og ein finn det derfor rett å opne for utviding av bustadfeltet. Nærare avgrensing må gjerast i reguleringsplanen. På Lid er det i forlenging av eksisterande bustadområde tatt inn eit mindre bustadareal, B90. Det er tatt ut bustadareal ovanfor Fyrdshaugen i Fyrde som følgje av at området ligg i faresone skred og i tillegg synes lite hensiktsmessig. Det er bustadfelt i bygda med ledige tomter. Bustadareal i Nøre Bjørkedal, på Bjørneset, i Dalsbygda, Vassbakkedalen og Åmelfoten er endra til spreidde bustader i LNF-område.

### Spreidd bustadbygging i LNF-område

Volda er ein kommune med stor grad av spreidd busetnad og i samfunnsdelen er det fastsett eit mål om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene. Ein av strategiane for å nå dette målet er å legge til rette for spreidd busetnad i LNF-område. I kommunedelplanen ønskjer ein derfor sette av eigna område for slik spreidd bustadbygging. Dei spreidde bustadområda skal i følgje arealstrategien vere tilknytt eksisterande busetnad og lokaliserast der det ikkje er naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde eller restriksjonsområde kring kulturminne. Nokre område er difor redusert i omfang i forhold til tidlegare planar, medan andre stader er nye område lagt til på egna areal. Det er sett av eigna areal for spreidde bustader

i alle bygder, for å gi mulegheit for bustadetablering i heile kommunen. Busetnaden sitt omfang og lokalisering skal vere angitt i planen. Det må gjevast samtykke etter jordlova §9 og §12 for omdisponering og frådelling i område for spreidde bustad-, fritids- eller næringsbygningar.

Det er 78 område for spreidd bustadbygging som er vidareført frå tidlegare kommunedelplanar. Områda er fleire stader redusert i størrelse, da dei er avgrensa i forhold til faresone skred og kjerneområde landbruk. Det er teke ut eit område for spreidd bustadbygg, etter innspel frå grunneigar (tidlegare LSB53 - Austefjorden). Tabell i føresegnene viser alle område med spreidd bustader i LNF-område, med totalt tal bustader som kan etablerast i områda. Det er tatt inn fire nye område for spreidde bustader:

- I Vikebygda er det sett av to nye område; LSB76 og LSB79. I LSB76 er eit ubebygd område der det kan det vere plass for inntil to bustader. LSB79 er tunområde med fleire våningshus og andre bustader som ein ønskjer å kunne dele frå. Her kan det totalt vere plass for inntil seks bustader med tilhøyrande anlegg som garasje, bod m.v.
- I Austefjorden ved Årset er det opna for eit mindre areal for spreidde bustader; LSB77, der det kan vere plass for inntil to bustader.
- I Bjørkedalen er det tatt inn eit nytt område for spreidde bustader. LSB81 på Helset ligg i tilknytning til eksisterande busetnad der det totalt kan vere plass for inntil tre bustader med tilhøyrande anlegg.

### Teknisk infrastruktur

Hovudplan for vatn og avlaup viser at det er store behov for investeringar knytt til vatn og avlaup. Fleire stader manglar ein også oversikt over dagens kapasitet. Dette må vere på plass før ein kan sette i gang større utbyggingsprosjekt, spesielt gjeld dette i Volda sentrum. Større utbyggingsprosjekt er i tillegg avhengig av oppgradering av vegsystemet i området. Særleg gjeld dette i Morkabygda, der det er behov for utbetring eller ny utbygging av samlevegssystemet med gang- og sykkelveg.

Flaumsikringskanalen i Melshornsida er vist i planen som trasé for teknisk infrastruktur; STI1 og STI2 . Tiltaket har svært stor samfunnsnytte og vil sikre busetnad og offentleg og privat tenesteyting med både lokal og regional betydning.

### Leike- og aktivitetsområde

Gode leike- og aktivitetsområde er med på å heve kvaliteten i buområda. Både leike- og uteopphaldsareal i buområda, uteområde tilknytt barnehagar og skular, nærmiljøanlegg, badeplassar, skianlegg og andre idrettsanlegg

er trivselsfremmande og fremmer bulyst for alle aldersgrupper. Nær- og kvartalsleikeplassar i buområda er uformelle møteplassar der folk kan møtast på tvers av generasjonar, kultur, nasjonalitet, interesser eller meistringsnivå. Leike- og aktivitetsområder er også areanaer der både born, ungdom, vaksne og eldre kan vere i fysisk aktivitet, i kontakt med naturen og oppleve sansestimuli. Dokumentet Rettleiar for leike- og aktivitetsområde inneheld krav og retningsliner knytt til leike- og aktivitetsområda i kommunen, som også er teke inn i føresegner og retningsliner. I føresegnene er det sett krav til størrelse, tettleik og kvalitet på nær- og kvartalsleikeplassane.

Dokumentet Kartlegging av kvartalsleikeplassar i Volda viser at det i tidlegare planar er sett av areal til leikeplassar fleire stader i buområda. Dei fleste har 300 meter eller mindre å gå til næraste kvartalsleikeplass. For å sikre at alle som bur i Volda tettstad skal ha maksimum 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass er det sett av areal til nye kvartalsleikeplassar i Martavegen, Rotsetfjøra, ved prestegarden og ved småbåthamna på Rotset.



Leike- og aktivitetsområde i Morkabygda.

### 3.3 Offentlege og allmenne formål

Fleire viktige regionale institusjonar som sjukehus, høgskule og tingrett er lokalisert i Volda sentrum. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett mål om at Volda og Ørsta skal utvikle seg til å bli eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar, samtidig som ein skal styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon. Om lag halvparten av arbeidsplassane i Volda er i offentlig sektor, og kommunen har fleire større statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. For å halde på dei regionale funksjonane, og for å kunne tiltrekke seg eventuelle nye regionale funksjonar, er det viktig å sikre areal til desse. Dette krev bevisste strategiar når det gjeld framtidig arealbruk. Ein bør legge til rette for at både noverande og framtidige funksjonar kan lokaliserast i indre og midtre sentrumssone.

Det er lite unyttet areal til offentlege formål i indre sentrumssone, noko som gir avgrensa potensiale for etablering av nye offentlege tenester. Det kan vere både lokale og regionale tenester som ein i framtida ønskjer å legge til rette for. Sett i lys av målsettinga i samfunnsdelen om å vere eit tydeleg regionsenter, kan det vere avgjerande å ha tilgjengeleg areal. Det er vurdert å sette av eit ubebygd areal "Langeteigen" til offentlig tenesteyting, men det vart konkludert med at arealet kan nyttast til sentrumsformål der ev. offentlege funksjonar kan inngå. Kommunen kan sette

#### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliserast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliserast til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.

#### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Behovsanalyse offentlig og privat tenesteyting
- Bustadsosial handlingsplan 2017–2020
- Omsorgsplan 2014–2017
- Demensplan 2014–2017
- Klimaendringar i arealplan

krav om areal til offentlig tenesteyting i samband med reguleringsplan for området.

Det er lagt til rette for 11 nye område for offentlig eller privat tenesteyting. Dette er i m.a. område som i dag er nytta til offentlig tenesteyting, og som har fått endra arealformål i samsvar med gjeldande bruk.

Kommunen har også tenester plassert i lokalsentra, som skular, barnehagar, pleie- og omsorgsinstitusjonar og forsamlingshus. Dette er viktige nøkkelfaktorar i målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene. Det er ikkje vurdert endring av areal for offentlig eller privat tenesteyting i bygdene. Ved neste revisjon bør ein vurdere å endre arealbruken til andre formål om det ikkje er behov for areal til tenesteyting.

### Barnehagar

Kunnskapsdepartementet har fastsett rettleiande normer for inne- og uteareal i barnehagar knytt til tal barn. I arbeidet med kommunedelplanen har ein sett nærare på dagens areal sett opp mot forventa folketalsutvikling og auka barnetal i dei ulike barnehagene.

Det har vore ein prosess kring strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og kommunestyret har vedteke å kjøpe Bratteberg barnehage. Utvidingsareal ved Rotset barnehage vert vidareført. Det er ikkje sett inn nye utvidingsareal til andre eksisterande barnehagar i Volda sentrum.

Ut frå forventa og planlagd foketalsutvikling må ein legge til rette for auka barnetal i Mork barnehage. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide arealet. (Sjå også vidare tekst knytt til utvidingsareal Mork skule.)

### Skular

Helsedirektoratet har fastsett anbefalingar til minimum nettoareal på uteområda til skular. Anbefalingane er knytt til tal barn. Ut frå forventa og planlagd foketalsutvikling må ein legge til rette for auka elevtal på skulane i Volda tettstad og på Mork. For å sikre bygningsmessige behov og tilstrekkelege areal på uteområda er det behov for å utvide areala til Bratteberg skule, Mork skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule.

Det er lagt inn utvidingsareal til Bratteberg skule; BOP46 og BOP47, som vil legge til rette for auka uteareal, framtidig utviding av bygningsmasse og parkeringsareal.

Ved auka utbygging av bustader i Morkabygda vil det truleg verte behov for utviding av skule

og barnehage i området. Det er i tillegg avdekt behov for meir uteareal ved skulen. Ein har vurdert alternativ lokalisering av ny større skule i tilknytning til idrettsanlegget på Langemyra. Alternativet har store negative konsekvensar for naturmangfald og naturverdiar. Eit alternativ med utviding nord for dagens skule har uheldige konsekvensar for landbruk, men er klart mindre negativt enn alternativet på Langemyra når det gjeld naturverdiar og behov for nye infrastrukturtiltak. I 1. høyringsutkast vart det foreslått eit utvidingsareal ved Mork skule på 12,6 daa. Området er i dag dyrka mark. Grunna merknad frå grunneigar og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, er området teke ut av planen. Det er ikkje lagt inn utvidingsområde til Mork barnehage og skule i planen. Det er likevel aktuelt å sjå nærare på eksisterande trafikklysingar og parkeringsplass i området, og om mogleg frigjere areal til skule/ barnehage/uteområde.

Det er ikkje lagt inn utvidingsområde ved Øyra skule eller Volda ungdomsskule. Det er lite ubebyggt areal kring skulane og utviding vil medføre store konsekvensar for kringliggjande bebyggelse. Det er kartlagt at skulane kan ha behov for meir uteareal ved auka elevtal. Øyra skule ligg tett inntil friområder på høgskulen sitt område, som skuleelevane nyttar i skuletida (grusbane, klatrejungel mv.). Både Øyra skule og Volda ungdomsskule har gangavstand til friområder i Elvadalen og til planlagde idrettshall. Dette kan kompensere for lite internt areal. Det er viktig å sikre trafikktrygge gangsamband frå skulane til desse områda.

Volda ungdomsskule står framfor nybygging og det kan vere behov for meir areal. Eit alternativ kan vere utviding mot Elvadalen. Her er fleire eldre einbustader. Aust for Porsemyrvegen kan også vere eit alternativ. Her har Studentsamskipnaden studentbustader. Sjølv om det vil vere behov for å erstatte arealet synes dette alternativet noko mindre konfliktfylt. Alternativet vil også kunne gi moglegheit for sterkare kopling mellom ungdomsskulen og framtidige Volda Campus Arena. Skuleeigar har derimot ikkje meldt inn behov for utvidingsareal og det er derfor ikkje tatt inn utvidingsareal.

### Helse- og omsorgstenester

I følge framskrivingane til Statistisk sentralbyrå vil gruppa eldre doblast dei neste 30 åra på landsbasis. Det er ein konsekvens av at dei store etterkrigskulla vert eldre, samtidig som levealderen aukar. Dette vil påverke fleire av kommunen sine tilbod og tenester; til dømes helse og omsorgstenester, kultur- og fritidsaktivitetar og økonomi. Utviklinga vil også få konsekvensar for kommunen sin bustadpolitikk. Ut frå behov skissert i omsorgsplan, demensplan og

bustadsosial handlingsplan er det særleg viktig å sikre handlingsrom og areal rundt dei sentrale pleie- og omsorgsinstitusjonane i kommunesenteret; Volda omsorgssenter og Fjordsyn. Det er også behov for å sikre auka kapasitet for omsorgsbustader.

Det er sett av areal til offentleg tenesteyting ved Volda omsorgssenter; BOP48, noko som mogeleggjjer vidareutvikling av verksemdene i området. Ein del av arealet er ei endring i samsvar med dagens bruk av arealet. Innan BOP49 er det rom for høgare arealutnytting og auka byggehøgde. Nokre av områda som i dag er nytta til offentleg tenesteyting har fått endra arealformål i samsvar med gjeldande bruk. Dette gjeld BOP54, BOP57 og BOP34.

### Rådhus- og samfunnshusområdet

Det har vore arbeidd med planar for nytt kulturhus ved dagens samfunnshus. Ein bør legge til rette for at området ved dagens rådhus og samfunnshus skal kunne dekkje mange funksjonar (m.a. rådhus, bibliotek, ungdomsklubb, kultursal og tilhøyrande parkering). Det er behov utviding og meir fleksibel arealbruk for området rundt rådhuset og samfunnshuset. Kring rådhuset er det tatt inn to nye areal for offentleg tenesteyting, BOP58 og BOP63. Områda er tiltenkt kulturhus med kino, og endra utnytting av parkeringsarealet. Det vil vere krav om reguleringsplan før gjennomføring av tiltak.

### Sjukehuset og høgskulen

Volda sjukehus og Høgskulen i Volda er store og viktige arbeidsplassar i kommunen, med regionale funksjonar. For å ha areal til framtidige utbyggingsplanar og eventuelle nye lokaliseringsbehov er det naudsynt å halde fast på mest mogleg areal til vidare utvikling i sjukehusområdet og kring høgskulen. Det er lagt vekt på at regionale funksjonar i midtre sentrumssone skal ha tilstrekkeleg areal for vidareutvikling. BOP61 og BOP62 er lagt inn for å sikre areal til sjukehuset og helseføretaket sine framtidige behov.

### Gravplassar

I fylgje gravferdsforskrifta har kommunen ansvar for å sikre tilstrekkeleg areal til gravplassar. Volda kyrkjeleg fellesråd har vurdert behov for eventuelle utvidingar av gravplassane i kommunen og lokalisering av desse. Lid gravplass og Dalsfjord kyrkje har behov for utviding av gravplass og parkeringsareal tilknytt gravplassen. Austefjord kyrkje og Leirshaugen gravplass har også behov for utvidingsareal. Utvidingane bør vere nær eksisterande gravplassar.

På bakgrunn av behov for utvida areal til gravplassar er det lagt til utvidingsareal for Lid gravplass; BGU4. Ved Lid gravplass vil ikkje utvidinga ha store negative

konsekvensar. Totalt er det sett av 3,4 daa til utviding av gravplassar i planen.

Ved Austefjord kyrkje har ein vurdert to ulike alternativ. Det eine alternativet ligg i eit område med fast fjell i dagen, og arealet er truleg lite eigna. Det andre alternativet vil føre til inngrep i viktig naturtype med fleire trua arter av stor nasjonal forvaltningsinteresse. Tiltaket har stor samfunnsnytte, og det er vanskeleg å finne andre gode alternativ. Eit riggområde nord for kyrkjegarden som vert nytta til parkering i dag, kan truleg vere eigna for utviding av gravplassen. Dette arealet var sett av til offentlege formål i Kystsoneplanen. Ein har velt å ta inn arealet med fast fjell i dagen som utvidingsareal til gravplassen, slik at det heller kan nyttast som parkeringsplass. Det er ynskje om areal til campingplass/bubilparkering i same område. Parkeringsareal til gravplassen og campingplass/bubilparkering kan truleg kombinerast. Arealet er difor sett av til fritids- og turistformål (BFT9). Korleis dette kan løysast må vurderast i reguleringsplan.

Ved Dalsfjord kyrkjegard er det innspel om utvidingsareal som ikkje er imøtekome på grunn av landbruksinteresser. Arealet nytta til parkeringsareal som ligg inntil gravplassen kan eventuelt flyttast til



Berte Kanutte-huset, Høgskulen i Volda.

eit areal i nærleiken som ikkje har like stor verdi for landbruket, slik at parkeringsarealet kan nyttast til utviding av gravplassen.

Ved Leirshaugen i Volda sentrum er det eit utvidingsareal i gjeldande reguleringsplan som ikkje er tatt i bruk. Jordbruksarealet er i aktiv drift og ein har vurdert om det er anna areal som kan vere aktuelt. Arealet vest for eksisterande gravplass er vurdert som eit eigna areal for utviding. Dette er også jordbruksareal, og er i strid med både nasjonale mål og lokal arealstrategi. I 1. høyringsutkast vurderte ein likevel at tiltaket har stor samfunnsnytte og at det er viktig å sikre areal til formålet. Tiltaket var difor med i fyrste høyringsutkast. Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla motsegn i høyringsperioden, da tiltaket har store negative konsekvensar for landbruk, ein framleis har unytta areal i eksisterande planar og ein ikkje har gjennomført ein grundig behovsanalyse. Formannskapet har valt å imøtekome motsegnet, og det er difor ikkje sett av nytt utvidingsareal til Leirshaugen.

### Museer, forsamlingslokaler, grendahus

I arbeidet med kommunedelplanen har ein henta inn informasjon knytt til ulike offentlege funksjonar som museer, forsamlingslokaler og grendahus. Ut over å oppdatere plankartet etter dagens bruk, er det tatt inn nye areal ved Sivert Aarflot-museet og areal for nytt kulturhus og kino ved samfunnshuset. Parkeringssituasjonen ved Sivert Aarflot-museet er lite tilfredsstillande. Det er tatt inn eit utvidingsareal; BOP45, for etablering av betra parkeringsløyising og eventuelt andre tiltak som mindre bygg, uteoppfallsareal m.v. Det bør utarbeidast ein samla plan for eit større område i Egsetvika før gjennomføring av aktuelle tiltak.

### Kommunaltekniske anlegg

Rundt om i heile planområdet er større og mindre areal sett av til kommunaltekniske anlegg. Dette er i stor grad areal for VA-anlegg. Det er stort behov for oppgradering av VA-anlegget og det er derfor sett av fleire nye areal til dette formålet ulike stader. Totalt er det sett av 111,5 daa til nye anlegg. Tiltaka er ikkje detaljprosjektert og areal avsett til kommunaltekniske anlegg vil derfor kunne bli redusert i storleik.

På Lauvstad er det sett av areal for nytt vassverk; BAB18 og avløpsreinsing; BAB17. Det er og sett av eit kombinert areal BKB23 for avløpsreinsing og forretning. I Morkabygda er det sett av areal fleire areal til framtidig avløpsanlegg. BAB14 er eit større areal for nytt slamavskilleanlegg med mulegheit for framtidig utviding og eventuelt felles reinseanlegg med Ørsta. BAB15 og BAB22 er pumpestasjon mot BAB14. BAB20 er areal for anten slamavskillar eller pumpestasjon.

I Volda sentrum er det sett av areal både ved Klippa; BAB21 og Juliaberget; BAB23 for nytt hovudreinseanlegg. Nytt hovudreinseanlegg er under utgreiing og areal som er sett av kan endrast. Områda er i tillegg bandlagt i påvente av endeleg avklaring og regulering. BAB16 er eksisterande vassreinseanlegg.

I Austefjorden er det sett av areal til nytt høgdebasseng for Fyrde; BAB19.

I tillegg til nye områder har ein teke ei gjennomgang av areal avsett i tidlegare planar, og teke ut område som ikkje lenger er aktuelle for kommunaltekniske anlegg. BAB3 Fyrde, BAB6 Bjørneset, BAB8 Lauvstad og BAB9 Dravlaus er teke ut av planen.



Dalsfjord fyrmuseim. Foto: Torgeir Stensø.

## 3.4 Fritidsbusetnad, setrar og naust

I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein mål om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde, og å styrke og bygge opp om Volda-Ørsta som handels-, kultur-, og opplevingsdestinasjon. Å legge til rette for fritidsbustader er eit tiltak for å nå desse målsettingane. Fleire gamle setreområde i Volda fortel historia om jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Synleggjering og ivaretaking av slike område kan også nyttast til å nå målsettingane i samfunnsdelen.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema fritidsbusetnad, setrar og naust:

- Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
- Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.
- Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasserast i felt utanfor viktige setremiljø.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Verdifulle setremiljø
- Temakart strandsonekartlegging

### Fritidsbustad

I samband med planarbeidet har ein sett nærare på område for fritidsbustader og naust, og vurdert behov for nye areal. Det er i tidlegare planar om lag 180 ledige regulerte tomter for frittliggande fritidsbustader i planområdet. 120 av dei ligg i Reset hyttegrennd. Der er det også regulert 15 daa til konsentrert fritidshus. På Berknes, Lid og Kråkeneset er det om lag 20 udisponerte hyttetomter. På Lid og Kråkeneset er det også om lag 12 ledige tomter for rorbuer. Dei andre udisponerte hyttetomtene er spreidd rundt ulike stader.

Frå 2000 til 2016 vart det gjeve 33 igangsetjingsløyve for fritidsbusetnad. I same tidsperiode vart det gitt 28 ferdigattestar til fritidsbygg. Slik sett har ein ved å vidareføre areal frå tidlegare planar, rikeleg areal

avsett til fritidsbusetnad, viss ein ser planområdet under eitt.

Det har kome inn ei rekkje innspel med ønske om nye område til hytter, rorbuer og naust. Ein stor del av innspela er uaktuelle grunna potensielle farar avdekka i ROS-analysen. Mange av innspela vil kunne ha negative konsekvensar for friluftsliv, strandsone, landskap og/eller landbruksinteresser, eller vere i strid med arealstrategiar. Det er teke inn fem nye areal for fritidsbusetnad.

Mange av innspela til nye naust og fritidsbustader gjeld området Lid-Berknes. Det er framleis udisponert areal til fritidsbusetnad i området. Dette er eit svært attraktivt hytteområde og det er tatt inn to nye areal BFR79 og BFR199. I Austefjorden er det tatt inn eit nytt område for hytter; BFR201. I Austefjorden er også BFR83 teke inn i samsvar med gitt dispensasjon. I nordenden av Bjørkedalsvatnet er det tatt inn eit areal for fritidsbusetnad; BFR25. Dette er i samsvar med tidlegare gjennomført frådelling til formålet.

### Område for spreidde fritidsbustader i LNF

Det er vidareført 19 område for spreidde fritidsbustader frå tidlegare kommunedelplanar. Det er gitt føresegner for omfang og lokalisering i tillegg til føresegner om utforming, storleik m.v. I føresegnene er det liste over alle område for spreidd fritidsbusetnad. For setrar som inngår i område for spreidde fritidsbustader er det gitt eigne føresegner og retningslinjer.

### Naust

Det finst i dag omlag 600 naust i tidlegare Volda kommune. Nausta er spreidd langs heile kystlina, i tillegg til naust ved enkelte vatn. Jamfør arealstrategiane skal nye område for fritidsbustader og naust i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt eller naustrekker. Lokalisering av naust skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.

Dei fleste naustområda er vidareført frå dei tidlegare kommunedelplanane. Det er teke inn eit nytt område til naust på Lid/Berknes: BFR200-N. Området ligg i forlenginga av eksisterande naustområde. I Volda sentrum er eit areal i Rotsetfjóra sett av til naustformål BFR164-N. Dette er i samsvar med dagens bruk og politiske vedtak om arealbruk i området. I Austefjorden er det tatt inn eit nytt naustområde BFR81-N, og i Løvika er det opna opp for eit nytt naustområde, BFR82-N. På Dravlaus er det teke inn eit nytt område, i forlenginga av eksisterande naustområde; BFR202-N.

### Småbåthamn

Det er vidareført 10 areal for småbåthamn frå tidlegare kommunedelplanar. I tillegg er det småbåthamner i regulerede område der kommunedelplanen ikkje har rettsverknad. Det er motteke fleire innspel om nye småbåthamner. Dei fleste av desse har uakseptable konsekvensar eller er i strid med arealstrategien om småbåthamner. Det er sett av to nye areal for småbåthamn som er eigna til fellesanlegg, i Geitvika og ved Skrubbeneset.

### Setrar

Sæterdrift med mjølkeproduksjon frå storfe og geit har hatt ei sentral rolle i jordbruket gjennom mange hundre år på Sunnmøre. Sæterdrifta var svært viktig for husdyrbruket. Bøndene nytta beitemoglegheitene i skog og utmark, slik at avlingane heime på garden kunne haustast til vinterfôr. Dei fleste gardane hadde sæter eller part i ei sæter. Dei eldste sætrane er frå 1500-talet. Sæterbruket hadde sitt høgdepunkt kring 1850.

På 1990-talet vart det gjennomført ei omfattande registrering av stølsområde i kommunen, der 70 stølsområde vart registrert. Fem av dei vart definert som verneverdige:

- Nyestølen (Dravlausdalen)
- Dansen (Åmela)
- Laurdalssætra (Bjørkedalen)
- Fladalssætra (Tjørnanakkane)
- Kvivsdalssætra (Kalvatn)

Desse inngår no i omsynssone. Føresegnene inneheld krav og retningslinjer knytt til støylar.



Dansen. Foto: Berit Sandvik Skeide.

## 3.5 Landbruk og næringsliv

Landbruk og næringsliv er viktige faktorar for verdiskaping i kommunen. I kommuneplanen sin samfunnsdel har ein sett mål om at Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad. Å satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri- og næringsverksemd og utvikle kompetansearbeidsplassar er strategiar for å få til dette. Ein har også definert ein strategi om å leggje til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp mot dette. Val Volda kommune gjer i dag vil påverke kva moglegheit framtidens generasjonar får til å drive med mat- og jordbruksproduksjon i kommunen, og framtida er avhengige av jordvern. Det er også eit mål å styrke og bygge opp Volda-Ørsta som handels-, kultur- og opplevingsdestinasjon.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema landbruk og næringsliv:

- Legge til rette for berekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Kjerneområde landbruk
- Nasjonal jordvernstrategi
- Senterstruktur sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling

### Landbruk

Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange og hovudsakleg små bruk; i Volda er det 554 landbrukseigedomar med dyrka jord. I 2017 var det 104 landbruksføretak som søkte om produksjonstilskot. Ut frå arealressursstatistikk har tidlegare Volda kommune eit samla jordbruksareal på 21 329 daa 100 % av jordbruksareala vert nytta til gras- eller grovfôrproduksjon. Arealressursstatistikken for Volda syner at den dyrka jorda utgjer 2,8 % og innmarksbeita 1,3 % av planområdet sitt totale areal.

Hovudproduksjonane er basert på grovfôr, med mjølkeproduksjon som den største. Det er om lag 530 kyr i Volda, som produserer ikring 3,8 mill. liter mjølk. I tillegg vert det produsert 0,34 mill. liter geitemjølk.



Vidare er det om lag 1700 vaksne sauer og to aktive svineprodusentar. Slakteleveransen frå jordbruket er årleg på 390 tonn. Landbruksnæringa sysselset 94 årsverk i primærproduksjonen, og omsetnaden utgjer 58 mill. kroner.

Av omsyn til beredskap, busetting, sysselsetting og verdiskaping, kulturlandskap og andre miljøverdier er det behov for å ta i vare mest mogleg av jordressursane. Dyrka og dyrkbar jord er viktig for å sikre matforsyning på lang sikt. Noreg har lite jordbruksareal samanlikna med mange andre land. I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi, der ein viktig målsetting er å redusere tapet av matjord. Det er kommunane som har hovudansvaret for å ta i vare jordressursane. Tal frå dei siste fem åra viser at Møre og Romsdal fylke er eit av dei fylkene som omdisponerer mest landbruksareal årleg.

Rundt tettstadene Volda og Mork-Furene er det fleire viktige samfunnsinteresser som har behov for dei same areala. Arealstrategiane i planprogrammet er tydelege på at kommunen ynskjer bustad- og næringsutvikling i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod. Ein vil legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnett og trasèar for kollektivtransport. Ein ynskjer også å planlegge for korte avstandar mellom målpunkt, og legge vekt på gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange. Dette kan kome i konflikt med landbruksinteressene. Dokumentet Kjerneområde landbruk peikar på spesielt viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. I desse områda er det prioritert å ivareta landbruksinteressene.

I landbruks-, natur og friluftsområda (LNF-område) er det berre høve til utbygging av nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Dei viktigaste jordbruksareala er i stor grad tatt ut av område for spreidd bustad, fritidsbustad og næringsbygningar i dei tidlegare kommunedelplanane.

## Fjordbruk

I Volda finn ein djupe fjordar med god gjennomstrøyming, skjerma farvatn og fjordar som er godt egna for produksjon av høgverdig sjømat.

## Akvakultur


Næringa har gjennomgått ei stor rasjonalisering og strukturendring dei siste åra. Dette har grunnlag både i samordning av sjukdomshandtering, rasjonaliseringsbehov og samordning av drift over kommunegrensar. Det er pr. i dag drift på tre lokalitetar for matfisk i sjø (laks, regnbogeure, aure), tre lokalitetar for settefisk på land (laks,

regnbogeure, aure) og to lokalitetar for skjel (blåskjel, østers) i sjø. Ein har i dialog med næringa og andre aktørar gått gjennom dagens situasjon og kartlagt framtidige behov. Næringa ynskjer å avsette større areal i planen, framfor mindre "frimerkelokalitetar", slik at det vert muleg med endra utforming av anlegga utan dispensasjon frå planen. Dei ynskjer også å vidareføre nokre av dei eksisterande unytta lokalitetane til testing av nye artar.

Dei tre matfisklokalitetane Sandvika (VA9), Kvangardsnes (VA1) og Rønstad (VA2) er vidareført og det er sett av tilstrekkeleg areal for anlegget som gjer det muleg med mindre justeringar av anleggsorientering. Område VA2-Rønstad er utvida for å gjere det muleg med endra anleggsutforming. Delar av fortøyingsanlegget inngår i fleirbruksone (NFFFA). Dei to skjelanlegga i Djupvika (VA3 og VA7) er også vidareført.

Tidlegare areal avsett til akvakulturområde; Alida (VA3), Støylen (VA4), Skrubbeneset (VA6), Skardsteinane (VA5), er ikkje i drift i dag. Desse er likevel foreslått å vidareførast i planframlegget for å gjere det muleg med t.d. oppdrett av andre artar og/eller mellomlagring av flytande utstyr.

Det er foreslått eit nytt areal for akvakultur ved settefiskanlegget på Dale (VA10). Dette vil gjere det muleg med produksjon av større settefisk. Det er satt inn krav om at anlegget skal vere utslippsfritt. Ved Greifsneset er det teke inn eit nytt areal til akvakultur; VA11. Området lå i fleirbruksområde med akvakultur i kystsoneplanen, og er soleis i tråd med tidlegare planar. Det var hensiktsmessig å ta inn arealet som eksklusiv bruk for akvakultur.



Fiskeoppdrett, Voldsfjorden. Foto: Roger Følsvik.

Gjøsdaal, Høydalsneset, Kalvatn, Sageneset og Straumshamn er teke ut av planen då dei er lite eigna. Lokaliteten i Velsvika er tatt ut på grunn av nærleik til eit gytefelt for ein raudlista art og andre akvakulturanlegg.

### **NFFFA (natur, friluftsliv, fiske, ferdsel og akvakultur)**

Fjordane i Volda er svært djupe. Dette medfører at fortøyingane for akvakulturanlegga strekk seg over store areal. I områda VKA3–VKA15 er det derfor opna for allment fleirbruk inkludert akvakultur. I desse områda kan det etablerast fortøyingssystem for akvakulturanlegg i vassøyla og på sjøbotnen. Det er ikkje høve til akvakulturinstallasjonar på vassoverflata.

### **Fiske**

Ti registrerte kaste- og låssettingsplassar er vist med arealformålet fiske. I slike område er det ikkje høve til tiltak som hindrar slikt fiske. Det er og sett av eit viktig gyteområde i Velsvika for ein art på den nasjonale raudlista.

### **Næringsliv, industri og handel**

Volda har høg arbeidsplassdekning, med ein dominerande offentleg sektor som sysselset om lag 46 % av arbeidstokken. Sjølv om servicenæringane og sekundærnæringane står for den største delen av det private næringslivet utgjer dette ein langt mindre del av dei sysselsette enn i resten av fylket. Brunvoll AS er som ein av dei største arbeidsplassane ein stor og viktig arbeidsgjevar i kommunen. Industriverksemnda er ein del av den maritime klynga i regionen. Som andre stader i landet har industriverksemder og næringslivet elles gjennomgått store strukturendringar. Dette er synleg fleire stader som tomme industribygg eller transformering av område frå industriverksemde til handel og bustadformål. I indre sentrumssone er fleire av desse areala endra til sentrumsformål.

Detaljhandelen har og gjennomgått strukturendringar, ved at det vert større vekt på storformathandel med handelsparkar og kjøpesenter utanfor sentrum. Aukande grad av netthandel påverkar også handelsstrukturen. Volda sentrum har eldre bygningsmasse som gjer det utfordrande å behalde detaljhandelen i sentrumskjernen. Volda sentrum har likevel potensiale for å utviklast som handelscenter, det er både fortettingspotensiale og korte avstandar mellom målpunkt. Det er lagt til rette for auka handel i indre sentrumssone ved bruk av sentrumsformål og kombinerte arealformål. Det er lagt opp til meir avgrensa mulegheiter for detaljhandel i midtre sentrumssone enn det eksisterande planar opnar for. Det er opna for meir handel med plasskrevjande varer i Furene.

Næringsområdet på Rotset er tidlegare regulert, og har eit stort utviklingspotensiale. Her er det framleis fleire større, ledige areal for næringsutvikling. Området ligg i midtre sentrumssone, og i gang- og sykkelavstand frå store deler av Volda sine innbyggjarar. Området ligg også i nær tilknytning til hovudvegnettet (E39) og er lett tilgjengeleg for dei som køyrer gjennom kommunen. Området har soleis eit potensiale for å verte eit viktig handelsområde for plasskrevjande varer som det elles ikkje vil vere plass til i indre sentrumssone. Eksisterande reguleringsplanar legg godt til rette for dette.

Furene er eit viktig næringsområde for Volda. Saman med Hovdebygda (i Ørsta kommune) er Furene eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta, og der er framleis noko ledig areal for fleire etableringar av plasskrevjande varer. For å sikre området som eit regionalt viktig handelsområde, er det likevel behov for å sette av meir areal til handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper.

Reiselivsnæringa i Volda har gode føresetnadar for å lukkast innan kortferie og det naturbaserte opplevingssegmentet. Dei mange festivalane i kommunen fungerer som trekkplaster. Det er eit klart potensiale for å legge til rette for fleire typar overnattings-, serverings- og servicetilbod knytt til reiselivsnæringa. På Årset i Austefjorden er eit område som kunne egna seg til etablering av landskapshotel. Tiltaket vil kunne ha negativ konsekvens for naturmangfald og naturmiljø, men ein vurderte at dette kunne løysast i reguleringsplan og tiltaket var difor med i 1. høyringsutkast. Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla motsegn, og formannskapet valte å ta området ut av planen.

Areal knytt til utvikling av reiselivsnæringa må i hovudsak vurderast med bakgrunn i innspel frå grunneigarar og andre initiativtakarar. Det er tatt inn eit nytt areal for fritids- og turistformål; på Kornberg ved Folkestad. Det er elles tatt inn eit areal for spreidd næringsbygg på Helset i Bjørkedalen, slik at det vert høve til vidareutvikling av turistverksemda på garden. Tidlegare Bjørkedal skule er endra til næring/turisme/ bustad (BKB27).

Kommunen ynskjer å legge vekt på å sikre at funksjonar som er i lokalsentra og på bygdene i dag har tilstrekkeleg areal og moglegheit for vidare utvikling. Det er 37 større og mindre næringsareal som er vidareført frå eksisterande kommunedelplanar. Desse areala gjer det muleg å etablere verksemder i bygdene og sikre at funksjonar som er i lokalsentra og på bygdene i dag har tilstrekkeleg areal og moglegheit for vidare utvikling.

Dette vil heilt klart kunne vere med på å sikre busetting og redusere den negative folketalutviklinga på bygdene. I tillegg er det næringsareal som inngår i reguleringsplanar som skal gjelde framfor kommunedelplanen.

Nokre næringsareal er uaktuelle å vidareføre. På Straumshamn er eit næringsareal på Sageneset, knytt til havbruksnæringa, tatt ut. I Velsvika er eit større unytta næringsareal redusert i storleik, for å sikre større avstand til strandsona (BN18). I Volda sentrum er industriareal i Rotsetfjøra endra til bustadformål, naust og friområde. Næringsareal langs vassdrag kan vere redusert noko for å få plass for ei grøntone langs elva. Det er tatt inn seks nye areal til næringsverksemd. Næringsverksemd kan også inngå i kombinerte arealformål saman med til dømes forretning og tenesteyting.

I Morkabygda er det eit bustadareal som i stor grad er nytta til næringsverksemd i dag. Dette arealet inngår i eit nytt større areal for forretning/kontor, og industri sør for dagens E39.

I Austefjorden er det sett av to areal til næringsverksemd. BN33 er nær tilknytt hovudveg (E39) og er slik sett i tråd med arealstrategiar. Området er avgrensa i forhold til viktige landbruks- og naturinteresser. Det bør vurderast om det er behov for avbøtande tiltak for å redusere negative konsekvensar. Det må utarbeidast reguleringsplan før realisering av området. BN34 er eit areal som er i bruk til næringsverksemd i dag.

Det er lagt til rette for vidareutvikling av havbruksnæringa ved sette av næringsareal knytt til eksisterande verksemd. Dette er i samsvar med

arealstrategi om å legge til rette for berekraftig utvikling av fjordbruk. I Dalsfjorden er det tatt inn eit utvidingsareal for eksisterande settefiskanlegg på Dale BN35 og Dravlaus BN37. På Dravlaus vil utvidinga medføre utfylling i sjø. BN41 er ein eksisterande landbase for havbruksnæringa i Naustvika nord for Lauvstad. Det vil vere krav om reguleringsplan.

I Bjørkedalen er det vidareført seks område for spreidde næringsbygningar frå tidlegare kommunedelplan. LSN9 og LSN10 var registrert som areal for næringsverksemd. LSN18 var tidlegare sett av til næringsformål. Dette området er endra til arealformålet spreidde næringsbygningar i tilknytning til landbruksverksemda. Det er sett av eit nytt område på Helset, LSN7, som gjer det muleg å vidareutvikle turistsatsinga på garden.

### Sjønært næringsareal

I møter med næringslivet er det avdekt behov for eit sjønært næringsareal. Området bør vere sentralt plassert, men utanfor tettbygd område. Eit sjønært næringsareal vil kunne frigjere kapasitet på næringsareal andre stader og sikre framtidig utviklingsareal til eksisterande og nye bedrifter.

Det er også andre næringar som har behov for sentralt plassert sjønært industriareal med mulegheit for sjøverts transport av ferdige produkt. Det er vurdert to område i Morkabygda; KU BN17 og KU BN19. Begge områda ligg i nærleiken av hovudveg, og er slik sett i samsvar med arealstrategi om plassering av næringsareal. KU BN17 vil ha store negative konsekvensar for eit viktig friområde og er i strid med arealstrategi om grønstruktur, friluftsliv og kultur. Området har også store ROS-utfordringar. KU BN19 har ingen store negative konsekvensar,



Furene næringsområde. Foto: Regine S. Aklestad..

men det er utfordringar knytt til strandsoneverdiar og tilkomst. Ein vurderer KU BN19 til å vere ein meir egna plassering med mindre grad av negative konsekvensar. Området BN42 (KU BN19) er difor lagt ut til næringsverksemd, med krav om reguleringsplan.

### Masseuttak, mottak og deponi for masser

Det har vore fleire møter med bygge- og anleggsbransjen, med tema mottak og deponi for masser. Under bygging av Voldatunnelen vil det vere behov for mellomlagring av masser. Det er også behov for areal til massedeponi og masseuttak.

### Råstoffutvinning

Det er i tidlegare planar sett av få område til dette formålet. I dei eksisterande kommunedelplanane er det tre område for råstoffutvinning. Dette er BRU3 i Skinvika, Austefjorden, eit mindre grusuttak i Folkestaddalen; BRU12 og eit område i Steinsvika; BRU10. Det er elles utarbeidd reguleringsplan for nokre råstoffuttak, Vassbakkedalen, Alida, Løset og Stigedalen. Elles er det fleire masseuttak som vert drive på eldre dispensasjonar. Næringa er oppmoda om å melde frå om areal som vert nytta til formålet i dag, og framtidige behov. Næringa meiner det er eit sterkt behov for meir masse til bygg- og anleggsnæringa.

I Alida, BRU9, er det drift utanfor rammene i den eldre reguleringsplanen og det er ønskeleg å vidareutvikle dette uttaket. Det er fleire eksisterande uttak i området frå før, og det er vanskeleg å finne andre gode alternativ i nærleiken. Det er derfor tatt inn eit større område til råstoffutvinning. Tiltaket kan ha store negative konsekvensar for viktige naturverdiar i området, noko som vil vere vanskeleg å ta omsyn til. Tiltaksområdet må gjennom arbeidet med driftsplan og reguleringsplan avgrensast mot naturverdiane og det må vurderast behov for eventuelle avbøtande tiltak.

På Grevsneset (BRU8) er det drift i dag, og området er lagt inn i planen til råstoffutvinning. Omfanget av tiltaket vil truleg kunne ta omsyn til verdiane i området og ikkje medføre store negative konsekvensar. Det må avklarast om tiltaket krev sikring mot skred. Før vidare drift må ein ha på plass godkjent drifts- og reguleringsplan for tiltaket. I BKB2 nord for Haukåsen i Morkabygda er det opna for råstoffutvinning/masseuttak i tidsmessig kombinasjon med nærings- og forretningsverksemd. Det er tatt inn eit mindre utvidingsareal til BKB2. Haukåsen er eit viktig landskapselement som må bevarast.

Ved Espenakken i Hjartåbygda (BRU4) og i Gråura ved Nautvika i Dalsfjorden (BRU5) er det tatt

inn nye areal for uttak av masser til byggeråstoff og liknande formål. Det er krav om driftsplan og reguleringsplan før ein kan starte uttak. I BRU5 må områdeavgrensinga vurderast nærare i reguleringsplan, og avbøtande tiltak knytt til viktige naturverdiar skal vurderast særskilt. På Homberset er det vurdert eit område for råstoffutvinning, i kombinasjon med idretts- og bustadformål. Det er ikkje opna for råstoffutvinning i området, men arealet er sett av til idrettsformål jf. vedtak i formannskapet (BIA13).

I Naustvika i Ytre Dalsfjord er det lagt til to nye område til råstoffutvinning, BRU6 og BRU7. Uttak av fastfjellførekomstar til byggeråstoff til tilgrensande tiltak med utviding av næringsareal med hamn og kai for sjøbasert næring. Omfanget av tiltaka vil truleg ikkje medføre store negative konsekvensar, og kan imøtekomast på vilkår av eventuelle avbøtande tiltak i reguleringsplan. Det er krav om driftsplan og reguleringsplan før ein kan starte uttak av masser i områda. Mange uttaksområde i dag vert drive utan driftsplan og reguleringsplan. Ved nye tiltak ut over gjeldande løyve vil det vere krav om at dette er på plass før løyve for vidare drift kan gjevast.

### Massedeponi

Det er ikkje sett av areal til massedeponi i tidlegare kommunedelplanar. Det er gjennom dialog med næringa kome fram eit sterkt behov for område med mulegheit for deponering/mellomlagring av masser i samband med bygg- og anleggsverksemd. Eit slikt område bør ligge nær områda med størst bygge- og anleggsverksemd. Det er vurdert to større areal; eit på Morkaåsen og Langemyra og eit areal mellom Egset og Nordalen. Begge alternativa er utfordrande for naturverdiar og fleire andre utgreiingstema. Alternativet på Morkaåsen synes noko mindre utfordrande og det vil truleg vere enklare med tilkomst til dette området. I 1. høyringsutkast vart dette alternativet med i planen, med krav til reguleringsplan og grundigare utgreiingar av konfliktfylte utgreiingstema og løysing for ny tilkomstveg til området. Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla motsegn til tiltaket, og formannskapet valte å imøtekomme motsegnet med fylgjande grunngjeving: *”Det må takast opp forhandlingar med fylkesmannen vedr. BAB12, massedeponi i Morkaåsen - med sikte på å oppnå semje kvar plassering av massedeponi i området Mork/Egset vil kunne godkjennast. Det vert her m.a. å vise til dei vedtekne reguleringsføresegnene punkt 6.14.5 i reguleringsplan for E39 Volda-Furene.”* Det er opna for at område BKB24 i Morkabygda kan nyttast som massedeponi.

I område Espenakken i Hjartåbygda er det sett av eit mindre areal for deponering av masser BAB13 knytt til masseuttak BRU4.

## 3.6 Transport og kommunikasjon

Eit effektivt tenestetilbod er avhengig av gode kommunikasjonsløyningar internt i kommunen, både når det gjeld vegar, breiband og straumforsyning. For å nå målet i samfunnsdelen om å styrke og sikre regionale funksjonar, og for å vidareutvikle bu- og arbeidsregionen må ein ha gode transport- og kommunikasjonsløyningar. Det same gjeld om ein skal nå målet om å redusere negativ folketalsutvikling på bygdene. Samtidig vil målsettinga om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport gjere at ein må gjere det enklare og meir attraktivt å ferdast med sykkel eller til fots, og ein må i større grad enn tidlegare prioritere løyningar for kollektivtrafikk.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema transport og kommunikasjon:

- Sikre gode kommunikasjonar i regionen og kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Sikre infrastruktur som grunnlag for god kommunikasjon.
- Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonsstilbod.



Ferge, Voldsfjorden. Foto: Regine S. Aklestad.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Områderegulering for E39 Volda–Furene
- Planprogram for kommunedelplan for bru over Voldsfjorden
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda
- Arbeidsdokument kollektivtrafikk, sykkel og elbil
- Barnetrakk Volda hausten 2017
- Barnetrakk Vikebygda skule vår 2018
- Barnetrakk med kartlegging av snarveggar i Volda sentrum
- Yggdrasil, Fiskeridirektoratet sin kartbase

### Transport

E39 og RV651 går gjennom kommunen, og dei to store vegprosjekta Eiksundsambandet og Kvivsvegen har endra trafikkmønsteret i regionen med påfølgjande auka trafikk over Ørsta-Volda lufthamn. Etablering av Voldatunnelen vil flytte gjennomgangstrafikken vekk frå sentrumskjernen, noko som vil opne for nye moglegheiter med omsyn til sentrumsutvikling i Volda.

Volda har ein utfordrande geografi og topografi når det gjeld å få til god kommunikasjon og gode trafikk-løyningar, både mellom sentrum og bygdene og internt i Volda sentrum. I samband med målsetting om å redusere fråflyttinga frå bygdene er gode kommunikasjonar viktige tiltak. Det er starta opp arbeid for bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden. Volda har utfordringar når det gjeld å sikre bygdene rastrygge veggar.

Bustadbygging i dei relativt bratte fjellsidene i Volda sentrum gjer det utfordrande å få til gode og attraktive gangsamband mellom bustadområda og sentrumskjernen. På same måte gir aukande trafikkmengde gjennom allereie etablerte bustadområde utfordringar i forhold til trafikk-sikring og trafikkflyt.

### Fjernveggar

E39 og RV651 går gjennom kommunen. Det er starta arbeid med brusamband over Voldsfjorden. Dette vert ein parsell på RV651. Det skal utgreiast to hovudalternativ i eigen kommunedelplan. Desse er vist på plankartet som illustrasjon. På Folkestadsida er det ikkje lagt opp til endra arealbruk, då LNF-formålet er tilstrekkeleg sikring mot utbygging som kan påverke vegprosjektet. Heller ikkje på Greivneset eller Andaneset er det nødvendig med endra arealbruk, då det ikkje er opna for utbygging. På Rotset vil eventuell påkopling til E39 kunne medføre behov for endra arealbruk. Så lenge det

ikkje er fastsett kva alternativ fjordkryssing som skal realiserast er det ikkje aktuelt å bandlegge areal til formålet.

### Hovudveg

Det vert jobba med bru over Dalsfjorden. I plankartet er det illustrert to trasèar for brukryssing av Dalsfjorden. Det eine alternativet frå Kvangardsneset til Kastseneset - Kornberg og det andre frå Skrubbeneset til Kastseneset - Kornberg. Alternativa er ikkje konsekvensvurdert og må avklarast i eigen kommunedelplan.

### Samleveg

Det er lagt opp til at Uravegen vert ny samleveg. Dette vil spare unødige køyring og gi betre samanheng dei øvre bustadområda. Endringa vil derimot gi negative konsekvensar og utfordringar langs Heltnevegen. Det kan medføre behov for t.d. støydempende tiltak. Dette må vurderast i ny reguleringsplan.

Håskjoldvegen er lite tilrettelagt for auka trafikk og spesielt når det gjeld fotgjengarar. Det er foreslått ein ny tilkomstveg via næringsområdet Furene. Det er behov for nærare avklaring og vurdering av alternativ for ein slik veg.

### Adkomstveg

Det er tatt inn ny tilkomstveg til naust og friområde i Egsetvika og ny tilkomst til busetnaden nedom Egsetsvingen. I Morkabygda er Morkavegen flytta noko lenger vekk frå bustad.

### Farlei

Hovudlei mellom Rovdefjorden og Vartdalsfjorden, og bilei i fjordsystemet i kommunen er lagt inn i plankartet.



Gangveg i Elvadalen. Foto: Torgeir Stensø.

## Transport og klimagassutslepp

Det er eit nasjonalt mål å redusere trafikken i byar og tettstader, m.a. med omsyn til klimagassutslepp, plassbehov, støy- og støvproblematikk og legge til rette for auka fysisk aktivitet i kvardagen. Fortetting, korte avstandar mellom målpunkt og attraktive ferdselsårer for mjuke trafikantar er viktige prinsipp i dette arbeidet.

Kommunedelplanen legg opp til fortetting i eksisterande buområde, og ein har lagt vekt på å legge nye bustadareal i tilknytting til sentrumsområda. Nye buområde er i hovudsak lagt til områder med gang- og sykkelavstand frå barnehagar, skular, arbeidsplassar og andre viktige målpunkt. I indre sentrumssone er fleire større område sett av til sentrumsformål, og det er lagt til rette for transformasjon og fleirbruk av areal.

Som eit ledd i å legge til rette for reduksjon i klimagassutslepp er det er i større grad lagt vekt på å sikre fleire elbil- og sykkelparkeringsplassar. Krav til parkeringsplassar for andre køyretøy ved offentlege bygg, næringsbygg m.v. er tilsvarande redusert. Føresegnene inneheld krav til både bil-, elbil- og sykkelparkering.

Det er lagt til rette for meir næringsareal i Mork-Furene. Dette området er i dag i stor grad bilbasert. Handelsanalysen for Ørsta og Volda viser at det er markedsgrunnlag for meir handel både i Ørsta og Volda kommunar. Rapporten anbefalar at handel med utsalsvarer vert konsentrert til sentrumsområdene. Analysen viser også at det er rom for meir handel med møblar, kvitevarer og andre plasskrevjande varer. Dette er bilbasert handel med eit regionalt markedsområde, og vert anbefalt lokalisert til Furene-Hovdebygda.

Lokalisering av nye områder for plasskrevjande varer bør konsentrerast til eksisterande handelsområder. Handelsanalysen peiker på at Furene-Hovdebygda ligger midt mellom to sentrumsområder, og at området er særleg egna for handel med plasskrevjande varer slik det er definert i plan- og bygningsloven. Ved å auke dekningsgraden for handel med plasskrevjande varer vil ein også kunne redusere transport, ved at kunder slipper å reise ut av kommunen for å få tak i varene. Analysen viser at busette i Ørsta og Volda reiser både til Ulsteinvik, Ålesund og Stryn for å handle. Handelsområdet i Furene er i dag eit kollektivknutepunkt, og ligg langs ein kollektivakse med forbidelser både nordover, sørover og vestover. Det vil vere viktig å legge til rette for vidareutvikling av kollektivtrafikk, sykkel og gange, parallellt med vidareutvikling av handelsområdet.

## Mjuke trafikantar

Det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke kollektiv-, sykkel- og gangtrafikken. Barnetrakkregistreringane peiker på områder der det er spesielt viktig å sikre gode og trygge gang- og sykkelforbindelsar. Å sikre samanhengande grønstruktur frå fjord til fjell må koplust med viktige gang- og sykkeltrasear. Det er i føresegnene sett krav om at gang-, sykkel- og kollektivtrafikk skal vere viktige utgreiingstema i framtidige reguleringsplanar.

### Gang- og sykkelveg

Det er tatt inn framtidige gangveggar eller gang- og sykkelveggar langs følgjande strekningar:

- FV45 Vikebygda–kommunegrense Ørsta
- Uravegen om denne skal endrast til samleveg
- Skuleveg Mork–Morkaåsen
- Gamle Engesetveg–Klokkarvika, gangbru over E39.
- Folkestad ferjekai til Folkestad skule
- Folkestad ferjekai langs fylkesvegen til "gamlebutikken".

### Sykkelveg

I temakartet for infrastruktur er det vist hovudnett for sykkel basert på "Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda". Her skal det prioriterast å legge til rette med sykkelveg.

### Turveg/turdrag

Det er nytta grønstrukturformål for turdrag og turveg/stitrasèar.

## Kollektivtrafikk

Kommunen ynskjer at det skal vere lett å velge miljøvennlig transport. Busstasjonen i Volda ligg sentralt plassert, men tek opp mykje areal i sentrumsområdet, og har til dels dårlege tilhøve når det gjeld venterom eller sittemoglegheiter under tak. Det er heller ikkje sykkelparkering på staden. Området kan utnyttast meir effektivt, med betre fasilitetar enn det er i dag. Haldeplassen inngår i sentrumsformål.

Avstand frå bustad til kollektivtransport er ein viktig faktor for om folk vel å reise kollektivt. Å legge opp til fortetting i Volda sentrum og langs kollektivåreane, er viktige strategiar for å få til dette. I tillegg er det viktig å sikre eit finmaska gangnettverk i buområda, med mange snarveggar, så ein kan kome seg effektivt frå haldeplassar til bustaden. Det er vist to kollektivknutepunkt i planen: Furene og Moritzmarka. Andre haldeplassar er vist i temakart for infrastruktur, som er retningsgjevande for vidare planlegging.

## 3.7 Grønstruktur, friluftsliv og kultur

Dei gode mogelegheitene for naturopplevingar og friluftsliv gjer Volda attraktiv både som studie- og bustadkommune. Det er viktig å ta vare på, framheve og styrke faktorar som gjer Volda attraktiv. Ei viktig målsetting i samfunnsdelen er at alle skal ha tilgang til natur og friluftsliv i kvardagen. I samfunnsdelen står det også at Volda kommune skal arbeide for ein berekraftig naturforvaltning, og sikre biologisk mangfald både på land, i vatn og i sjø. Dette er også i samsvar med målet om å styrke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

### Planprogrammet inneheld fylgjande arealstrategiar for tema grønstruktur, friluftsliv og kultur:

- Sikre og utvikle viktige natur- og friluftslivsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Sikre og vidareutvikle grønstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".
- Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.

### Sentrale føringar, arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument:

- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i Volda kommune
- Kjerneområde landbruk
- Kommunedelplan for kulturminne
- Tettstadsanalyse for Volda sentrum
- Temakart strandsonekartlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

## Grønstruktur og friluftsliv

Naturen i Volda gir eit unikt utgangspunkt for naturoppleving og friluftsliv. Det er eit stadig større fokus på å nytte naturen til dagleg fysisk aktivitet, og tilgang til slike område er viktig i eit folkehelseperspektiv. Ein samanhengande grønstruktur er viktig for innbyggjarane si helse og levekår, og for å oppretthalde det biologiske mangfaldet. Gode grøntområde nyttast som uformelle møteplassar og bidreg til liv i tettstaden. Nærleikeplassar og grønne kilar i bustadområda er med på å auke butrivsel og fremje utandørsaktivitet.

For å utvikle og ta i vare areal for friluftslivet må ein sikre både områda og gode tilkomstar. Ei medviten

haldning til leikeplassar, grønstruktur, snarvegar og "hundremeterskoger" er også viktig. Dokumentet Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde viser viktige friluftslivsområde i kommunen. Det er behov for å gjere fleire av områda lettare tilgjengelege for ålmenta, til dømes ved å sikre atkomst til områda, eller ved å legge til rette for parkeringsplassar knytt til utfartsområda.

I kommunedelplanen er område registrert som friluftslivsområde markert med omsynssone friluftsliv. Kunnskap frå kartlegginga av friluftslivsområda har vore nytta aktivt i konsekvensutgreiinga. I nokre område med arealformål grønstruktur har ein utvida områda for å sikre tilkomst for ålmenta til areala. Fleire stader har ein også lagt inn areal til opparbeiding av parkeringsplass knytt til viktige utfartsområda.

Tettstadsanalysen for Volda sentrum pekar på at Volda ikkje er god nok på å ta i vare koplinga mellom land og sjø. Ei kopling mellom desse elementa er identitetsskapande og kan bidra til å styrke Volda som tettstad. Det er behov for å styrke denne koplinga gjennom kommunedelplanen. Øyraelva er ein av dei viktigaste koplingane mellom fjord og fjell i tettstaden. Grøntområdet langs elva opplever stadig press frå fleire kantar, og det er behov for å fastsette ei byggegrense langs elva.

Kommunen har lange fjordar med lang og til dels bratt strandsone som gjer den lite tilgjengeleg for folk flest. Talet på bygg i strandsona er likevel aukande, noko som indikerer press på den tilgjengelege strandsona. For nye byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggegrense mot sjø fastsetjast i reguleringsplan. Der offentleg veg går nærare sjøen enn 100 meter, fylgjer byggegrensa veglina. 100-metersgrensa gjeld for alle andre område der anna ikkje er fastsett i reguleringsplan.

### **Blågrønstruktur**

Formålet vert nytta for samanhengande, eller tilnærma samanhengande, vegetasjonsprega område. Formålet skal sikre tilgjenge til grøntområde, sikre viktige landskapselement og godt lokalklima. Viktig blågrønstruktur er Elvadalen og grøntareala langs elver og bekkar i Volda sentrum og Vikebygda. Elles er det sett av areal til blågrønstruktur langs elver i dei fleste lokal- og bygdesentra.

Det er krav om tilstrekkeleg vegetasjonsbelte langs vassdrag, jf. vassressurslova. Føresegnene inneheld byggegrenser langs vassdrag, for å ivareta dette. Byggegrensene gjeld vassdrag både med og uten årssikker vassføring, jf. vassressurslova.

Overvatn skal i hovudsak takast hand om lokalt og ope, dvs. gjennom infiltrasjon og fordroying i grunnen og opne vassvegar, utslepp til resipient, eller på annan måte utnytta som ressurs, slik at vatnet sitt naturlege kretsløp vert teke i vare og naturen si sjølvreinsingsevne vert utnytta. Fleirfunksjonelle løysingar skal prioriterast.

Elver og bekkar bør ikkje lukkast. Flytting, senking eller andre vesentlege inngrep i vassdrag skal normalt unngåast. I planar med allereie lukka elver eller bekkar skal ein vurdere, og eventuelt legge til rette for, at flaumvegane kan opnast og restaurerast. Krav og retningsliner knytt til overvatn er teke inn i føresegnene.

### **Naturområde**

Dette er areal som skal ligge utan inngrep og tiltak på eller i grunnen, eller i vegetasjon. Dette underformålet kan nyttast for å ta omsyn til førekomstar av utvalte naturtypar som er i dei grønne områda eller ved tettstaden.

### **Turdrag**

Turdrag er område som kan nyttast i og mellom utbyggingsområde der sikring av gjennomgåande gang- og turdragsamanheng er ynskjeleg. Ein funksjonell korridor for ferdsel kan vere viktig, men også andre omsyn som å ta i vare vegetasjon og landskapsomsyn knytt til turdraget, naturelement, kulturverdiar og spreingskorridor for plantar og dyr. Det er sett av turdrag langs strandsona frå Mork/Egset til Volda sentrum, langs Rotevatnet og elles rundt om i kommunen der det kan vere aktuelt med opparbeiding av sti for betra tilgjenge for alle. Opparbeiding av lett tilgjengelege turstiar nær og mellom bustadområda er gode folkehelseiltak.

### **Friområde**

Formålet vert nytta for å fastlegge grønne areal som er forutsett erverva, eigd og opparbeidd til allmenn bruk og opphald. Det kan t.d. vere leikeplassar, løkker og badeområde. Det er sett av fleire slike areal rundt om i kommunen. Dette er gjerne areal som kan nyttast til kvartalsleikeplassar eller det kan vere friområde og badeplassar.

### **Parkar**

Park har formelt same formål som friområde, men vil som regel vere meir opparbeidd enn friområda. Det er berre parken ved rådhuset som er sett av til dette formålet.

### **Naturområde i sjø og vassdrag**

For dei fleste vassdrag og vatn er det nytta formålet naturområde i sjø og vassdrag. Her er det ikkje tillate med inngrep og tilrettelegging til anna



enn det som kan ha klart positive verknader for naturverdien i vassdraget. Tiltak i vassdrag kan vere konsesjonspliktig jf. Vassressurslova.

### **Friluftsområde i sjø og vassdrag**

Ein finn friluftsområde i vassdrag ved Botnasanden i Vikebygda, og friluftsområde i sjø kring hytte- og friluftsområde på Berkneset. Her er det friluftsliv som er det sentrale og som skal ha fortrinn i bruk av området. Det er ikkje forslag om nye friluftsområde i sjø eller vassdrag.

### **Kombinererte formål i sjø og vassdrag, NF (Natur og friluftsliv)**

Det er sett av eit område i sjø ved Yksnøya; VKA7 og eit i Hovdevatnet der natur- og friluftinteressene er gitt prioritert bruk.

### **Idrettsanlegg**

Idrettsanlegg omfattar anlegg som golfbanar, nærmiljøanlegg, skibakkar, stadion og liknande. Frå dei tidlegare kommunedelplanane er det vidareført fem idrettsanlegg. Dette er fotballbane i Austefjorden BIA3 og på Folkestad BIA1, skytebane i Aldalen BIA4, ridebane i Vikebygda BIA2 og idrettsanlegg på Øvre Rotset BIA5. I tillegg kjem idrettsanlegg som inngår i reguleringsplanar som skal gjelde framfor kommunedelplanen. BIA15 Langemyra, BIA16 Bjørkedalen skytebane og BIA17 Lauvstad er endra til idrettsformål.

Det er foreslått å ta inn sju nye idrettsanlegg. I Vikebygda er det tatt inn tre areal til golfbane; BIA8, BIA9 og BIA10. Dette er anlegg som er i drift i dag. Områda vart i kommunedelplan for Volda sentrum bandlagt i påvente av reguleringsplan. Sjølv om det ikkje er utarbeidd reguleringsplan enda, finn ein det likevel rett å vidareføre etablert arealbruk. Det er sett inn to nye areal til idrettsanlegg i Hjartåbygda: BIA12 og BIA13. På Bjørkedalen (BIA6) og i Høydalen (BIA7) er dei gamle skuleplassane sett av til nærmiljøanlegg.

### **Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap**

Kulturlandskap og kulturminne er viktige kjelder til kunnskap og opplevingar, for utvikling av lokalsamfunn og for verdiskaping for næringslivet. Godt ivaretekne kulturminne og -miljø er identitetsskapande, og kan nyttast aktivt som viktige ressursar for regional og lokal utvikling. Kommunedelplan for kulturminne og Regional delplan for kulturminne inneheld ei oversikt over viktige kulturminner og kulturmiljø. Det er fastsett omsynssone kring desse.

Eit aktivt jordbruk med slått, beiting og ulike husdyr gjev aktive bygder og vakre kulturlandskap. Når areala vert haldne opne vert dei og meir

attraktive for friluftsliv og bruk av ålmenta. Eit aktivt jordbruk er den beste måten å hindre gjengroing av kulturlandskapet i Volda på, og særleg er beiting gunstig for floraen og som motvekt til attgroing. Gjennom kartlegging av kjerneområde landbruk er det valt ut spesielt viktige kulturlandskap knytt til landbruket. Dei verneverdige setrane inngår også i omsynssone for kulturmiljø.

### **Bygningsmiljø i Volda sentrum**

Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Dei er også med på å gjere historier levande. Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke staden sitt omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

I dokumentet “Bygningsmiljø og estetisk rettleiar” har ein sett nærare på Volda sitt særpreg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjæra og sveitserrekkja i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er peika på som viktige bygningsmiljø – frå kvar sine tidsepokar, og på kvar sine måter. Skulebygningane, skifertaka, dei raude løene og alle uthusa er også trukke fram som særpreg for bygningsmiljøet i Volda. I tillegg til områda inneheld dokumentet også liste over enkeltbygningar med nasjonal, regional og lokal høg verdi.



Skifertak i Volda sentrum. Foto: Regine S. Aklestad.

## 3.8 Gjennomgåande perspektiv

Folkehelse, klima og miljø og barn og unge har vore gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema. Her fylgjer nokre døme på korleis dei tre temaene er teke i vare i planen.

### Folkehelse

#### Overordna prinsipp

Det er sett inn krav i føresegnene om at folkehelse skal vere eit førande prinsipp i alle planar. Reguleringsplanar skal gjere greie for verknadar for folkehelse i plan- og influensområda.

#### Tilgang til grøntarealer

Det er lagt vekt på å sikre tilgang til grøntareal i tettbygde strok. I Volda sentrum har ein m.a. vidareført grøntkorridorar langs Øyraelva og andre "sentrumselver". Dette er korridorar med turstiar "frå fjord til fjell". Viktige friluftslivsområde er kartlagt, og det er sett inn omsynssone friluftsliv (H530) med tilhøyrande retningslinjer. Fleire stader har ein lagt inn areal til opparbeiding av parkeringsplass knytt til viktige utfartsområde.

#### Tilrettelegging for fysisk aktivitet og sosiale møteplassar

Kvartalsleikeplassane i Volda sentrum er kartlagt, og det er sett inn fire nye areal til friareal, for å nå målsettinga om at alle som bur i Volda skal ha mindre enn 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass. Det er sett inn føresegn og retningslinjer for å sikre god kvalitet på leike- ute- og opphaldsareal. Føresegnene viser også til dokumentet "Rettleiar for leike- og aktivitetsområde". Område til idrettsanlegg er vidareført frå tidlegare planar. I tillegg er det teke inn inn sju nye areal for idrettsanlegg.

#### Miljøfaktorar

Det er sett inn føresegn og retningslinjer knytt til støy og luftkvalitet.

#### Universell utforming

Det er sett inn føresegn og retningslinjer knytt til universell utforming. I alle plansaker skal det gå fram korleis universell utforming vert teke i vare. Nye bustadar bør planleggast med alle hovudfunksjonar (stue, kjøkken, soverom, bad og toalett) på inngangsplanet. Haldeplassar for kollektivtrafikk skal ta i vare tilgjenge for alle brukargrupper med universell utforming.

#### Konsekvensutgreiing

For alle nye tiltak er konsekvensar for folkehelse vurdert i konsekvensutgreiinga.

## Klima og miljø

### Transport

Transport er ein av dei store utsleppskjeldane av klimagassar. For å redusere forureining har ein lagt vekt på å planlegge for korte reiseavstandar, og legge til rette for transportmidlar som nyttar lite energi. Ved å sette av areal til sentrumsformål i indre sentrumssone, og å legge til rette for høg arealutnytting i føresegn og retningslinjer er det er lagt til rette for fortetting og transformasjon i Volda sentrum. Dette vil bidra til samlokalisering av fleire funksjonar, og at fleire kan bu i gang- og sykkelavstand til arbeidsplassar, skular, barnehagar og andre tenester. Føresegna inneheld krav til parkeringsplassar både for sykkel og elbil. Ein har også fleire andre føresegn som skal sikre at nye utbyggingsområde vert planlagt med effektive og gode løysingar for syklende og gåande. Kollektivtransporten sin framkome skal sikrast på alle hovudruter. Alle tiltak skal legge særleg vekt på tilgjenge for gåande, syklende og reisande med kollektivtransport.

### Avfall

Det er sett inn føresegn og retningslinjer for å ta i vare gode løysingar for handtering av avfall.

### Klimatilpassning

Vurderingar knytt til havnivåstigning, stormflod og bølgepåverknad skal utførast etter gjeldande råd frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap. Føresegnene inneheld krav knytt til tryggleiksklassar og tillate kotehøgde for tiltak. Krava er i samsvar med berekningar frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) knytt til stormflod og havnivåstigning med klimapåslag (tabell 6 i rettleiaren "Havnivåstigning og stormflo", 2016). Ved tiltak i strandsona skal det gjerast ei lokal vurdering av vind- og bølgeforhold ved vurdering av trygg kote.

Område utsatt for flaum og skred er vist som omsynssone i plankartet, med tilhøyrande føresegn. I samband med regulering må reell fare avklarast, og ein må dokumentere tilstrekkeleg tryggleik.

Føresegnene inneheld krav og retningslinjer knytt til handtering av overvatn. Overvatn skal fortrinnsvis takast hand om lokalt og ope. Det er lagt vekt på å ta i vare grøntområde i tettbygde strok.

### Energibruk i bygg

Føresegnene inneheld krav og retningslinjer knytt til energibruk i bygg. Nye tiltak bør ha lågt energibehov, og ein bør nytte energikjelder som gir lågast mogleg utslepp. I alle reguleringsplanar skal ein gjere greie for tiltak som reduserer energibruk og klimagassutslepp.

## ROS-analyse og konsekvensutgreiing

Alle nye tiltak er vurdert i ROS-analysen, sjå neste kapittel. For alle nye tiltak er konsekvensar for klima, transport og samfunnstryggleik vurdert i konsekvensutgreiinga.

## Barn og unge

### Medverknad

Barn og unge har medverka på ulike måtar i prosessen. I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel var ungdomsrådet aktive, og utarbeida ein eigen "Melding frå dei unge". Det har også vore ulike medverknadsprosessar med barn og unge i fleire av kartleggings- og utgreiingsdokumenta, m.a. knytt til Rettleiar for leike- og aktivitetsområde, Barnetråkkregistreringar, kartlegging av snarvegar og kartlegging av leikeplassar.

### Skule og barnehagar

Behov for utviding av areal til skular og barnehagar er vurdert, og det er teke inn og vidareført utvidingsareal m.a. til Bratteberg skule og Rotset barnehage.

### Leike- og aktivitetsområde

Kvartalsleikeplassane i Volda sentrum er kartlagt, og det er sett inn fire nye areal til friareal, for å nå målsettinga om at alle som bur i Volda skal ha mindre enn 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass. Det er sett inn føresegnar og retningsliner for å sikre god kvalitet på leike- ute- og opphaldsareal. Føresegnene viser også til dokumentet "Rettleiar for leike- og aktivitetsområde". Område til idrettsanlegg er vidareført frå tidlegare planar. I tillegg er det teke inn sju nye areal for idrettsanlegg.

### Trafikktryggleik

Det er sett inn fleire føresegnar og retningsliner knytt til trafikktryggleik. Alle tiltak og planar skal fremje trafikktryggleik og gode gang- og sykkelsambindingar.

### Krav til reguleringsplan

Føresegnene inneheld krav om at ein i all planlegging skal ta omsyn til barn og unge sine aktivitetsområde og ferdselsårer. Det skal leggest til rette for trafikksikre snarvegar, gang- og sykkelsamband og varierte aktivitetsområde. Der det er gjennomført registreringar av barnetrakk skal desse leggest vekt på i planlegging av tiltaket. Reguleringsplanar skal synleggjere korleis krav til leikeplassar er oppfylt.

### Konsekvensutgreiing

For alle nye tiltak er konsekvensar for barn og unge vurdert i konsekvensutgreiinga.



# 4 ROS OG KONSEKVENSGREIING

## 4.1 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd ei ROS-analyse, jf. pbl § 4-3. ROS-analysen er ein oversiktsanalyse og ei grov kartlegging av mulege faremoment for å unngå større skadar på liv, helse, miljø og materielle verdiar. Den heilskapelege ROS-analysen for Volda kommune (2014) ligg til grunn for ROS-analysen av kommunedelplanen. Alle innspel til planen som gjeld nye eller endra arealbruk er vurdert i ROS-analysen, og ligg i sin heilskap som vedlegg. Det er gjennomført ROS av alle innspel som gjeld nye eller endra arealbruk.

Følgjande tema er vurdert i ROS-analysen:

### Naturfarar:

- Skred
- Flaum
- Overvatn
- Stormflod, flodbølge, havnivåstigning
- Skog og grasbrann
- Ustabile grunnforhold
- Storm/orkan

### Menneske og naturbaserte farar:

- Handtering av farleg stoff
- Storbrann
- Forureining
- Ulukker med transportmidlar
- Sårbare objekt
- Tilgjenge for naudetatar
- Elektromagnetiske felt
- Terror og sabotasje

I ROS-analysen vert risiko uttrykt ved sannsyn for og konsekvensane av uønska hendingar. I vurderinga har ein nytta tabellen under:

Svært sannsynleg					
Sannsynleg					
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg					
	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofalt

Tabell nytta i vurdering av risiko.

Kommunedelplanen gir rammer og retningslinjer for nye utbyggingsformål og framtidig arealbruk. Gjennom ROS-analysen har ein vurdert alle risiko

og sårbarheitsforhold som er avgjerande for om eit areal er egna til utbyggingsformålet, og om utbygging kan medføre endringar i risiko- og sårbarheitsforhold (jf. PBL § 4-3). Resultatet av ROS-analysen er eit av utgreiingstemaene i konsekvensutgreiinga.

Gjennom bruk av arealformål på plankartet vert det angitt med rettsleg verknad kva arealet kan nyttast til. Forslag til nye utbyggingsområde eller endra arealbruk i område som kjem innanfor dei røde feltene i risikomatrissa er i stor grad ikkje imøtekome. ROS-analysen er slik sett implementert i både plankartet og i konsekvensutgreiinga.

Eksisterande område som ein i ROS-analysen har oppdaga ligg i område med fare, risiko eller sårbarheit, og som likevel er teke med i planen, er merka med omsynssone, jf. pbl § 11-8. Føresegnene til omsynssone inneheld vilkår ved utbygging som er naudsynt for å hindre skade eller tap. Omsynssoner viser omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Omsynssone er ikkje eit byggjeforbod, men ei sone der ein må ta spesielle omsyn, eller der ein må vurdere ulike farar før eventuell utbygging. Det er fleire typar omsynssoner, men dei sentrale i ROS-samanheng er sikrings- og faresone. Rasfareområde er eksempel på faresone, medan området rundt drikkevatt er eksempel på sikringsone. Omsynssone visast i plankartet, og det er knytt føresegner som skal ivareta det omsynet som sone viser. Etablering av omsynssone er eit viktig grep for å ivareta ROS-omsyn. Dersom det er ønskeleg å redusere omfanget av omsynssoner må faren som ligg til grunn for omsynssone kartleggast og utgreiast vidare. Til dømes vil eit rasfareområde kunne verte redusert, dersom ein gjennomfører kartlegging av skredfare og resultatet av denne viser at den reelle faresonen for skred har mindre utstrekning enn aktsemdssone, som ligg til grunn for omsynssone. Tabellen på neste side viser korleis ROS-analysen er ivareteke.

Naturfarar	Avbøtande tiltak i kommunedelplanen
Skred	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Faresone for skred vert lagt inn i plankartet.</li> <li>– Føresegner og retningslinjer vert innarbeidd i kommunedelplanen.</li> <li>– Krav om dokumentert tryggleik mot skred i nye reguleringsplanar.</li> </ul>
Flaum	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Faresone langs alle bekkar og elver vert vist på plankartet.</li> <li>– Det skal settast av grøntkorridor langs større vassdrag i plankartet.</li> </ul>
Overvatn	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Vurdere krav om fordrøyningsanlegg ved regulering.</li> <li>– Krav om overordna vatn- og avlaup-splan ved regulering.</li> <li>– Sikre naturlege flaumvegar i kommunedelplanen.</li> </ul>
Stormflod, flodbølge, havnivåstigning	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Områder i reguleringsplanar og tiltak som ligg lågare enn NN2000 kote 3, skal planleggast og utformast slik at tilstrekkeleg tryggleik kan oppnåast.</li> </ul>
Skog og gras-brann	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak nødvendig</li> </ul>
Ustabile grunnforhold	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> <li>– Krav i føresegn om aktsemd i område med marine avsetningar.</li> </ul>
Storm/orkan	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> </ul>
Menneske og verksemds-baserte farar	Avbøtande tiltak i kommunedelplanen
Handtering av farlege stoff	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> </ul>
Storbrann	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Det må fastsettast nødvendig sikringsone kring verksemd som kjem inn under storulykkeforskrifta.</li> </ul>
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> </ul>
Ulukker med transportmidlar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> </ul>
Sårbare objekt	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Viktige kulturmiljø og kulturminne skal inngå i omsynssone.</li> <li>– Viktige naturområde og naturvernområde skal inngå i omsynssone.</li> <li>– Det skal etablerast omsynsone kring drikkevasskjelder.</li> </ul>
Tilgjenge for naudetatar	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> <li>– Krav om å vurdere sløkkevasskapasitet ved regulering av nye utbyggingsområde.</li> </ul>
Elektromagnetiske felt	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Det skal visast faresone kring høgsentlinjer og transformatorstasjonar.</li> </ul>
Terror og sabotasje	<ul style="list-style-type: none"> <li>– Ingen konkrete tiltak er nødvendig.</li> </ul>

Tema vurdert i ROS-analysen.

## 4.2 Konsekvensutgreiing

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing med vurdering og beskrivelse av planens verknader for miljø og samfunn, jf. pbl § 4-2. Utgreiinga i sin heilskap ligg som vedlegg.

Fylgjande tema er vurdert i konsekvensutgreiinga:


### Miljø:

- Forureining
- Landbruk og jordressursar
- Naturmangfald og naturmiljø
- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskap
- Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv
- Energiforbruk og energiløysingar
- Klima
- Vassmiljø og verna vassdrag
- Strandsone langs sjø og vassdrag

### Samfunn:

- Transport og trafikk
- Teknisk infrastruktur
- Befolkningsutvikling og tenestebehov
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
- Folkehelse
- Estetikk og arkitektur
- Barn og unge
- Forholdet til strategiar om arealbruk

For å vurdere konsekvensane av eit tiltak har ein nytta ein konsekvensvifte til å samastille området sin verdi med påverknaden av utbygginga.



### Konsekvensvifte.

For kvart innspel er det til slutt gjort ei samla vurdering og sett krav til eventuelle avbøtande tiltak, eller alternativ. Tabellane i kapittel 5 viser samla konklusjon for ROS og KU. I kapittel 6 er det gjort ei samla vurdering av verknadane av nye eller endra utbyggingsområde.

# 5 OM PLANFRAMLEGGET

Dette kapittelet inneheld oversikt av forslag til framtidig arealbruk og kva føresegner som er knytt til arealbruken. Drøftingar og vurderingar knytt til ulike arealformål, og utgreiing av kva grep ein har gjort i kommunedelplanen for å støtte opp om mål og strategiar i planprogrammet og samfunnsdelen er gjort i kapittel 3.

Kapittelet er delt inn etter arealformål og omsynssoner. Tabellane i dette kapittelet viser berre forslag til ny og endra arealbruk. Alle andre innspel finn ein i vedlegg. KU nummeret (heilt til høgre i tabellane) viser til namnet området har hatt i konsekvensutgreiinga, innspels- og merknadsprosessen, medan områdenamnet (heilt til venstre i tabellen) viser namnet området har fått i den nye planen. I tabellen kan ein sjå resultat frå ROS-analysen og konsekvensutgreiinga. Det er i tillegg vist omdisponering av dyrka jord og om arealet ligg innanfor kjerneområde landbruk. Samla areal til fomålet er vist i siste rad i tabellane.

## Innspel og merknader

Det er motteke 287 innspel knytt til endra arealbruk. 228 av desse er vurdert i konsekvensutgreiinga. 59 er ikkje med i konsekvensutgreiinga grunna strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker.

I fyrste høyringsperiode er det motteke 28 merknader knytt til endra arealbruk. 20 av desse er vurdert i konsekvens-utgreiinga. 8 er ikkje med i konsekvensutgreiinga grunna strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker.

## Generelle oppdateringar

For fleire arealformål er det gjort endringar i den arealbruken som er vist i dei gamle kommunedelplanane. Arealbruken er oppdatert slik at kommuneplanen i større grad samsvarer med reguleringsplanar eller gjeldande bruk. Ein har også justert formålsgrensene meir nøyaktig mot eigedomsgrensar. Areal kan vere tatt ut, avgrensa som følgje naturfare og andre viktige verdiar, eller erstatta av anna utbyggingsformål.

## Oversikt arealbruk

Under kvart arealformål er det vist kor mykje areal som vart nytta til formålet i dei tidlegare kommunedelplanane. Dette er inkludert også arealbruk som inngår i reguleringsplanar som no gjeld framfor kommunedelplanen. Arealbruk i reguleringsplanar som skal gjelde uavhengig

av kommunedelplanen vert ikkje rekna med i arealoversikta for den nye kommunedelplanen då ein ikkje skal vise arealbruk i slike område. Dei eldste kommunedelplanane er dessutan analoge planar med målestokk som gjer det umogleg å få eit nøyaktig tal på arealbruken.

## 5.1 Bebyggelse og anlegg (pbl § 11–7 nr. 1)

Område for bebyggelse og anlegg omfattar bustad, fritidsbustad, sentrumsformål, kjøpesenter, forretningar, bygningar for offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistformål, råstoffutvinning, næringsbygningar, idrettsanlegg, andre typar anlegg, uteopphaldsareal og grav- og urnelundar.

### Bustad

*Formålet omfattar alle former for (heilårs) busetnad med tilhøyrande anlegg som til dømes fellesareal, uthus, garasjar og hage. I formålet inngår interne vegar, parkering, areal for uteopphald og leik m.v.*

I dei eksisterande kommunedelplanane var det sett av om lag 3477 da til bustader. Dei fleste bustadområda er vidareført i ny kommunedelplan. Mange av desse er ikkje utbygde og det er derfor eit stort urealisert potensiale for bustadbygging med grunnlag i tidlegare planar. Det er ønskjeleg at desse bustadareala vert utbygd før ein legg til rette nye utbyggingsareal. I bygdene bør ein ved neste revisjon av arealdelen ta ein gjennomgang av om ein kan ta ut bustadareal som ikkje er utbygd.

Det er tatt ut bustadareal ovanfor Fyrdshaugen i Fyrde som følgje av at området ligg i faresone for skred og i tillegg synes lite hensiktsmessig. Det er bustadfelt i bygda med ledige tomter. Elles er bustadareal i Nøre Bjørkedal, på Bjørneset, i Dalsbygda, Vassbakkedalen og Åmelfoten endra til spreidde bustader i LNF-område. I Volda sentrum er Porse Studentheimar endra til bustadformål i samsvar med eksisterande bruk. Nokre bustadareal i Volda sentrum som grensar til elver kan vere redusert for å sikre grøntstruktur langs vassdrag.

Totalt er det sett av 16 nye bustadareal rundt om i kommunen med totalt 255,7 daa. I heile kommunen er det dermed sett av 2890,5 daa til bustadareal. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 21,9 daa dyrka jord. 12 daa av dette er prioritert som kjerneområde landbruk.

## Fritidsbustad og naust

Formålet omfattar privateigde fritidsbustadar med tilhøyrande anlegg. Fritidsbustadar er sekundærbustadar som ikkje vert nytta til permanent opphald. Naust er bygningar ved sjøen for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

Dei fleste av områda avsett til fritidsbustader og naust i eksisterande kommunedelplanar er vidareført til ny kommunedelplan. Mange av desse område er ikkje utbygde og det er gjort ei vurdering av om areala er eigna til formålet og om det er behov for det avsette arealet. Det er derfor fleire hytteområde som er redusert i storleik, ma. ved Bueide, Storlida-Dansen og i Bjørkedalen. Ved Bueide (BFR142) er arealet redusert til 62,5 daa. Der er areal som kan vere utsett for skred eller flaum i hovudsak tatt ut. I tillegg er areal som ut frå terrenget er mindre eigna til hyttefelt tatt ut.

Det tatt ein gjennomgang på om det er behov for

tilrettelegging for fritidsbustader i andre område enn der det er hytteområde i dagens planar, og saman med gjennomgang av innspel, er det tatt inn fem nye areal til fritidsbustader/hytter på til saman 34,08 daa.

Det er tatt ein gjennomgang av føresegner og retningslinjer for dei eksisterande areala for hytter og nye føresegner og retningslinjer kan derfor avvike frå tidlegare føresegn. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 5,58 daa dyrka jord. Av dette er 0,7 daa innanfor kjerneområde landbruk.

Alle naustområda er vidareført i ny kommunedelplan. Mange av desse er ikkje utbygde og det er derfor eit urealisert potensiale for naust med grunnlag i tidlegare planar. Det er gitt føresegner og retningslinjer som kan avvike frå tidlegare planar. Det er tatt inn fem nye areal for naust. I heile kommunen er det dermed sett av 2691,8 daa til fritidsbustader og naust.

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
B104			Bustader	28,9	Morkabygda	0	0	KU B4
B106			Bustader	30,8	Morkabygda	0	0	KU B7
B105			Bustader	53,5	Morkabygda	0	0	KU LSB3/LSB1
B234			Bustader	12	Morkabygda	12	12	KU B57
B225			Bustader	6,2	Volda sentrum	0	0	
B33			Bustader	2,7	Bjørkedalen	1,2	0	KU LSB15
B36			Bustader	2,4	Bjørkedalen	2	0	KU LSB21
B100			Bustader	75,4	Austefjordområdet	1,7	0	KU LSB16
B58			Bustader	6,7	Dalsfjordområdet	1,4	0	KU LSB20
B55-57			Bustader	8,9	Dalsfjordområdet	0	0	KU B42
B90			Bustader	3,6	Lid/Berknes	3,6	0	KU B2
B240			Bustader	12,8	Volda sentrum	0	0	KU B55
B241			Bustader	10,2	Volda sentrum	0	0	KU B55
B242			Bustader	1,6	Volda sentrum	0	0	KU F2
<b>Samla</b>			<b>Bustader</b>	<b>255,7</b>		<b>21,9</b>	<b>12</b>	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BFR79			Fritidsbusetnad	4,9	Lid/Berknes	0	0	KU BFR1
BFR180			Fritidsbusetnad	4,38	Lid/Berknes	4,38	0	KU BFR8
BFR81-N			Fritidsbusetnad/naust	1,3	Austefjordområdet	0	0	KU BFR12
BFR83			Fritidsbusetnad	9,1	Austefjordområdet	0	0	KU BFR28
BFR82-N			Fritidsbusetnad/naust	0,66	Dalsfjordområdet	0	0	KU BFR20
BFR87			Fritidsbusetnad	4,5	Bjørkedalen	0	0	KU BFR25
BFR164-N			Fritidsbusetnad/naust	1,1	Volda sentrum	0	0	KU BFR33
BFR200-N			Fritidsbusetnad/naust	3	Lid/Berknes	1,2	0	KU E5
BFR202-N			Fritidsbusetnad/naust	1,3	Dravlaus	0,7	0,7	KU E16
BFR199			Fritidsbusetnad	11,2	Lid/Berknes	0	0	KU BFR31/32
<b>Samla</b>			<b>Fritidsbusetnad/naust</b>	<b>41,44</b>		<b>5,58</b>	<b>0,7</b>	

Nye område for bustad og fritidsbustad og naust.

## Sentrumsformål

*Sentrumsformål omfattar forretningar, tenesteyting og bustader, herunder grønne (ute-) areal til bebyggelsen.*

Sentrumsformål er ikkje nytta i tidlegare kommunedelplanar. Det var i staden nytta kombinerte formål, som i stor grad samsvarar med dei funksjonar som og inngår i sentrumsformål. Dette er eit fleksibelt arealformål som berre bør nyttast i tettstadsentrum med krav om reguleringsplan før det kan gjennomførast tiltak. Dersom eit av formåla som inngår i sentrumsformål ikkje er ønskjeleg å tillate bør ein ikkje nytte dette formålet. Då bør ein heller nytte dei aktuelle underformåla i kombinasjon.

Følgjande område er endra frå tilsvarande kombinerte arealformål til sentrumsformål: BS3, BS5, BS6 og BS7. Alle områda ligg i indre sentrumssone.

Det er sett av seks nye område med tilsaman 51,6 daa til sentrumsformål. Areala var tidlegare sett av til andre utbyggingsformål. Totalt er det sett av 100 daa til sentrumsformål i indre sentrumssone.

## Forretning

*Formålet omfattar areal og bygningar for detaljhandel.*

Det er ni eksisterande område for forretnings-

verksemd i kommunen. Desse er i stor grad lokalisert i bygdene og lokalsentra. Ved neste revisjon av arealdelen bør ein ta ein grundigare gjennomgang av om ein kan ta ut forretningsareal som er lite aktuelle for forretningsdrift eller der eksisterande bygg har andre bruksformål. Eit tidlegare forretningsareal er endra til offentleg tenesteyting.

Det er ikkje foreslått nye område med forretningsformål. Dette formålet inngår derimot i sentrumsformål og andre kombinerte arealformål. I alle forretningsområda er det gitt føresegner om omfang av detaljhandel.

## Bygningar for offentleg eller privat tenesteyting

*Formålet omfattar areal og bygningar for ulike formar for privat eller offentleg tenesteyting, som til dømes barnehage, institusjon, kyrkje/andre trussamfunn eller administrasjon (konsulentverksemd og liknande). Tenesteyting kan også vere kulturformidling, forsamlingslokale, undervisningsinstitusjonar, sjukehus, helseinstitusjonar med meir.*

58 areal er vidareført frå tidlegare planar til offentleg eller privat tenesteyting. Ved neste revisjon av arealdelen bør ein ta ein gjennomgang om det er areal som kan takast ut eller erstattast av andre utbyggingsformål.

Det er lagt til rette for 10 nye område for offentleg

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BS1			Sentrumsformål	7,9	Volda sentrum	0	0	KU BS1
BS2			Sentrumsformål	5,1	Volda sentrum	0	0	KU BS2
BS3			Sentrumsformål	21,1	Volda sentrum	0	0	KU BS3
BS4			Sentrumsformål	0,8	Volda sentrum	0	0	KU BS4
BS8			Sentrumsformål	10,9	Volda sentrum	0	0	KU BKB2
BS10			Sentrumsformål	5,8	Volda sentrum	0	0	KU E8
<b>Samla</b>			<b>Sentrumsformål</b>	<b>51,6</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
O_BOP45			Off. eller priv. tenesteyting	0,5	Morkabygda	0,5	0	KU BOP4
O_BOP46			Off. eller priv. tenesteyting	6,8	Volda sentrum	0	0	KU BOP5
O_BOP48			Off. eller priv. tenesteyting	12,2	Volda sentrum	0	0	KU BOP6
O_BOP54			Off. eller priv. tenesteyting	3,4	Volda sentrum	0	0	KU BOP10
O_BOP47			Off. eller priv. tenesteyting	4,3	Volda sentrum	0	0	KU BOP14
O_BOP57			Off. eller priv. tenesteyting	1,3	Volda sentrum	0	0	KU BOP17
O_BOP58			Off. eller priv. tenesteyting	0,9	Volda sentrum	0	0	KU BOP19
O_BOP62			Off. eller priv. tenesteyting	1	Volda sentrum	0	0	KU BOP23
O_BOP63			Off. eller priv. tenesteyting	1,8	Volda sentrum	0	0	KU BOP24
O_BOP61			Off. eller priv. tenesteyting	4,9	Volda sentrum	0	0	KU B51 og #15
<b>Samla</b>			<b>Off. eller priv. tenesteyting</b>	<b>37,1</b>		<b>0,5</b>	<b>0</b>	

*Nye område for sentrumsformål og offentleg eller privat tenesteyting.*



eller privat tenesteyting med tilsaman 37,1 daa. BOP45 er omdisponert landbruksareal. BOP46 er endra frå forretningsareal og BOP63 er endra frå parkeringsformål. Alle andre er i tidlegare planar sett av til bustadareal.

Totalt er det sett av 406,7 daa til offentleg eller privat tenesteyting. Alle areal sett av til formålet skal vere offentlege. Privat tenesteyting inngår i sentrumsformål og kombinerte arealformål. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 0,5 daa dyrka jord.

### Fritids- og turistformål

*Formålet omfattar utleigehytter og andre typar overnattingsanlegg som vert drive kommersielt. Utleigehytter kan blant anna omfatte utleige av orbu, leirstad med meir. Også hotell, pensjonat, andre overnattingsstader, campingplassar, fornøynessparkar og liknande fell inn under formålet.*

Det er fem eksisterande område for fritids- og turistformål. Dette er stort sett areal sett av til camping i tidlegare planar. Det er fleire hytteområde der det truleg er etablert utleigehytter rundt om i kommunen, og ved neste revisjon av arealdelen bør desse endrast til fritids- og turistformål.

Det er sett av to nye areal til fritids- og turistformål på 17 daa Samla sett er det sett av 188,2 daa til fritids- og turistformål i planen. Framtidig arealbruk til til dette formålet medfører omdisponering av 6,9 daa dyrka jord.

### Råstoffutvinning

*Tiltak som fell inn under dette arealformålet vil blant anna omfatte uttak av mineralske lausmasser (leire, silt, sand, grus, stein, blokk) og fastfjellførekomstar for produksjon av byggeråstoff og liknande føremål.*

Det er i tidlegare planar sett av få område til dette formålet. I dei eksisterande kommunedelplanane er det to område for råstoffutvinning med tilsaman 60,6 daa. BRU3 Skinnvika og BRU12 Folkestaddalen var sett av til næring/industri i tidlegare planar, men er nå sett av til råstoffutvinning.

Fleire masseuttak vert drive på eldre dispensasjonar. Næringa er oppmoda om å melde frå om areal som vert nytta til formålet i dag, og framtidige behov. Næringa meiner det er eit sterkt behov for meir masse til bygg- og anleggsnæringa. Det er tatt inn sju "nye" område for råstoffutvinning. Av desse er BRU4 og BRU5 heilt nye og urøyvde område. Dei andre er i samsvar med gitte dispensasjonar eller utviding av eksisterande drift.

Det er krav om driftsplan og reguleringsplan før ein kan starte uttak av masser i områda. I uttaksområde som i dag vert drive utan driftsplan og reguleringsplan, vil det ved nye tiltak ut over gjeldande løyve vere krav om at dette er på plass før løyve for vidare drift kan gjevast.

Det er sett 415,64 daa til nye område for råstoffutvinning. Totalt er det sett av 476 daa til råstoffutvinning i planen.

### Næringsverksemd

*Næring omfattar industri-, handverk- og lagerverksemd og anna næringsverksemd som ikkje er eige formål. Næringsbebyggelse omfattar ikkje forretning og tenesteyting.*

Det er 33 større og mindre næringsareal som er vidareført frå eksisterande kommunedelplanar. Næringsverksemd inngår også i kombinert arealbruk saman med til dømes forretning og tenesteyting.

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BFT3			Fritids- og turistformål	14,4	Folkestadområdet	5,8	0	KU BFT4
BFT9			Fritids- og turistformål	2,6	Austefjordområdet	1,1	0	KU E11
<b>Samla</b>			<b>Fritids- og turistformål</b>	<b>17,0</b>		<b>6,9</b>	<b>0</b>	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BRU4			Råstoffutvinning	11	Austefjordområdet	0	0	KU BRU3
BRU5			Råstoffutvinning	55,44	Folkestadområdet	0	0	KU BRU5
BRU6			Råstoffutvinning	0,3	Dalsfjordområdet	0	0	KU BRU6
BRU7			Råstoffutvinning	0,4	Dalsfjordområdet	0	0	KU BRU7
BRU8			Råstoffutvinning	69,5	Volda sentrum	0	0	KU BRU9
BRU9			Råstoffutvinning	279	Lid/Berknes	0	0	KU BRU10
<b>Samla</b>				<b>415,64</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

*Nye område for fritids- og turistformål og råstoffutvinning.*

Det er tatt ein enkel gjennomgang av næringsareal i eksisterande kommunedelplanar. Ved neste revisjon bør ein ta ein grundigare gjennomgang av næringsareal som ikkje er nytta til formålet.

På Straumshamn er eit næringsareal på Sageneset, knytt til havbruksnæringa, tatt ut. I Velsvika (BN18) er eit større unytta næringsareal redusert i storleik, for å sikre større avstand til strandsona. I Bjørkedalen er eit område endra frå næring til LSN - spreidd næring i LNF. I Volda sentrum er industriareal i Rotsetfjóra endra til bustadformål og naust. Næringsareal som ligg langs vassdrag kan vere redusert noko for å få plass for ei grøntsone langs elva.

Det er tatt inn seks nye areal til næringsverksemd med til saman 153,74 daa:

- BN33 Reiteåsane - Austefjorden, 96,3 daa
- BN34 Sunndalen - Austefjorden, 8,9 daa
- BN35 Dale, 8,4 daa
- BN37 Køyleneset - Dalsfjorden, 7,5 daa
- BN41 Naustvika - Dalsfjorden, 2,3 daa
- BN42 Eikremshammaren, 30,3 daa

Totalt er det sett av 500,7 daa til næringsverksemd i planen.

## Idrettsanlegg

*Idrettsanlegg omfattar anlegg som golfbanar, nærmiljøanlegg, skibakkar, stadion og liknande.*

Frå dei eksisterande kommunedelplanane er det vidareført fem idrettsanlegg. I tillegg kjem

idrettsanlegg som inngår i reguleringsplanar som skal gjelde framfor kommunedelplanen.

Det er tatt inn seks nye areal for idrettsanlegg med til saman 141,23 daa:

- BIA6 Skuleplass, Bjørkedalen 1,6 daa
- BIA7 Skuleplass, Høydalen, 2,4 daa
- BIA8 Golfbane, 13,6 daa
- BIA9 Golfbane, 27,2 daa
- BIA10 Golfbane, 77,5 daa
- BIA13 Trial, Hjartåbygda, 23,4 daa

## Andre typar anlegg

*Dette omfattar kommunaltekniske anlegg, jf. pbl kap. 18, som vass- og avløpsanlegg, støyvollar, massedeponi, område for andre større terrenginngrep som vindkraftanlegg, små vasskraftverk og liknande.*

Det er vidareført 12 areal med arealformålet andre typar anlegg frå tidlegare kommunedelplanar. Dette er i stor grad areal for VA-anlegg. Ved neste revisjon bør ein ta ein gjennomgang av om alle desse er realisert eller kan takast ut.

Det er tatt inn 11 nye areal for andre typar bygg og anlegg, med tilsaman 36,2 daa:

- BAB13 Masselagring - Espenakken, 7,04 daa
- BAB14 Slamavskillar - Morkabygda, 2,7 daa
- BAB15 Pumpestasjon - Morkabygda, 0,9 daa
- BAB16 Vassreinseanlegg - Volda sentrum, 2,7 daa
- BAB17 Avløpsreinseanlegg, Lauvstad, 2,72 daa
- BAB18 Vassverk - Lauvstad, 1,26 daa
- BAB19 Høgdebasseng - Austefjorden, 2,72 daa
- BAB20 Slamavskillar/pumpestasjon -

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BN33			Næringsvirksomhet	96,3	Austefjordområdet	0	0	KU BN4
BN34			Næringsvirksomhet	8,91	Austefjordområdet	0	0	KU BN5
BN35			Næringsvirksomhet	8,4	Dalsbygda	0	0	KU BN7
BN37			Næringsvirksomhet	7,5	Dalsfjordområdet	0	0	KU BN13
BN41			Næringsvirksomhet	2,33	Dalsfjordområdet	0	0	KU BN14
BN42			Næringsvirksomhet	30,3	Morkabygda	0	0	KU BN19
<b>Samla</b>			<b>Næringsvirksomhet</b>	<b>153,74</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BIA6			Idrettsanlegg	1,6	Bjørkedalen	0	0	KU BIA1
BIA7			Idrettsanlegg	2,43	Høydalen	0	0	KU BIA3
BIA10			Idrettsanlegg	77,5	Vikebygda	0	0	KU BIA6
BIA9			Idrettsanlegg	27,2	Vikebygda	0	0	KU BIA7
BIA8			Idrettsanlegg	13,6	Vikebygda	0	0	KU BIA8
BIA12			Idrettsanlegg	0,5	Hjartåbygda	0	0	
BIA13			Idrettsanlegg	23,4	Hjartåbygda	0	0	KU BIA10
<b>Samla</b>			<b>Idrettsanlegg</b>	<b>146,23</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

*Nye område for næringsverksemd og idrettsanlegg.*

Morkabygda, 0,39 daa

- BAB21 Avløpsreinseanlegg - Volda sentrum, 5,4 daa
- BAB22 Pumpestasjon - Morkabygda, 3,17 daa
- BAB23 Avløpsreinseanlegg - Volda sentrum, 9,3 daa

Totalt er det sett av 44,8 daa til arealformålet andre typar anlegg. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 5,87 daa dyrka jord, innanfor kjerneområde landbruk.

### Uteopphaldsareal

Område til uteopphaldsareal inngår som regel i andre formål, og vert sett av i reguleringsplan. Formålet er ikkje nytta.

### Grav- og urnelund

Grav- og urnelundar omfattar kyrkegardar og offentlege gravplassar.

Det er vidareført tre areal for grav- og urnelund frå tidlegare kommunedelplanar. I tillegg er det gravplassar ved kyrkjer som ligg i område for offentleg tenesteyting. Ved neste revisjon bør ein vurdere å endre dette til grav- og urnelund. Det er sett av to nye areal for grav- og urnelund:

- BGU4 Lid gravplass, 2,68 daa

Totalt er det sett av 33,1 daa til grav- og urnelund. Framtidig arealbruk til til dette formålet medfører omdisponering av 2,68 daa dyrka jord.

### Kombinasjon av byggje- og anleggsformål

Det er høve til å kombinere fleire av underformåla som inngår under hovudformålet bebyggelse og anlegg.

Det er vidareført 15 areal med 254,6 daa for kombinerte formål i Mork-Furene, Volda sentrum i Høydalen og på Bjørkedalen frå tidlegare kommunedelplanar. Det er tatt inn åtte nye areal med tilsaman 281,79 daa for ulike kombinasjonar av bygg- og anleggsformål:

Forretning, kontor, industri:

- BKB9 - Morkabygda, 14 daa
- BKB11 - Morkabygda, 39,61 daa
- BKB12 - Morkabygda, 19,4 daa
- BKB24 - Morkabygda, 200 daa

Bustad, forretning, tenesteyting:

- BKB13 - Halkjelsgata, 1,9 daa

Bustad, forretning, kontor:

- BKB26 - Rotset, 4,6 daa

Forretning, kommunalteknisk anlegg:

- BKB23 - Lauvstad, 0,8 daa

Totalt er det sett av 536,2 daa til ulike kombinerte arealformål. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 39,9 daa dyrka jord.

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BAB13			Andre typar bygg. og anlegg	7,04	Austefjordområdet	0	0	KU BAB2
BAB19			Andre typar bygg. og anlegg	2,72	Austefjordområdet	0	0	KU BAB12
BAB17			Andre typar bygg. og anlegg	0,62	Lauvstad	0	0	KU BAB10
BAB18			Andre typar bygg. og anlegg	1,26	Lauvstad	0	0	KU BAB11
BAB14			Andre typar bygg. og anlegg	2,7	Morkabygda	2,7	2,7	KU BAB4
BAB15			Andre typar bygg. og anlegg	0,9	Morkabygda	0	0	KU BAB5
BAB20			Andre typar bygg. og anlegg	0,39	Morkabygda	0	0	KU BAB14
BAB22			Andre typar bygg. og anlegg	3,17	Morkabygda	3,17	3,17	KU BAB15
BAB12			Andre typar bygg. og anlegg	72	Morkabygda	0	0	KU BAB17
BAB16			Andre typar bygg. og anlegg	2,7	Volda sentrum	0	0	KU BAB6
BAB21			Andre typar bygg. og anlegg	5,4	Volda sentrum	0	0	KU BAB18
BAB23			Andre typar bygg. og anlegg	9,3	Volda sentrum	0	0	KU BAB21
<b>Samla</b>			<b>Andre typar bygg. og anlegg</b>	<b>108,2</b>		<b>5,87</b>	<b>5,87</b>	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BGU4			Grav- og urnelund	2,68	Lid/Berknes	2,68	0	KU BGU1, KU BGU2
<b>Samla</b>			<b>Grav- og urnelund</b>	<b>2,68</b>		<b>2,68</b>	<b>0</b>	

Nye område for andre typar bygg og anlegg og grav- og urnelund.

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
BKB11			Kombinerte formål	39,61	Morkabygda	26,6	26,6	KU BN2
BKB12			Kombinerte formål	19,43	Morkabygda	10,6	0	KU BF2
BKB9			Kombinerte formål	14	Morkabygda	2,7	2,7	KU BN15, KU BN16
BKB23			Kombinerte formål	0,95	Lauvstad	0	0	KU BAB9
BKB13			Kombinerte formål	1,9	Volda sentrum	0	0	KU B14
BKB24			Kombinerte formål	200	Morkabygda	0	0	KU BOP1, KU BOP2
BKB26			Kombinerte formål	4,6	Volda sentrum	0	0	KU E10
BKB27			Kombinerte formål	1,3	Bjørkedalen	00	0	KU E9
<b>Samla</b>			<b>Kombinerte formål</b>	<b>281,79</b>		<b>39,9</b>	<b>29,3</b>	

Nye område for kombinerte formål.

## 5.2 Samferdsel og teknisk infrastruktur (pbl § 11–7 nr. 2)

*Formålet samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur vert nytta for å fastlegge areal for eksisterande eller nye samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Områda omfattar veg, bane, lufthamn, hamn, hovudnett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplassar og traséar for teknisk infrastruktur.*

### Veg

*Veg omfattar trafikksystem, som overordna nett for køyrevegar, fortau, torg og plassar, gatetun med vidare.*

#### Fjernvegar

E39 og RV651 går gjennom kommunen. Det er vist to alternative traséar for bru over Voldsfjorden. Alternativa er ikkje konsekvensvurdert og må avklarast i eigen kommunedelplan. Det er vist to nye avkøyrslpunkt på E39 ved Egsetsvingen.

#### Hovudveg

På plankartet er det vist to traséar for brukryssing av Dalsfjorden. Alternativa er ikkje konsekvensvurdert og må avklarast i eigen kommunedelplan.

#### Samleveg

Det er tatt inn to framtidige samlevegar i planen:

- Uravegen
- Furene - Langemyra/Morkaåsen

Desse må avklarast nærare i reguleringsplan.

#### Adkomstveg

Det er tatt inn to framtidige atkomstvegar:

- Tilkomst Egsetvika
- Tilkomst Egsetsvingen og Egsetstranda.

Desse må avklarast nærare i reguleringsplan.

#### Gang- og sykkelveg

Det er tatt inn seks framtidige gang- og sykkelvegar i planen:

- FV45 Vikebygda - Ørsta grense
- Uravegen om denne skal endrast til samleveg.
- Skuleveg Mork - Morkaåsen.
- Gamle Engesetveg - Klokkarvika - gangbru over E39.
- Folkestad ferjekai til Folkestad skule
- Folkestad ferjekai langs fylkesvegen til "gamlebutikken".

#### Sykkelveg

Hovudnett for sykkel er vist i temakart Infrastruktur.

#### Gangveg

Gamle Engesetveg - Klokkarvika - gangbru over E39.

#### Turveg/turdrag

Det er i stor grad nytta grønstrukturformål for turdrag og turveg/stitraséar.

#### Farlei

Hovudlei mellom Rovdefjorden og Vartdalsfjorden, og bilei i fjordsystemet i kommunen er lagt inn i plankartet.

#### Hamn

*Formålet vert nytta for areal til hamner med kaiar, hamneterminalar, hamnelager. Hamne- og farvannsloven har eigne føresegnar knytt til planlegging og drift av hamner. Desse føresegnene gjeld også for kommuneplanen.*

Det er sett av areal til ti hamner i tidlegare kommunedelplanar. Dette er hamner i Velsvika, Yksnøya, Lauvstad, Løvika, Åmelfoten, Steinsvika,

Høydalen, Skinvika og Volda sentrum. I tillegg inngår det hamner og kai i industriareal og i regulerte område. Det er tatt inn areal for ein ny hamn i Naustvika nord for Tilset. Ved revisjon av planen bør ein ta ein gjennomgang om kva for hamner og kaier som skal visast med arealformålet hamn.

### Kollektivknutepunkt

*Kollektivknutepunkt vert nytta for trafikkterminalar, kollektivhaldeplassar, pendlar- og innfartsparkering og liknande.*

Det er vist to kollektivknutepunkt i planen; Furene og Moritzmarka.

### Parkeringsplassar

*Parkeringsplassar omfattar større innfartsparkeringar, parkeringshus og -anlegg, taxihaldeplass, særskilt tilrettelagde parkeringsplassar, sykkel-, motorsykel- og bussparkeringsplassar og ladestasjon for elbil eller plugin hybrid-bil.*

Det er vidareført 19 parkeringsareal frå tidlegare kommunedelplanar. I tillegg er det parkeringsareal i regulerte område der kommunedelplanen ikkje har rettsverknad.

Det er tatt inn ni nye parkeringsareal med til saman 11,7 daa:

- Egsetvika, 0,47 daa
- Høydalen, 1 daa
- Grøndalen, 1,5 daa
- Folkestadsetra, 0,7 daa
- Dansen, 0,2 daa
- Lisjedalen (Straumshamn), 0,8 daa
- Fyrde, 0,2 daa
- Aldalen, 0,7 daa
- Krøvelseidet, 5,5 daa

Føresegnene inneheld krav og retningslinjer m.a. knytt til parkeringsplassar for bil og sykkel.

### Traséar for teknisk infrastruktur

*Trasé for teknisk infrastruktur er til dømes trasé for vass- og avløpsleidningar, energiforsyning eller telekommunikasjon der det er viktig å sikre areal til desse formåla i plan. Dette gjeld særleg der offentleg teknisk infrastruktur skal sikrast areal for framføring.*

Flaumsikringskanalen i Melshornsida er tatt inn i planen som trasé for teknisk infrastruktur, STI1 og STI2.



Busstasjonen i Volda sentrum. Foto: Regine S. Aklestad..

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
SHA10			Hamn	6,4	Dalsfjordområdet	0	0	KU SHA1
STI2 og STI11			Trasé teknisk infrastruktur	22,7	Volda Sentrum	0	0	KU STI1
SPA26			Parkeringsplassar	0,47	Egsetvika	0	0	KU SPA1
SPA21			Parkeringsplassar	1	Høydalen	0	0	KU SPA2
SPA33			Parkeringsplassar	1,5	Grøndalen	0	0	KU SPA3
SPA27			Parkeringsplassar	0,7	Folkestadsetra	0	0	KU SPA4
SPA32			Parkeringsplassar	0,2	Dansen	0	0	KU SPA5
SPA28			Parkeringsplassar	0,8	Lisjedalen	0	0	KU SPA7
SPA31			Parkeringsplassar	0,2	Fyrde	0	0	KU SPA8
SPA29			Parkeringsplassar	0,7	Aldalen	0	0	KU SPA9
SPA30			Parkeringsplassar	5,5	Vikebygda	0	0	KU SPA10
<b>Samla</b>			<b>Parkeringsplassar</b>	<b>40,17</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	

Nye område for kombinerte formål.

## 5.3 Grønstruktur (pbl § 11–7 nr. 3)

Formålet omfattar samanhengande, eller tilnærma samanhengande, vegetasjonsprega område som ligg i eller i tilknytning til tettstader. Formålet skal sikre tilgjenge til grøntområde, viktige landskapselement og godt lokalklima.

### Blågrønstruktur

Blågrønstruktur er samanhengande grøntområde, gjerne knytt til sjø eller vassdrag. Dette er eit nytt arealformål og fleire område som tidlegare var sett av til grønstruktur eller friområde er no endra til formålet blågrønstruktur. Det er sett av 102 større og mindre areal til grønstrukturformål, med tilsaman 597,5 daa.

### Naturområde

Dette er areal som skal ligge utan inngrep og tiltak på eller i grunnen, eller i vegetasjon. Dette underformålet nyttast for å ta omsyn til førekomstar av utvalte naturtypar som er i dei grøne områda eller ved tettstaden. Sju naturområde med tilsaman 64,7 daa er vidareført frå tidlegare kommunedelplanar.

### Turdrag

Turdrag er område som er nytta for sikring av gjennomgåande gang- og turdragsamheng. Hovudformålet er å sikre ein funksjonell korridor for ferdsel, men også andre omsyn som å ta i vare vegetasjon og landskapsomsyn knytt til turdraget, naturelement, kulturverdiar og spreingskorridor for plantar og dyr er viktige. Formålet turdrag er i hovudsak nytta til samanhengande gangstiar. Det er sett av 14 område til turdrag i planen, på til saman 10,3 daa.

### Friområde

Formålet vert nytta for å fastlegge grøne areal som er forutsett erverva, eigd og opparbeidd til allmenn bruk og opphald. Det kan t.d. vere leikeplassar, løkker og badeområde. Det er vidareført 93 større og mindre friområde frå tidlegare planar. Det er tatt inn fire nye friområde. Det er tatt inn areal som kan nyttast til nye kvartalsleikeplassar i Martavegen, ved prestegarden, i Rotsetfjōra og ved småbåthamna på Rotset. Tilsaman er det sett av 162 daa til friområde i kommunen.

### Parkar

Park har formelt same formål som friområde, men vil som regel vere meir opparbeidd enn friområda. Det er berre parken ved rådhuset som er sett av til dette formålet.



## 5.4 Landbruks-, natur og friluftsmål (pbl § 11–7 nr. 5)

Innanfor dette arealmålet er det berre høve til utbygging av nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag. Det er høve til å nytte underformål:

- areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og næringsvrksemd knytt til garden og basert på garden sitt ressursgrunnlag. I tillegg er det høve til aktuelle tiltak for tilrettelegging for friluftslivet.
- areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar mv., jf. § 11–11 nr. 2. Det er eit krav at busetnaden sitt omfang og lokalisering skal vere angitt i planen.

I dei eksisterande kommunedelplanane er det sett av svært store område for spreidd bustad, fritidsbustader og næringsbygningar. Dette er ikkje i samsvar med gjeldande retningslinjer. Områda sett av til spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar i tidlegare planar er derfor vurdert på nytt ut frå oppdatert kunnskap om naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde, restriksjonsområde kring kulturminne m.v. Nokre område er redusert i omfang i forhold til tidlegare planar, medan andre stader er nye område lagt til på egna areal. Det må gjevast samtykke etter jordlova §9 og §12 for omdisponering og frådelling i område for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar.

### Område for spreidd bustader i LNF

Etter ein gjennomgang av dei eksisterande områda for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar er 65 område for spreidd bustadbygging vidareført frå tidlegare kommunedelplanar med totalt 3854,9 daa. Nokre areal er endra til andre arealføremål i samsvar med dagens bruk, sidan det ikkje er landbruksverksemd i området og det då er lite

hensiktsmessig med handsaming etter jordlova.

I Austefjorden er eit område (LSB53) tilbakeført til LNF. Det er tatt inn fire nye område for spreidd bustader med tilsaman 36,8 daa:

- LSB79 Vassbotnen, 16,6 daa - totalt inntil 6 bustader
- LSB76 Vassbotnen, 8,2 daa - totalt inntil 2 bustader
- LSB77 Årset, 6,5 daa - totalt inntil 2 bustader
- LSB81 Helset, 5,5 daa - totalt inntil 3 bustader

Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 2,5 daa dyrka jord.

### Område for spreidd fritidsbustader i LNF

Det er vidareført 16 område for spreidd fritidsbustader frå tidlegare kommunedelplanar. Det er tatt ut område for spreidd fritidsbustader på Yksnøya. Det er gitt føresegner for omfang og lokalisering i tillegg til føresegner om utforming, storleik mv. Det er ikkje tatt inn nye område for spreidd fritidsbusetnad.

### Område for spreidd næringsbygningar i LNF

I Bjørkedalen er det vidareført fire område for spreidd næringsbygningar frå tidlegare kommunedelplan. Ved neste revisjon børe ein ta ein gjennomgang om alle desse områda framleis er relevante. I tillegg kjem to område som er endra frå næringsverksemd.

Det er sett av to nye område for spreidd næringsbygningar:

- LSN7 Helset, 2,5 daa
- LSN18 Bjørkedalen, 7,8 daa

Totalt er det sett av 54,1 daa til spreidd næringsbygningar i LNF-område. Framtidig arealbruk til dette formålet medfører omdisponering av 2,5 daa dyrka jord.

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
LSB76			Spreidd bustader	8,2	Vikebygda	0	0	KU B36
LSB79			Spreidd bustader	16,6	Vikebygda	7,6	0	KU B38
LSB77			Spreidd bustader	6,5	Austefjordområdet	0	0	KU B52
LSB81			Spreidd bustader	5,5	Bjørkedalen	4,2	0	KU LSB14
<b>Samla</b>			<b>Spreidd bustader</b>	<b>36,8</b>		<b>11,8</b>	0	

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
LSN7			Spreidd næringsbygningar	2,5	Bjørkedalen	2,5	0	KU BFT1
LSN18			Spreidd næringsbygningar	7,8	Bjørkedalen	0	0	
<b>Samla</b>			<b>Spreidd næringsbygningar</b>	<b>10,3</b>		<b>2,5</b>	<b>0</b>	

Nye område for spreidd bustader og næringsbygningar.

## 5.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11–7 nr. 6)

Formålet omfattar alle typar arealbruk på eller i sjø og vassdrag, og eventuelt tilhøyrande strandsone. Formålet kan delast inn i ferdsl, farlei, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. I sjø og dei største vatna er det nytta det generelle formålet utan underinndeling av bruksformer.

### Småbåthamn

Det er vidareført ti areal for småbåthamn frå tidlegare kommunedelplanar. I tillegg er det småbåthamner i regulerte område der kommunedelplanen ikkje har rettsverknad. Det er sett av to nye areal for småbåthamn:

- VS16 Geitvika, 29,8 daa
- VS15 Skrubbeneset, 30 daa

### Fiske

Ti registrerte kaste- og låsettingsplassar er vist med arealformålet fiske. I slike område er det ikkje høve til tiltak som hindrar slikt fiske. Det er og sett av eit viktig gyteområde i Velsvika for ein art på den nasjonale raudlista.

### Akvakultur

Ein har i dialog med næringa og andre aktørar gått gjennom dagens situasjon og kartlagt framtidige behov. Ni sjøareal for akvakultur er vidareført og fem areal er tatt vekk frå kystsoneplanen. Det er tatt inn tre nye areal:

- VA10 - Dale, 32,4 daa

- VA11 - Austefjorden, Greifsnese, 554,6 daa
- VA2 - Rønstad, 671 daa

VA2 - Rønstad er ei utviding av eksisterande område avsett til akvakultur.

### Naturområde i sjø og vassdrag

For dei fleste vassdrag og vatn er det nytta formålet naturområde. Her er det ikkje tillate med inngrep og tilrettelegging til anna enn det som kan ha klart positive verknader for naturverdien i vassdraget. Tiltak i vassdrag kan vere konsesjonspliktig jf. Vassressurslova.

### Friluftsområde i sjø og vassdrag

Ein finn friluftsområde i vassdrag ved Botnasanden i Vikebygda, og friluftsområde i sjø kring hytte- og friluftsområde på Berkneset. Her er det friluftsliv som er det sentrale og som skal ha fortrinn i bruk av området. Det er ikkje forslag om nye friluftsområde i sjø eller vassdrag.

### Kombinererte formål i sjø og vassdrag NF (Natur og friluftsliv)

Det er sett av eit område i sjø ved Yksnøya (VKA7) og eit i Hovdevatnet der natur- og friluftinteressene er gitt prioritert bruk.

### NFFFA (Natur, friluftsliv, fiske, ferdsl og akvakultur)

Det er vidareført ni område for fleirbruk i sjø inkludert akvakultur (NFFFA). Desse områda er eksisterande NFFFA-areal som er slått saman og noko utvida i forhold til NFFFA-areal i Kystsoneplanen. Det er tatt inn to nye NFFFA-areal:

- VKA14 Dale
- VKA15 Steinsvik

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
VS16			Småbåthamn	30	Austefjordområdet			KU VS5
VS15			Småbåthamn	29,8	Dalsfjordområdet			KU VS6
<b>Samla</b>				<b>59,8</b>				

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
VKA14			FFFA	317,8	Dalsfjorden			KU VKA10
VKA15			FFFA	25,6	Dalsfjorden			KU VA11
<b>Samla</b>				<b>343,4</b>				

Område-nr.	ROS	KU	Formål	Areal (daa)	Område	Dyrka jord	Kjerne-omr.	KU nr.
VA10			Akvakultur	32,4	Dalsfjorden			KU VA10
VA2			Akvakultur	671	Rønstad			KU E14
VA12			Akvakultur	554,6	Austefjorden			KU E15
<b>Samla</b>				<b>1258</b>				



I NFFFA-område er det høve for allment fleirbruk inkludert akvakultur. I desse områda kan det etablerast fortøyingsystem for akvakulturanlegg i vassøyla og på sjøbotnen. Det er ikkje høve til akvakulturinstallasjonar på vassoverflata.

## 5.6 Omsynssoner

### 5.6.1 Sikrings-, støy- og faresoner

Sikrings-, støy- og faresoner dekker område som kan vere utsett for skred, ras, flaum, radon, akutt forureining, kraftliner, vassforsyning, støy m.v. Slike soner skal sikre mot fare eller ulykke og hindre miljøulempe eller forureining. Aktsemds- og farekart frå ulike sektormyndene er nytta for å fastsette desse områda. Føresegnene til dei ulike sonene inneheld forbod eller krav om å ta i vare tryggleik og avverje fare.

#### Sikringssoner

Det er vist sikringssone for nedslagsfelt for alle dei kommunale vassverka. Dette inkluderer soner kring kommunale borehol for grunnvassforsyning. Kommunen har ikkje oversikt over nedslagsfelt og borehol for privat vassforsyning.

Innan område H110 og H120 er tiltak som kan medføre fare for forureining av vasskjelda ikkje tillate. Det same gjeld for utviding av eksisterande tiltak. Tilrettelegging for alminneleg ferdsel og friluftsliv som ikkje medfører fare for forureining av vasskjelda kan tillatast.

Det er vist sikringssone rundt Ørsta-Volda lufthamn (H190). Innanfor omsynssona kan det ikkje etablerast hinder (bygningar, vegetasjon, anlegg eller andre innretningar) som overstiger høgderestriksjonar gitt i gjeldande restriksjonsplan for Ørsta-Volda lufthamn.

#### Støysoner

Alle tiltak skal planleggast slik at støytilhøva innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sin gjeldande Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), skal leggast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl § 20-1.

I raud støysoner er det ikkje tillate med støyfølsam arealbruk. Det kan tillatast støyfølsam bruksformål i gul støysoner, dersom ein gjennom avbøtande tiltak tilfredsstillar grenseverdiene i gjeldande Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016, tabell 3). Ved etablering av nye bygningar med støyfølsame bruksformål i gul støysoner, skal det utarbeidast ein støyfagleg utgreiing som synleggjer støynivå ved ulike fasadar på dei aktuelle bygningane, og på uteopphaldsareal.

Med støyfølsame bruksformål meinast barnehagar, bustadar, fritidsbustadar, pleieinstitusjonar, skular og sjukehus. Støyande næringsaktivitet bør ikkje etablerast i same bygning som bustadar. I plan- og byggesaker for støyande næringsverksemd skal det fastsettast maksimumsgrenser for støy for tidsrommet 23.00—07.00 og på søn- og heilagdagane, maksimumsgrenser for dag og kveld og ekvivalente støygrenser.

H210 og H220 viser raud og gul støysoner, basert på kart frå Statens vegvesen.

#### Faresoner

ROS-analysen avdekkjer at store delar av kommunen kan vere utsett for ras- og skredfare. Temakart A Naturfare viser område i kommunen med muleg naturfare.

Omsynssone H310\_S1/S2/S3 ras og skredfare viser områder med potensiell ras- og skredfare. Omsynssona er laga med grunnlag i NVE sine aktesemdskart (Snøskred og steinsprang (NGI) og Jord- og flaumskred aktsemdsområde), og faresonekart for skred i bratt terreng for utvalte bebygde område i kommunen (frå 2019).

Omsynssone H310\_UG ustabil grunn viser potensiell skredfare for områdeskred av kvikkleire. Innanfor desse omsynssonene må den reelle faren avklarast i samband med regulering, og det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik jf. Teknisk forskrift. Resultat frå kartlegging kan medføre at heile eller delar av området ikkje kan byggast ut.

Omsynssone H320 flaumfare viser område der ein ikkje utan nærare kartlegging kan utelukke fare for flaum og erosjon. Dette er areal ved vatn, elver og bekkar, og areal utsett for stormflod eller havnivåstigning. I denne sona må flaumfaren kartleggast i samband med reguleringsplan og utbygging. I fylgje NVE sin rettleiar 2/2011 bør omsynssona leggast på 20 meter på kvar side av bekkar, og 50–100 meter på kvar side av elver med nedslagsfelt større enn 20 km<sup>2</sup>.

NVE sine aktesemdskart for flaum er nytta som utgangspunkt for omsynssona. Det er lagt inn omsynssoner 20 meter på kvar side av bekkar. Langs elver med nedslagsfelt større enn 20 km<sup>2</sup> er omsynssona minst 50 meter. Der NVE sine aktesemdskart viser meir enn 50 meter, fylgjer omsynssona aktesemdskartet. Der NVE sine aktesemdskart viser mindre enn 50 meter, har kommunen vurdert 50 meter på kvar side av elva som tilstrekkeleg. Vurderinga er gjort på bakgrunn av ein gjennomgang av terrengtilhøva langs vassdraga, gjennomførte flaumsikringstiltak og historikk knytt til flaumsituasjonar. I samband med reguleringsplan

E39 Småbåthamna–Elvadalen vart det gjennomført ei flaum- og vasslineberekning for Øyraelva, som ligg til grunn. Fyrdselva, Kilselva, Kolfosselva, Nøre Kalvatnelva, Osdalselva, Skinnvikelva, Stigedalselva, Storelva i Høydalen, Øyraelva og Åmela er elver med nedslagsfelt større enn 20 km<sup>2</sup>.

Omsynssone H330 viser område i kommunen med potensiale for radon. I desse områda må det gjennomførast kartlegging av reell fare i samband med byggetiltak og reguleringsplan.

Omsynssone H350 viser område med brann- og eksplosjonsfare. I desse områda må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik jf. Forskrift om håndtering av eksplosjonsfarleg stoff.

Innanfor omsynssone H360 Skytebane skal den til ei kvar tid gjeldande forskrift for sivile skytebaner laggjast til grunn for utforming og bruk av anlegget. Omsynssone H370 – kraftledning dekker område med magnetfelt over 0,4 µT. Innanfor omsynssona må bygningar etablerast med avstand til kraftledning slik at ein overheld krav etter regelverk under el-tilsynsloven. Utbygging nær høgspenitanlegg skal skje i tråd med krav frå Direktoratet for strålevern og atomberedskap (DSA).

### 5.6.2 Sone med særlege omsyn

I slike soner er formålet å ta spesiell omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller vern av naturmiljø eller kulturmiljø. Desse omsynssonene er i hovudsak knytt til LNF-område. På kommuneplannivå kan berre gjevast retningsliner til desse områda, med unntak av buffersoner rundt verneområde.

#### Omsynssone landbruk H510

Det er gjennomført registrering og prioritering av viktige produksjonsareal og kulturlandskap for jordbruket i Volda. På dette grunnlaget er det peika ut kjerneområde for landbruket, som har fått omsynssone H510. I desse områda bør ein ikkje tillate omdisponering til utbyggingsområde eller andre tiltak som er med på å svekke og/eller er i strid med omsynet til landbruket. Det er gitt retningsline om at tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for, ikkje bør tillatast.

#### Omsynssone friluftsliv H530

Det er gjennomført kartlegging av viktige friluftslivsområde i kommunen. Desse områda inngår i omsynssone for friluftsliv. I desse områda er det ikkje ønskeleg med omdisponering til utbyggingsformål. Omsynssona er ikkje til hinder for jord- eller skogbruk, men det bør ikkje tillatast tiltak

eller inngrep som kan redusere området sin verdi som rekreasjons- og friluftsområde. I reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak skal det takast særlege omsyn til friluftslivsinteresser. Enkel tilrettelegging for friluftslivsaktivitetar kan tillatast etter avtale med grunneigar. Tiltak som krev bruk av maskiner er søknadspliktig.

#### Omsynssone grønstruktur H540

I reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak skal det takast særlege omsyn til kvalitetar knytt til friluftsliv og natur. Ved regulering bør det settast av areal til grønstruktur.

#### Omsynssone landskap H550

I reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak skal det takast særlege omsyn til landskapsverdiar i området. Det bør ikkje tillatast tiltak og inngrep som kan redusere landskapskvalitetane.

#### Bevaring naturmiljø H560

Det er registrert og kartlagt fleire område med viktige naturverdiar i kommunen. Slike område finn ein både i sjø og på land. Saman med fjellområda som er urøyvde av inngrep inngår desse areala i omsynssone for vern av naturmiljø. Det er gitt retningsliner om at det ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak i slike område bør takast særlege omsyn til naturmiljø. Det bør ikkje tillatast tiltak og inngrep som kan redusere området sin naturverdi. I registrerte gyteområde må eventuelle tiltak vurderast opp mot naturmangfaldloven. Det er vilkår for eventuell gjennomføring av tiltak etter pbl at tiltaket ikkje truar eller skadar kvaliteten på og verdien av gyteområda.

#### Bevaring kulturmiljø H570

Det er gjennomført registrering og prioritering av kulturlandskap for jordbruket som del av prioritering av kjerneområde landbruk. Kulturlandskapsområda er gitt omsynssone H570. Kulturminne og kulturmiljø registrert i kommunedelplan for kulturminne og regional kulturminneplan er også gitt omsynssone H570. Det same gjeld omsynssone kring automatisk freda kulturminne. Registreringane har vore aktivt nytta i konsekvensutgreiinga. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til kulturminner og kulturmiljø. I dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" har ein sett nærare på Volda sitt særpreg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjora og sveitserrekkja i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er lagt inn i planen med omsynssone bygningsmiljø. Eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur har fått omsynssoner (sjå også om Bygningsmiljø i Volda sentrum i kapittel 3.7). Formålet med sonene er å ta i

vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Føresegnene inneheld krav og retningsliner knytt til dei ulike områda.

I område innanfor omsynssone H570 skal det i reguleringsplanar og ved gjennomføring av tiltak takast særlege omsyn til kulturmiljø. Nye tiltak skal tilpassast området sitt særpreg. Ved handsaming av søknadar om tiltak skal regional kulturminneforvaltning få høve til uttale før vedtak.

**Omsynssone for sikring av mineralressursar H590**  
Omsynssona omfattar områder med mulig drivverdige råstoffressursar. I desse områda bør det ikkje tillast tiltak som legg hindringar for framtidig råstoffutvinning.

### 5.6.3 Sone for bandlegging

#### Bandlegging for regulering H710

Bandlegging for regulering er ei type bandlegging i påvente av eit vedtak etter plan- og bygningslova som reguleringsplan eller eventuelt vedtak etter andre lovverk for gjennomføring av tiltak. Dette er ei midlertidig bandlegging som er tidsavgrensa til fire år men som etter søknad kan forlengast med fire år.

#### Bandlegging etter lov om naturvern og naturmangfaldslova H720

Det er bandlagt to naturreservat i planområdet; Berkneset og Vindfarholmen. Det er verneføresegnene som er gjeldande i desse områda.

#### Bandlegging etter kulturminnelova H730

Freda kulturminne etter kulturminnelova er bandlagt. I planområdet er det bandleggingssone kring kulturminna.

#### Bandlegging etter vassressurslova H740\_v

Stigedalsvassdraget/Stigedalselva er verna etter verneplan IV for vassdrag. Vassressurslova og verneplanen er styrande for all bruk. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal leggast til grunn i planarbeid knytt til verna vassdrag. Reguleringsmagasin er bandlagt etter vassressurslova. Vassressurslova er styrande for all bruk.

#### Bandlegging etter energilova H740\_e

Større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar er bandlagt etter energilova.

### 5.6.4 Krav om felles planlegging

#### Gjennomføringsone

Innanfor omsynssona er det krav om felles planlegging for alle delområda. Det er lagt inn gjennomføringsone på eit område på Myrane. Omsynssona er vidareført frå kommunedelplan for E39 Volda-Furene.

### 5.6.5 Sone der gjeldande reguleringsplan fortsatt skal gjelde

I desse områda skal gjeldande reguleringsplan framleis gjelde utan endringar. I andre område med gjeldande reguleringsplan gjeld føresegner og retningsliner i kommunedelplanen.

PLANID	PLANNAMN
2019005	Volda ungdomsskule
2018002	Fjellvegen 2–4
2017002	Joplassen - Volda Campus Arena
2016010	Studentbustader Langvatn/Heltne
2016009	Gnr.18, bnr. 1 - Kapteinsvegen 12
2016008	Elvadalen BK1 del av gbnr.: 30/4
2016006	Sevrinhaugen/Dokterhaugen gbr. 19/24 m.fl.
2016004	Detaljregulering for hytteveg Botnen
2016000	E39 Volda - Furene
2014004	Urbakkfoten
2014003	Kvislagrova
2014002	Nygardsvegen
2013002	Sjøvegen_Dalsfjord fyrmuseum
2013001	Sagebakken - Bustadområde
2012011	Strand Egedomen
2012008	Næringsområde Øvre Rotset
2012007	Øvre Heltne-B58
2012004	Detaljregulering Fv 651 (E39) - Årset - Geitvika
2012002	Furene IFK9 m.m
2011012	Bratteberg Aust - endra tilkomst etter skjønn
2011011	Reset Hyttegrend
2011010	Botnavegen
2011008	Norrdalen - B59 - Bustadfelt
2011007	Volda Fjordhotell
2011004	Gamlevegen 48
2011003	Håmyra
2011002	Endring av reguleringsplan for bustadfelt i Morkaåsen
2011001	Detaljregulering for K10 Engeset/Klepp
2010023	Endring Reset(Volda skisenter)
2010021	Skulebakken Lauvstad
2010020	Detaljregulering for setjefiskanlegg i Steinsvika
2010017	Furene Industriområde 2 IFK6 - 7 - Åm
2010016	Heltnevollen
2010012	Hyttfelt H4 - Folkestad
2010011	Øyra Barnehage
2010009	RV651 Løvikneset - Årset
2010008	Bratteberg barnehage
2010007	Bjørkedalen - Masseuttak Løset gbnr.: 93/1 og 93/5
2010006	Hamnekvartalet
2010005	Selvika hyttfelt
2010004	Gjerdeplassen Bustadfelt
2010003	Steinbrot i Stigedalen
2009006	K11 Engeset - Klepp
2009005	Nordsletten

2009002	Skifabrikken
2007007	Øvre Skjellebreida
2007007	Øvre Skjellebreida
2007006	E39 Ekset - Furene
2007005	Myragjerdet 2
2007004	Lid-Kråkeneset
2007001	Vikeneset
2006006	E39 Kvivsvegen
2006004	Rv652 Brautasvingen
2006002	Berkneset - Steinnesstranda Fv 47
2005011	Hytte-/naustområde Berknes Aust del I
2005008	Barnehage på Bømarka
2005006	Brautabogen
2005004	Vassbakkedalen
2005002	Aurstad hytter og camping
2003005	Teigane
2003006	Olivinbrudd i Vassbakkedalen
2002005	Vassendebrua
2002004	Straumshamn
2002002	Søre Bjørkedalen
2002001	Ny bru i Dalsbygda
2001007	Løvikneset
2000001	Morkavika
1998008	Eiksundsambandet Hovdevatnet - Furene
1998003	Bustadfelt B1 Straumshamn
1997001	Del av Volda sentrum
1995005	Bjørkevoll bustadfelt - Lauvstad
1995002	Røysmarka
1994013	Område ved Mork skule
1992004	Bustadfelt Gotene på Lid
1990006	Myraskogane - bustadfelt i Dalsbygda
1989007	Skytebane Sollidalen
1986002	Steinhaugen Folkestad
1985006	Myragjerdet 1

Reguleringsplanar som framleis skal gjelde, der kommunedelplanen ikkje vil ha rettsverknad.

### 5.6.6 Føresegningsområde

Innanfor føresegningsområda er det knytt eigne føresegner i tillegg til dei generelle føresegnene og retningslinene.

#### Senterstruktur og funksjonsfordeling

Volda sentrum skal ha funksjon som hovudsenteret i kommunen. Volda sentrum er delt i tre sonar; «indre sentrumssone», «midtre sentrumssone» og «ytre sentrumssone». Mork-Furene skal ha funksjon som både lokalsenter og knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer. Lauvstad/ Dravlaus, Folkestad og Fyrde skal vidareførast som lokalsenter (bygdesenter).

Det er gitt føresegner knytt til tillate funksjonar for følgjande område:

- Volda sentrum, indre sentrumssone (#13)

- Volda sentrum, midtre sentrumssone (#14)
- Volda sentrum, ytre sentrumssone (#15)
- Mork-Furene (#16)
- Lauvstad/Dravlaus (#17)
- Folkestad (#18)
- Fyrde (#19)

#### Bustadfortetting

Fylgjande overordna prinsipp for bustadfortetting gjeld i Volda tettstad:

- Fortetting kan skje ved påbygg og tilbygg som kan gi fleire bueiningar, ved at store tomter vert delt slik at det vert muleg med oppføring av nye bustadbygg, ved at større bustadbygg vert bygd på areal som ligg unytta og ved å tillate riving/ombygging av eksisterande bygg til fleirfunksjonsbygg med både bustad og andre sentrumsfunksjonar.
- Indre sentrumssone: Effektiv arealutnytting med fornying og transformasjon, hovudsakleg funksjonsblanding med leilegheiter oppover i etasjane.
- Midtre sentrumssone: Effektiv arealutnytting, fortetting i etablerte bustadområde, hovudsakleg konsentrerte småhus og blokkbusetnad.
- Ytre sentrumssone: Meir effektiv arealbruk i nye utbyggingsområde, noko fortetting i etablerte bustadområde.
- Mork-Furene: Nye utbyggingsområde med effektiv arealbruk nær kollektivknutepunktet.

Det er gitt føresegner og retningsliner knytt til bustadfortetting for følgjande område:

- Bustadfortetting i indre sentrumssone (#13)
- Bustadfortetting i midtre sentrumssone (#14)
- Bustadfortetting i ytre sentrumssone (#15)

#### Sætrar og sætreområde som har stor verdi som kulturminne og kulturlandskap

Det er gitt føresegner og retningsliner til følgjande sætrar og sætreområde som har stor verdi som kulturminne og kulturlandskap:

- Nyestølen (#8)
- Dansen (#9)
- Laurdalssætra (#10)
- Fladalssætra (#11)
- Kvivdalssætra (#12)

#### Sone med særleg omsyn til bygningsmiljø

Det er knytt eigne føresegner og retningsliner til viktige bygningsmiljø i Volda sentrum:

- Halkjelsvika (#3)
- Hauane (#2)
- Elvadalen (#7)
- Rotsetfjøra (#6)
- Sveitserrekka (#1)
- Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen (#4)
- Brenslene, Granlida og Furebakken (#5)

# 6 VERKNADER AV PLANEN

## 6.1 Samla verknader av planen

Konsekvensanalysen tek for utbyggingsområde med endra arealbruk, og vurderer konsekvensen for ei rekkje tema. I dette kapittelet er det lagt vekt på å belyse samla verknaden av planen, og område der utbygging kan ha stor negativ konsekvens for enkelttema. Konsekvensanalysen inneheld meir informasjon om dei ulike områda.

I figuren under er det vist fordeling av areal på dei ulike arealformåla i planen:

§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg	Areal (daa)
1110 - Bustader (197)	2890,5
1120 - Fritidsbusetnad (177)	2691,8
1130 - Sentrumsformål (139)	100
1150 - Forretningar (9)	18,4
1160 - Offentleg eller privat tenesteyting (61)	406,7
1170 - Fritids- og turistformål (8)	188,2
1200 - Råstoffutvinning (9)	476
1300 - Næringsvirksomhet (40)	500,7
1400 - Idrettsanlegg (12)	566,6
1500 - Andre typar bygningar og anlegg (25)	44,8
1700 - Grav- og urnelund (6)	33,1
1800 - Kombinert byggje- og anleggsformål (21)	536,2
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>8453,1</b>

§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2001 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal) (12)	15,2
2010 - Veg (13)	27
2040 - Hamn (9)	59,6
2080 - Parkeringsplassar (28)	28,5
2100 - Trase for teknisk infrastruktur (2)	25,1
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>155,4</b>

§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur	Areal (daa)
3001 - Grøntstruktur (105)	597,5
3020 - Naturområde (7)	64,7
3030 - Turdrag (11)	10,3
3040 - Friområde (98)	162,0
3050 - Park (5)	5,9
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>840,4</b>

§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift	Areal (daa)
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunlaget på garden (219)	503424,4
5210 - Spreidde bustader (74)	3891,8
5220 - Spreidd fritidsbusetnad (16)	297,4
5230 - Spreidde næringsbygningar (16)	54,1
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>507667,7</b>

§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (daa)
6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (20)	76004,1
6230 - Småbåthamn (12)	128,2
6300 - Fiske (11)	2336,9
6400 - Akvakultur (10)	3152
6600 - Naturområde (683)	17797,2
6700 - Friluftsområde (6)	43,4
6800 - Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (11)	32892,8
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>132354,6</b>

<b>Totalt alle kategorier:</b>	<b>649471,2</b>
--------------------------------	-----------------

Samla areal for nye/framtidige utbyggingsområde i planframlegg er 1551,29 daa. Dette fordeler seg slik:

Formål	Areal (daa)	Dyrka jord	Kjerne-omr. landbruk
Bustader (B)	255,7	21,9	12
Fritidsbusetnad/naust (BFR)	41,44	5,58	0,7
Sentrumsformål (BS)	51,6	0	0
Off. eller priv. tenesteyting (O_BOP)	37,1	0,5	0,5
Fritids- og turistformål (BFT)	17,0	6,9	0
Råstoffutvinning (BRU)	415,64	0	0
Næringsvirksomhet (BN)	153,74	0	0
Idrettsanlegg (BIA)	146,23	0	0
Andre typar bygg. og anlegg (BAB)	108,2	5,87	5,87
Grav- og urnelund (BGU)	2,68	2,68	0
Kombinerte formål (BKB)	281,79	39,9	29,3
Samferdsel	40,17	0	0
<b>Totalt</b>	<b>1551,29</b>	<b>83,33</b>	<b>48,3</b>

### **Landbruk og jordressursar**

83,33 daa dyrka og dyrkbar jord vert omdisponert som fylgje av framtidig arealbruk som planen legg til rette for. Her er ikkje medrekna nye areal for spreidd bustad og næringsbygg i LNF-område. Av dette ligg 48,3 daa innanfor kjerneområde landbruk.

Utbyggingsområda der dyrka og dyrkbar jord er omdisponert er i hovudsak lokalisert til Volda sentrum og Mork-Furene. Landbruksareal utanfor tettstadene er i liten grad lagt ut som utbyggingsområde.

21,9 daa dyrka jord vert omdisponert til bustader. Eitt av dei ligg innanfor kjerneområde landbruk; B234 i Morkabygda, 12 daa i Morkabygda er det også lagt opp til omdisponering av 39,9 daa til forretning, kontor og industri for å kunne vidareutvikle funksjonen som regionalt viktig handelsområde.

Utbyggingsområda er viktige for vekst og utvikling av tettstaden, og vil støtte opp om mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Ved å konsentrere utbygging til sentrumsnære område oppnår ein meir effektiv areal- og transportbruk, noko som kan bidra til å redusere utslepp frå transportsektoren. Å legge til rette for auka bruk av sykkel og gange er i tillegg ein viktig strategi for å fremme folkehelsa. Fleire folk busett i Volda sentrum vil verke positivt for utvikling av sentrumsområdet. Utviding av næringsområdet i Furene er ein viktig strategi for å styrke Volda som eit regionalt viktig handelsområde.

### **Naturmangfald og naturmiljø**

Eit større areal på 200 daa for forretning, kontor og industri i Morkabygda BKB24 (KU BOP1 og 2), har store negative konsekvensar for naturmangfald og naturmiljø.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø i det regionalt viktige trehusmiljøet i Røysgata; BKB13 (KU B14). Området har fått omsynssone, og omsyn til bygningsmiljøet og omgjevnadene må leggest vekt på i reguleringsplan.

### **Landskap**

Planen vil ha stor negativ konsekvens for landskapet ein stad; i Morkabygda; B104 (KU B104). I Morkabygda er det ynskjeleg å legge til rette for bustadar, men vanskeleg å finne gode alternativ, mellom anna grunna viktige landbruksareal i området. Ein vurderer difor at område B104 kan nyttast til bustadar, sjølv om det har negative konsekvensar for landskapet.

### **Vassmiljø og verna vassdrag**

Eit hytteområde ved Bjørkedalsvatnet kan ha stor

negativ konsekvens for vassmiljø og det verna Stigedalsvassdraget BFR87 (KU BFR25). Det er lagt omsynssone med føresegner til Stigevassdraget, med krav om å ta omsyn til verneverdiane i området.

### **Strandsone langs sjø og vassdrag**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for strandsona langs sjø og vassdrag to stader; i Egsetstranda; B106 (KU B7) og ved Bjørkedalsvatnet BFR87 (KU BFR25). Ved Egsetstranda er området avgrensa mot sjøen, for å redusere konsekvensen for strandsona. I Folkestadområdet er området avgrensa og trukke lenger vekk frå vatnet, for å ta i vare strandsona langs vassdraget.

### **Transport og trafikk**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for transport og trafikk ved Egsetstranda B106 (KU B7), da utbygging krev ny avkøyrsløse frå E39. Føresegnene inneheld rekkefølgekrav om at området ikkje kan byggast ut før E39 er lagt om.

### **Teknisk infrastruktur**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for teknisk infrastruktur ved utbygging i Egsetstranda B106 (KU B7), der det er manglande kapasitet når det gjeld vatn og avløp. Sjølv om det ikkje er andre område som er vurdert med stor negativ konsekvens i konsekvensanalysa er det mange område som vil kreve ny VA-infrastruktur, og kostnader knytt til dette. Hovudplan for vatn og avlaup viser at det er store behov for investeringar knytt til vatn og avlaup i kommunen, spesielt gjeld dette i Volda sentrum. Fleire stader manglar ein også oversikt over dagens kapasitet. Dette må vere på plass før ein kan sette i gang større utbyggingsprosjekt. Større utbyggingsprosjekt er også avhengig av kapasitet på vegsystemet. Fleire utbyggingsområde har fått rekkefølgekrav knytt til teknisk infrastruktur.

### **Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit**

Fleire av utbyggingsområda ligg innanfor område utsett for skred, flaum eller andre aksemdsområde. Nærare avklaring av naturfare må skje i reguleringsplan før utbygging kan tillatast.

### **Estetikk og arkitektur**

Planen kan ha stor negativ konsekvens for estetikk og arkitektur i Røysgata, BKB13 (KU B14). Det er lagt omsynssone på viktig bygningsmiljø i Røysgata, og omsyn til bygningsmiljøet og omgjevnadene må leggest vekt på i reguleringsplan.

### **Forholdet til strategiar om arealbruk**

Fleire av næringsområda i Morkabygda BKB 9 (KU BN15 og KU BN16) kan vere i strid med arealstrategiar om sentrumsutvikling, transport og kommunikasjon.

Områda er i tråd med arealstrategi om næringsareal langs hovudvegnett. Det er også ynskjeleg å sikre areal for framtidig næringsutvikling i Furene. Føresegnene inneheld krav knytt til type verksemd som er tillete i området. Føresegnene inneheld rekkefølgekrav om at området ikkje kan byggast ut før Voldatunnelen er utbygd.

Næringsområde i Austefjorden BN4 (KU BN5) er også i strid med arealstrategi om lokalisering av næringsareal. Området vert nytta til næring i dag, og vert vurdert som eit viktig, mindre område for næringsverksemd på bygdene.

Utbyggingsområde i Røysgata BKB13 (KU B14) er i strid med arealstrategi om å ta i vare viktige kulturmiljø og kulturminne, men i samsvar med strategi om busetnad, transport og kommunikasjon. Det er lagt omsynssone på viktig bygningsmiljø i Røysgata, og omsyn til bygningsmiljøet og omgjevnadene må leggast vekt på i reguleringsplan.

Utbyggingsområdet i Vassbotn LSB79 (KU B38) er i strid med busetting og om landbruk, men er imøtekome som spreidd bustadar i LNF, med krav om behandling etter jordlova.

BFR87 (KU BFR25) i Folkestadområdet er i strid med arealstrategi for fritidsbusetnad, setrar og naust. Området inneheld ein eksisterande hytte. Området er avgrensa mot vatnet for å redusere dei negative konsekvensane.

**Andre tema:**

Ingen av utbyggingsområda vil ha store negative konsekvensar for fylgjande tema:

- nærmiljø, grønstuktur og friluftsliv
- energiforbruk og energiløysingar
- klimaendringar
- forureining
- befolkningsutvikling og tenestebehov
- barn og unge
- folkehelse



## 6.2 Oppsummering hovudtema

<b>Sentrumsutvikling og senterstruktur</b>
<b>Arealstrategiar</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokalisert til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.</li><li>• Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.</li><li>• Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.</li></ul>
<b>Behov</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Legge til rette for fortetting, transformasjon og fleksibel arealbruk i indre sentrumssone.</li><li>• Legge til rette for fortetting og utbygging av udisponert bustadareal i midtre sentrumssone. Behov for meir bustadareal i midtre sentrumssone. Potensiale for å utvikle Rotset som eit suppleringscenter for handel. Behov for utviding av næringsområdet i Furene. Sikre at funksjonar i lokalsentra har tilstrekkeleg areal.</li><li>• Definere kva område som er spesielt viktige å ta i vare m.o.t. bygningsmiljø.</li></ul>
<b>Tiltak i planen</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidarefører areal til fortetting og transformasjon i indre sentrumssone. Lagt inn fleire større areal som sentrumsformål, for å sikre at områda kan nyttast fleksibelt og til ulike sentrumsfunksjonar.</li><li>• Vidarefører område til offentleg og privat tenesteyting kring eksisterande institusjonar.</li><li>• Rotset: Eksisterande plan legg til rette for etablering av handelpark med høve til handel av både plasskrevjande varer og detaljhandel. Detaljhandel totalt samla areal inntil 6000 m<sup>2</sup> i midtre sentrumssone. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000 m<sup>2</sup> BRA. Furene: legg til rette for utvikling av næringsområdet, med 273 daa til kombinert formål. Plasskrevjande varer med min. 1000 m<sup>2</sup> BRA tillate. Ikkje detaljhandel ut over 3000 m<sup>2</sup> BRA.</li><li>• Det er lagt inn areal (m.a. næringsareal) slik at funksjonar i lokalsentra og på bygdene har moglegheit for utvikling.</li><li>• Planen inneheld omsynssoner med føresegner knytt til bevaring av viktig bygnings- og kulturmiljø.</li><li>• Bustadbebyggelse: sjå tema Busetting.</li></ul>
<b>Busetting</b>
<b>Arealstrategiar</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.</li><li>• Nye bustadfelt skal lokalisert i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.</li><li>• Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterar samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.</li><li>• Det kan leggest til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.</li></ul>
<b>Behov</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Framskrivning av folketalet mot 2030 viser ein forventta folketalesauke på om lag 950 personar. Utviklinga viser at folketalet i bygdene går ned, medan det i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten. Ein må difor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1200–1300 personar i Volda sentrum.</li><li>• Det er behov for 750 små bustader eller leilegheiter og 200 ein- eller tomannsbustader i Volda sentrum.</li><li>• Det er behov for å etablere fleire tomtereserver i tettstadene. Det er berre i lokalsentra og tettstadene det er ynskjeleg med bustadfelt og det er berre i Mork-Furene og Volda sentrum det er behov for tilrettelegging av nye bustadfelt.</li><li>• Det er behov for areal til bustadar på Mork.</li><li>• Det er behov for å sjå nærare på område til spreidd bustad, og oppdatere dei i høve m.a. skred- og flaumkart.</li></ul>
<b>Tiltak i planen</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjort grep for å kunne legge til rette for etablering av opp mot 400 nye leilegheiter i indre sentrumssone ved fortetting, fornying og auka grad av bustadtettleik.</li><li>• I midtre sentrumssone er det lagt til rette for omlag 650 nye bustader.</li><li>• I ytre sentrumssone er det framleis tomtereservar som ikkje er utbygd med mulegheit for omlag 500 nye bustader, hovudsakleg frittliggande småhus. Det er ikkje lagt inn nytt areal til bustadareal i ytre sentrumssone, som ein bevisst strategi for å legge press på å realisere fortettingsprosjekt og utbygging av areal i indre og midtre sentrumssone.</li></ul>



- For Mork-Furene er det lagt til rette for auka busetting med 125 daa til bustadformål.
- I lokalsentra er det gode mulegheiter for 10–15 nye einebustader i planperioden, i eksisterande bustadfelt og som spreidd bustadbygging. Det er ikkje lagt til rette for nye bustadfelt på bygdene.
- Det er sett av egna område til spreidd bustadbygging i LNF-område i lokalsentra. Områda sett av til spreidd busetnad i tidlegare planar er vurdert på nytt ut i fra oppdatert kunnskap om naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde, restriksjonsområde kring kulturminne oa. Nokre område er difor redusert i omfang i forhold til tidlegare planar. Nokre nye område er lagt til på egna areal.

## Offentlege og allmenne formål

### Arealstrategiar

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliseras til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliseras til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliseras i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.

### Behov

- Behov for utviding av areal ved Mork barnehage.
- Behov for å utvide areala til Bratteberg skule, Mork skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule.
- Viktig å sikre handlingsrom og areal rundt dei sentrale pleie- og omsorgsinstitusjonane i kommunesenteret; Volda omsorgssenter og Fjordsyn. Behov for å sikre auka kapasitet for omsorgsbustader.
- Ynskjer at noverande og framtidige regionale funksjonar skal ha rikeleg areal til vidareutvikling. Ynskjer at allmenne formål skal lokaliseras i gangavstand frå sentrumskjernen. Behov for utviding og meir fleksibel arealbruk for området rundt rådhuset og samfunnshuset.
- For å ha areal til framtidige utbyggingsplanar og eventuelle nye lokaliseringsbehov er det naudsynt å halde fast på mest mogleg areal til vidare utvikling i sjukehusområdet.
- Austefjord kyrkje, Dalsfjord kyrkje, Leirshaugen gravplass og Lid gravplass har behov for utvidingsareal.
- Det er eit stort behov for oppgradering av VA-anlegg.

### Tiltak i planen

- Det er lagt inn utvidelsesområde til Bratteberg skule. Det er ikkje lagt inn utvidelsesområde til Mork skule, Øyra skule eller Volda ungdomsskule. Dei to sistemnde skulane har gangavstand til andre friområder og til Campus Arena, som kan kompensere for lite internt areal.
- Område til offentlig tenesteyting ved Volda omsorgssenter er utvida mot nord-aust. Her er det også mogleg å fortette eller utnytte eksisterande areal annleis.
- Ved Fjordsyn er det ikkje lagt inn utvidelsesområde. Det er framleis noko uutnytta areal innanfor eksisterande område, og det er lagt til rette for høgare utnytting.
- Området avsett til privat og offentlig tenesteyting rundt rådhuset og samfunnshuset er utvida. I nord er ein tomt omregulert frå bustad til offentlig og privat tenesteyting. Området avsett til parkeringsplass og park i tidlegare planar er også sett av til offentlig og privat tenesteyting.
- Det er lagt til utvidingsareal for Lid gravplass. Ved Austefjord kyrkje er eit areal sett inn til utviding av parkering. Det er ikkje sett inn utvidingsareal til Dalsfjord kyrkje eller Leirshaugen gravplass.
- Areal sett av til offentlig tenesteyting rundt sjukehuset og høgskulen er vidareført. Området ved sjukehuset vert utvida mot Bøkevegen i nord-vest, som i tidlegare planar.
- Områda rundt museer, forsamlingslokaler og grendahus er oppdatert i planen etter dagens bruk. Det er lagt inn utvidingsareal m.a. knytt til trykkerimuseet.
- Det er sett av areal til oppgradering av VA-anlegget ulike stader, m.a. knytt til vassverk, pumpestasjon og høgdebasseng. Det er sett av areal til framtidig avløpsreinseanlegg med tilhøyrande omsynssone på Mork og i Volda sentrum.

## Fritidsbustad, sætrar og naust

### Arealstrategiar

- Nye område for fritidsbustader og naust skal i størst muleg grad utnytte eksisterande infrastruktur og organiserast i felt/naustrekker.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde.
- Vorar, småbåthamner og moloar skal fungere som fellesløysingar.
- Verdifulle setremiljø skal i størst muleg grad bevarast og nybygging av hytter skal i hovudsak plasseras i felt utanfor viktige setremiljø.

<b>Behov</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved å vidareføre det som er regulert i tidlegare planar, er det rikeleg areal avsett til fritidsbusetnad viss ein ser kommunen under eitt. Behov for å sjå nærare på om ein skal vurdere supplerande areal til fritidsbustad andre stader enn det som er sett av i tidlegare planar.</li> <li>• Behov for sikre viktige sætreområde.</li> </ul>
<b>Tiltak i planen</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lagt inn fem nye område for fritidsbusetnad/naust fem nye område for fritidsbusetnad. Føresegnene til arealdelen inneheld krav og retningslinjer knytt til hytter og naust.</li> <li>• Fem støylar har fått omsynssone med tilhøyrande føresegner.</li> </ul>
<b>Landbruk og næringsliv</b>
<b>Arealstrategiar</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.</li> <li>• Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.</li> <li>• Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.</li> </ul>
<b>Behov</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har behov for matjord og føreseielege driftsvilkår for landbruksnæringa.</li> <li>• Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnett og trasèar for kollektivtransport. Ein ynskjer også å planlegge for korte avstandar mellom målpunkt. Detaljhandel i Volda sentrum. Legge til rette for transformasjon av industribygg m.v. i sentrumsområda.</li> <li>• Behov for fleksibel arealbruk i sentrumsområda. Ynskjer å utvikle både Volda sentrum, Rotset og Furene til handelsområder. Behov for utvidingsareal til plasskrevjande varer på Furene.</li> <li>• Behov for å sikre at funksjonar som er i lokalsentra og på bygdene i dag har tilstrekkeleg areal og moglegheit for vidare utvikling.</li> <li>• Det er behov for å sjå nærare på areal til havbruksnæringa, og oppdatere plankarta etter dagens bruk.</li> <li>• Det er behov for sjønære næringsareal, m.a. for moglegheit for sjønær transport av ferdige produkt.</li> <li>• Det er behov for areal til massedeponi og masseuttak.</li> <li>• Det er eit potensiale i å legge til rette for fleire typar overnattings-, serverings- og servicetilbod knytt til reiselivsnæringa.</li> </ul>
<b>Tiltak i planen</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er lagt vekt på å verne om kjerneområde landbruk. Tiltak som har store negative konsekvensar for landbruket er i mange høve ikkje teke med i planen (jf. konsekvensutgreiinga).</li> <li>• På Mork-Furene er større landbruksareal (som også inngår i kjerneområde landbruk) teke inn i planen som bustad- og næringsareal. Her meiner ein at jordvernet må vike for andre viktige samfunnsinteresser. Samla sett er 83,33 daa landbruksareal omdisponert til framtidige utbyggingsformål.</li> <li>• Planen legg til rette for fortetting, og transformasjon m.a. i indre sentrumssone, som ein bevisst strategi for å legge til rette for auka utbygging her, framfor omdisponering av dyrka jord. Dette er avhengig av at ein aksepterar høgare arealutnytting og bustadtettleik.</li> <li>• Ein stor del dyrka jord er tatt ut av område for spreidd bustad og næring i LNF-område.</li> <li>• Furene: I tillegg til næringsareal i gjeldande reguleringsplanar, er det i arealplanen lagt til 73 daa til næringsformål, m.a. på sørsida av E39. Området kan nyttast til plasskrevjande varer. Areal til detaljhandel er ikkje auka her.</li> <li>• Det er lagt til rette for at funksjonar som er i lokalsentra og på bygdene i dag har tilstrekkeleg areal og moglegheit for vidare utvikling.</li> <li>• Område til havbruksnæringa er oppdatert etter dagens bruk og er gitt gode mulegheiter for vidareutvikling. I plankartet er nå areal til fortøyningar også vist, og ein har vurdert landsida knytt til dei ulike lokasjonane.</li> <li>• Det er teke inn sjønært næringsareal i Morkabygda.</li> <li>• Det er teke inn nye og noverande område til råstoffutvinning, inkludert noko utvidingsareal.</li> <li>• Det er teke inn eit mindre areal for deponering av masser. Det er også opna for at område BKB24 i Morkabygda kan nyttast som massedeponi.</li> <li>• Det er teke inn nokre få areal for utvikling av reiselivsnæringa.</li> </ul>

## Transport og kommunikasjon

### Arealstrategiar

- Sikre gode kommunikasjonar i regionen og kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Sikre infrastruktur som grunnlag for god kommunikasjon.
- Legge til rette for reduksjon av klimagass- utslipp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Utvikle eit funksjonelt trafikalt køyremønster med veg, gate og parkeringsstruktur som gjer det lett å orientere seg, er trygt for alle, og inviterer til å gå og sykle i/til sentrumskjernen.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.
- Utvikle Volda som kollektivknutepunkt og betre offentleg kommunikasjonstilbod.

### Behov

- Legge inn alternativer til fjordkryssing over Voldsfjorden.
- Behov for å sikre samanhengande grøntstruktur frå fjord til fjell, som også inkluderar ferdselsårer. Behov for å sikre andre viktige ferdselsårer.
- Behov for å sikre at gang-, sykkel- og kollektivtrafikk vert viktige utgreiingsområde i framtidige reguleringsplanar.
- Hovud- og lokalruter vist i "hovudnett for sykkel" bør implementerast i plankartet.
- Det er behov for å vurdere nye føresegner knytt til parkering både for bil, elbil og sykkel.
- Det er behov for å undersøkje om busstasjonen i Volda kan utnyttast meir effektivt.

### Tiltak i planen

- Konsekvensar for transport og trafikk har vore tema i konsekvensutgreiinga. Det er også teke omsyn til barnetrakkregistreringane i konsekvensutgreiingane.
- Det er to alternative krysningspunkt for bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden.
- "Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda" er vist i temakart Infrastruktur.
- Det er lagt vekt på å sikre grøntstruktur frå fjord til fjell.
- Det er i større grad lagt vekt på parkering for sykkel og elbil og redusert krav til parkeringsdekning for bil.
- Området ved busstasjonen er sett av til sentrumsformål i planen, og opner for at området kan utnyttast meir effektivt enn i dag.

## Grøntstruktur, friluftsliv og kultur

### Arealstrategiar

- Sikre og utvikle viktige natur- og friluftsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Sikre og vidareutvikle grøntstruktur i Volda sentrum med fokus på Utviklingsplanen og strategien "frå fjord til fjell".
- Sikre viktige kulturmiljø og kulturminne.

### Behov

- Behov for samanhengande grøntstruktur i buområda, mellom anna behov for å sikre koplingar mellom fjord og fjell.
- Behov for å sette ei byggegrense langs Øyraelva i Elvadalen.
- Behov for å sikre viktige friluftslivsområde og moglegheit for tilkomst til områda.
- Behov for å sikre areal til leikeplassar i gangavstand frå bustadar.
- Behov for å ta i vare strandsone med særlege kvalitetar.
- Behov for å sikre vitige bygningsmiljø, kulturminne og kulturlandskap i planen.

### Tiltak i planen

- Kunnskap frå prosjektet "Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde" har vore nytta aktivt i konsekvensutgreiinga. I arealdelen er område registrert som viktige friluftslivsområde markert med omsynssone friluftsliv.
- I nokre område med arealformål grøntstruktur har ein utvida områda for å sikre tilkomst for ålmenta til areala. Fleire stader har ein også lagt inn areal til opparbeiding av parkeringsplass knytt til viktige utfartsområde.
- Sett av areal til fire nye kvartalsleikeplassar; i Andanesvegen, Martavegen, Prestegarden og i Rotsetfjøra.
- Det er sett inn føresegn knytt til byggegrenser langs sjø og vassdrag.
- Planen inneheld omsynssoner med føresegner knytt til landbruk, landskap, friluftsliv, grøntstruktur, bevaring naturmiljø og kulturmiljø.

# 7 PLANDOKUMENT/VEDLEGG

## Planomtale

Planomtalen gjer greie for føremål, hovudinnhald og verknadar av planframlegget, og viser korleis nasjonale og overordna mål og retningsliner er teke i vare, jf. pbl. § 4-2. Verknadar for miljø og samfunn, konsekvensutgreiing, er omtalt i planomtalen, men ligg i sin helheit som vedlegg.

## Plankart

Plankartet fastsetter framtidig arealbruk for område og er juridisk bindande jf. pbl § 11-6.

## Føresegner

Føresegner til planen er juridisk bindande og kjem i tillegg til tilhøva som er fastlagde i plankartet, jf. pbl. §11-6. De er og tatt inn retningsliner som ikkje er juridisk bindande. Dersom retningslinene må fråvikast skal dette grunngjevast.

## Konsekvensutgreiing

Inneheld ei konsekvensutgreiing av innspel om nye eller endra utbyggingsformål.

## ROS-analyse

Inneheld ei heilskapeleg ROS-analyse, og ROS analyse av nye utbyggingsområde.

Vedlegg:

- Naturfare
- Sårbare objekt 1
- Sårbare objekt 2
- Verksemdrisiko
- ROS-vurdering av innspel

## Temakart

Temakarta er ikkje juridisk bindande, men synleggjer ulike tema. Fylgjande temakart er utarbeidd:

- Grønstruktur
- Landbruk
- Infrastruktur
- Fritidsbusetnad setrar og naust

## Andre grunnlagsdokument

- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting
- Bustadbehov Volda sentrum (2020)
- Rettleiar for leike og aktivitetsområde
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar
- Behovsanalyse - areal til off. og privat tenesteyting
- Klimaendringar og arealplan
- Verdifulle sætremiljø
- Kjerneområde landbruk
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda
- Arbeidsdokument for kollektivtrafikk, elbil og sykkel
- Barnetrakk Vikebygda skule vår 2018
- Barnetrakk Volda haust 2017
- Kartlegging av snarveggar
- Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde
- Kartlegging av barnehagane sine nærturterreng
- Kommunedelplan for kulturminne
- Status og behov Furene

## Lenker

Plankart og plandokument kan ein finne her:

- [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)
- [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)
- [https://webhotel3.gisline.no/Webplan\\_1577/gl\\_planarkiv.aspx](https://webhotel3.gisline.no/Webplan_1577/gl_planarkiv.aspx)
- <http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2016005>





**Volda kommune**  
Stormyra 2  
6100 Volda

[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)  
Telefon: +47 70 05 87 00

